

HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Kommunestyresalen Herøy rådhus
Dato: 17.03.2016
Tid: **15:30 NB – merk tidspunkt.**

Mat kl. 15:00 i kantina

Møtet startar kl. 15:30 med informasjon om funn ved bruk av kommunekompasset . Håvard Moe frå KS vil møte og orientere. (Dette er viktig informasjon til bruk vidare i styringa av kommunen)

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til politisk sekretariat om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 10.03.2016

Camilla Storøy
Varaordfører

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 39/16	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 40/16	Protokoll frå førre møte.
PS 41/16	Referatsaker
PS 42/16	Delegerte saker
PS 43/16	Prosjekt 70022 - Leikanger skule og grendahus - tilbygg og rehabilitering - val av tilbydar
PS 44/16	Kommunedelplan for Herøy - Bustadpolitikk 2015-2019 - Eigengodkjenning av plan
PS 45/16	Strategisk rekrutteringsplan fastlegar 2015/2017
PS 46/16	Høyring - Forslag til nytt inntektssystem kommunar
PS 47/16	Arbeidsgjevarpolitikk i Herøy kommune
PS 48/16	Endring av valdag for folkerøysting kommunereform
PS 49/16	Teikning av aksjar i Rovdefjordbrua AS - utvida aksjekapital
PS 50/16	Kurante og prinsippielle saker.

Delegerte saker frå avdelingane

DS 55/16	Sigfred Sporstøl - 53/19 - tilbygg/samanbygging
DS 56/16	Rita Sævik - 22/76 - Endring kjellaretasjen
DS 57/16	Ingmar Jøsokbakke 87/4 - Løyve til rehabilitering av skorstein
DS 58/16	Martin O. Endresen 48/64 - Ferdigattest
DS 59/16	Mellombels bruksløyve - 34/244 - 2 og 4 etg.
DS 60/16	Sequoia as - 34/244 - Igangsettingsløyve midlertidig asylmottak for enslige mindreårige mellom 15-18 år
DS 61/16	ferdigattest - p-plass 29/89
DS 62/16	Lanternen as - 42/1 - 16 naust i 3 rekker med tilhøyrande anlegg
DS 63/16	Gunnar Myklebust - 37/146 - Rehabilitering av skorstein
DS 64/16	Kristoffer Velsvik Berge - 31/42 - Bruksendring garasjeloft
DS 65/16	Kystverket Midt-Norge - 25/19 - Molo
DS 66/16	Fosnavåg Butikkeiendom as - 38/2 m fl - Butikkbygg og tilhørande veganlegg
DS 67/16	Tømrer Service AS 31/112 - Mellombels bruksløyve
DS 68/16	Ferdigattest tilbygg - 79/129
DS 69/16	Barstadklær as - 37/222 - Tilbygg
DS 70/16	Fosnavåg Butikksenter as - 38/2 m fl - IG grunnarbeid
DS 71/16	Ferdigattest - 37/51
DS 72/16	Gnr 9 Bnr 120 - Frådeling av bebygde eigedomar Runde hamn.
DS 73/16	Tømrer Service as - 31/4 - Endring ansvarsrett
DS 74/16	Lennart Lillestøl - 60/71 m fl - Tilkomstveg
DS 75/16	Goksøyr Eiendom as - 33/67 2 etg - Bruksendring
DS 76/16	Ferdigattest - vassledningsanlegg
DS 77/16	Eli Leine Sæter - 37/385 - Altan
DS 78/16	Sequoia as - 34/244 - midlertidig

asylmottak for enslige mindreårige mellom
15-18 år

- | | |
|----------|---|
| DS 79/16 | Alf-Sigmund Hjelmeset 29/32 - Endring av
ansvarsrett og mindre fasadeendring |
| DS 80/16 | Tor Inge Sporstøl - 53/17 - Tilbygg |
| DS 81/16 | Gnr 37 Bnr 391 - Frådeling av tilleggsareal |
| DS 82/16 | Olav Lovis Tjervåg - 53/11 - 4 naust i rekke
og flytande bølgedempar |
| DS 83/16 | Magne Rødskar 83/93 - Ferdigattest |
| DS 84/16 | Torvholmen, Flåvær - Kjartan Spidsberg -
64/4 - Rammeløyve gjenreising av 3 bygg |

Referatsaker

RS 7/16	Skatteoppkrevjaren i Herøy - årsmelding 2015
RS 8/16	Utøvelse av eierskap Herøy Kommune
RS 9/16	Utøvelse av eierskap Herøy Kommune
RS 10/16	Protokoll frå Fylkesmøte 03.03.16 i KS Møre og Romsdal

PS 39/16 Godkjenning av innkalling og sakliste.

PS 40/16 Protokoll frå førre møte.

PS 41/16 Referatsaker

PS 42/16 Delegerte saker



Eigedomsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2015/1304
		Arkiv:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
6/16	Plan og byggenemnd	07.03.2016
53/16	Formannskapet	08.03.2016
43/16	Kommunestyret	17.03.2016

PROSJEKT 70022 - LEIKANGER SKULE OG GRENDAHUS - TILBYGG OG REHABILITERING - VAL AV TILBYDAR

Møtebehandling:

Saka vart behandla fyrst i møte.

Olaug Andreassen reiste habilitetsspørsmål. Ho har som hovedverneombod vore med å behandle saka i Plan- og byggenemnda. Ho går frå under handsaming av habilitet.

Olaug Andreassen vart samrøystes kjend habil.

Folkelista/Senterpartiet v/Kjell Runde kom med framlegg om slik endring i tilrådinga:

Kr. 1.372.000.-. vert finansiert med låneopptak.

Det vart røysta slik:

Rådmannen si tilråding – fall mot 9 røyster.

Framlegget frå Folkelista/Senterpartiet vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 08.03.2016

1. Kommunestyret tek val av tilbydar for hovudentreprise for prosjekt 70022 – Leikanger skule og grendahus – tilbygg og rehabilitering til vitande.
2. Kommunestyret vedtek slik tilleggsfinansiering for prosjektet:

Prosjekt	Endring	Beløp
----------	---------	-------

61506	Omdisponering til prosjekt 70022	500 000,-
70018	Omdisponering til prosjekt 70022	1 128 000,-
70022	Låneopptak	1 372 000,-
Oppfinansiering av prosjekt 70022		3 000 000,-

Møtebehandling:

Plan og byggenemnda kom med slikt samrøystes framlegg:

3. Kommunestyret tek val av tilbydar for hovudentreprise for prosjekt 70022 – Leikanger skule og grendahus – tilbygg og rehabilitering til vitande.
4. Kommunestyret vedtek oppfinansiering av prosjekt 70022, stort kr 3 000 000,-
Oppfinansiering vert finansiert ved låneopptak.

Dersom låneopptak ikkje vert vedteke, er plan- og byggnemnda samd i tilrådinga frå rådmann om omprioritering av løyvde investeringsmidlar frå prosjekt 70018 og 61504 samt nedskalering av prosjektet i tråd med rådmannen si tilråding.

Tilråding i Plan og byggenemnd - 07.03.2016

1. Kommunestyret tek val av tilbydar for hovudentreprise for prosjekt 70022 – Leikanger skule og grendahus – tilbygg og rehabilitering til vitande.
2. Kommunestyret vedtek oppfinansiering av prosjekt 70022, stort kr 3 000 000,-
Oppfinansiering vert finansiert ved låneopptak.

Dersom låneopptak ikkje vert vedteke, er plan- og byggnemnda samd i tilrådinga frå rådmann om omprioritering av løyvde investeringsmidlar frå prosjekt 70018 og 61504 samt nedskalering av prosjektet i tråd med rådmannen si tilråding.

Tilråding:

5. Kommunestyret tek val av tilbydar for hovudentreprise for prosjekt 70022 – Leikanger skule og grendahus – tilbygg og rehabilitering til vitande.
6. Kommunestyret vedtek slik tilleggsfinansiering for prosjektet:

Prosjekt	Endring	Beløp
----------	---------	-------

61506	Omdisponering til prosjekt 70022	500 000,-
70018	Omdisponering til prosjekt 70022	1 128 000,-
70022	Endring av prosjektet	1 372 000,-
Oppfinansiering av prosjekt 70022		3 000 000,-

Særutskrift:

Eigedomsavdelinga
Skuleavdelinga
Barnehageavdelinga
Hovudverneombodet
Økonomiavdelinga

Vedlegg:

Uprenta vedlegg

1. PBN-sak 03/16
2. Prosjekt 70022 - konkurransegrunnlag

Saksopplysninger:

Saka gjeld val av tilbyder i prosjekt 70022 – Leikanger skule og grendahus – tilbygg og rehabilitering.

Bakgrunn

Plan- og byggenemnda gjorde i PBN-sak 03/16 den 01.02.2016 slikt vedtak:

1. Plan –og byggenemnda tek orienteringa om prosjekt 70022 Leikanger skule og grendahus – tilbygg og rehabilitering – til vitande og godkjenner slik vekting av tilbydarar i anbudskonkurranse hovudentreprise:
 - a. Pris 60 %
 - b. Framdrift og byggetid 40 %

Vedtaket la grunnlaget for eigedomsavdelinga sitt vidare arbeid med prosjektet.

Anbudskonkurranse:

Kommunen utlyste anbudskonkurranse på Doffin 04.02.2016 med frist for å levere inn tilbod 25.02.2016, sjå konkurransegrunnlaget i uprenta vedlegg 2.

Det kom inn 3 tilbod innan fristen, i uprioritert rekkefylgje, slik:

- Riise Bygg AS
- Prosjektbygg AS
- Christie & Opsahl AS

Ingen tilbydarar leverte tilbod etter fristen.

Kommunen har i tida etter tilbodsfristen gjennomført forhandlingar med tilbydarane. Forhandlingane medførte ikkje nokon vesentlege justeringar i pris eller framdrift hos nokon av tilbydarane.

Val av tilbydar

Tilbydarane er er veka i samsvar med konkurransegrunnlaget, slik:

- | | | |
|-----------------------|---|---------|
| 1. Prosjektbygg AS | - | 9,99 p. |
| 2. Riise Bygg AS | - | 8,75 p. |
| 3. Christie Opsahl AS | - | 7,40 p. |

Framdriftsplanen for dei ulike tilbydarane har vore utslagsgivande for val av tilbydar då tilbodsprisane elles hadde marginale ulikheiter.

Byggekostnad

Prosjektet er i budsjett 2016 finansiert slik:

Budsjett	Prosjekt 70022	Beløp
Budsjett 2015	Kommunalt låneopptak	350 000,-
	Omdisponering av løyvde budsjettmidlar	500 000,-
Budsjett 2016	Kommunalt låneopptak	11 450 000,-
	Tilskot frå Leikanger grendalag	1 000 000,-
SUM		13 300 000,-

Kostnadskalkylen er etter anbudskonkurranse hovudentreprise estimert til:

Kostnadskalkyle	Prosjekt 70022	Beløp
Prosjektleiing	Eigedomsavdelinga	751 146,-
Prosjektering	Ose Ingeniørkontor AS	170 000,-
Grunnentreprise	Aurvoll og Furesund AS	2 000 000,-
Hovudentreprise	Prosjektbygg AS	11 852 011,-
Inventar og utstyr	Rammeavtale	665 000,-
Delsum		15 438 157,-
Rekneskap 2015	Prosjektering og prosjektleiing	851 843,-
Totalsum		16 290 000,-
Finansierungsbehov		3 000 000,-

Undervegs i prosjekteringa er det avdekka dårlege grunnforhold i det område som tilbygget skal oppførast i. Det er av denne grunn behov for ei forsterking av byggets primærkonstruksjon og underetasje i tillegg til at sjølve grunnarbeidet vil få høgre kostnad enn tidlegare forutsatt. Grunnentreprisen er difor det mest usikre kostnadselementet i kalkyla ovanfor.

Kalkyle for prosjektleiing omfattar også uføresette kostnadar, estimert til om lag kr. 150 000.

Oppfinansiering eller nedskalering av prosjektet

Basert på kalkyla ovanfor må prosjektet anten oppfinansierast og/eller nedskaleraast i omfang. Oppfinansiering kan løyast gjennom nye låneopptak og/eller omdisponering av overførte midlar frå budsjett 2015.

Rådmannen kan i den samanheng tilrå omdisponering av budsjettmidlar for prosjekt 70018 – Enøk-tiltak og prosjekt 61506 – flytting av frivillegsentralen.

Det er i budsjett 2016 løyvd kr. 1 mill. til investeringar i enøk-tiltak i kommunale bygg. Saman med overførte løyvingar frå 2015-budsjettet, er det disponibelt totalt kr. 1 837 363 til enøk-tiltak.

Rådmannen vil i løpet av våren 2016 fremme sak til kommunestyret om EPC-kontrakter. Dette er det viktigaste enøk-tiltaket i Herøy kommune i inneværande økonomiplanperiode og vil i fyrste fase krevje om lag kr. 500 000,- til prosjektleiing, prosjektering og kartlegging. Rådmannen kan difor tilrå omdisponering av totalt kr. 1,2 mill. frå prosjekt 70018 til 70022.

Budsjett	Prosjekt 70018	Beløp
Budsjett 2016	Kommunalt låneopptak	1 000 000,-
	Overførte midlar frå budsjett 2015	837 363,-
SUM		1 837 363,-
Omdisponering	Overføring til prosjekt 70022	- 1 128 000,-
SUM	ENØK-tiltak	709 363,-

Det vart i budsjett 2015 løyvd kr. 500 000 til flytting av Frivillegsentralen frå innleigde lokale til Herøy kulturhus. Desse midlane er gjennom kommunestyrets vedtak av budsjett 2016 flytta over til 2016 i si heilheit, då prosjektmidlane ikkje er nytta. Samstundes er det i budsjett 2016 løyvd kr. 2 900 000,- til mindre ombygging av Herøy kulturhus. Ombygginga omhandlar både flytting av IKT-sentralen til nye lokale i underetasjen i kulturhuset samt oppgradering av ytterdører og låssystem i bygget.

Rådmannen vil fremme eiga sak til formannskapet om innleige av lokale til IKT-avdelinga andre stadar enn Kulturhuset. Behovet for investeringsmidlar for kulturhuset reduserast difor tilsvarande. Samstundes vurderer ikkje eigedomsavdelinga det som naudsynt å avsette kr. 500 000 for tilpassing av eksisterande IKT-lokale til lokale for Frivillegsentralen. Rådmannen tilrår difor slik omdisponering av investeringsmidlar frå prosjekt 61506:

Budsjett	Prosjekt 61506	Beløp
Budsjett 2016	Overførte midlar frå budsjett 2015	500 000,-
SUM		500 000,-
Omdisponering	Overføring til prosjekt 70022	- 500 000,-
SUM	Flytting av Frivillegsentralen	0,-

Basert på ovanende kalkyler og omdisponering er det fortsatt behov for ytterlegare låneopptak og/eller nedskalering av prosjektet. Rådmannen kan tilrå slik nedskalering:

Tiltak	Endring	Beløp
Finansieringsbehov		3 000 000,-

Prosjektendringar	Endring takoverbygg hovudinngang	- 209 439,-
	Fasaderehabilitering utgår	- 991 561,-
	Utsifting av ventilasjonsaggregat utgår	- 171 000,-
Revidert finansiering		1 628 000,-
Omdisponering	Overføring frå prosjekt 70018	1 128 000,-
	Overføring frå prosjekt 61506	500 000,-
Restbeløp		0,-

Basert på ovannemnde kalkyler, forslag til omdisponering av lånemidler og forslag til nedskalering av prosjektet er det ikkje behov for ytterlegare låneopptak for prosjektet pt.

Vidare framdrift

Saka vert oversendt formannskapet og kommunestyret for endeleg handsaming 17.03.2016. Forutsatt at kommunestyrets vedtak gir grunnlag for vidare arbeid med prosjektet, er framdriftsplan for prosjektet slik:

Milepæl	Dato
Signering av kontrakt – hovudentreprise	18.03.2016
Oppstart grunnentreprise	29.03.2016
Oppstart hovudentreprise	18.04.2016
Overlevering til byggherre	05.09.2016
Overlevering til ordinær drift	05.09.2016

Vurdering og konklusjon:

Kommunen har gjennomført anbodskonkurranse for hovudentreprise i prosjekt 70022 – Leikanger skule og grendahus – tilbygg og rehabilitering. Val av tilbydar fyl av konkurransegrunnlagets tilbodskriterium. Rådmannen rår difor plan- og byggenemnda om å ta val av tilbydar til vitande.

Prosjektet får i oppdaterte kalkyler ein høgre byggekostnad enn opphavleg forutsatt. Prosjektet må difor enten oppfinansierast og/eller nedskalrast.

Rådmannen meiner i utgangspunktet at prosjektet bør gjennomførast som opphavleg planlagt. Dette vil vere det beste for brukarane og vil også redusere vedlikehaldsbehovet for eigedomsavdelinga i åra som kjem, noko som er positivt for driftsbudsjettet.

Sidan den økonomiske situasjonen likevel er anstrengt, har kommunestyret etter rådmannen si oppfatning valet mellom å nedskalere prosjektet og eventuelt også omdisponere allereie løyvde investeringsmidlar.

Rådmannen vil i løpet av våren 2016 fremme sak om EPC-kontrakter. Det er difor ikkje behov for ei like stor avsetning til enøk-investeringar inneverande år som opphavleg avsett. Saman med omdisponering av overførte midlar frå 2015 for flytting av frivilligsentralen, peiker såleis rådmannen på ei løysing for finansieringsbehovet som ikkje inneber ytterlegare låneopptak.

Konsekvensar for folkehelse:

Utsifting av ventilasjonsaggregat vil ha positiv innverknad på inneklimaet i skulebygget.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen særleg konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Nedskalering av prosjektet vil påføre eigedomsavdelinga driftskostnadar til løpande drift og vedlikehald av bygget. Ytterlegare låneopptak vil belaste driftsbudsjettet tilsvarande. Samstundes vil fasaderehabilitering og utskifting av ventilasjonsaggregat redusere driftsutgiftene for bygget. Gjennomføring av desse tiltaka på eit seinare tidspunkt vil også verte dyrare grunna auka kostnadar til rigg og drift samt generell prisauke.

Fosnavåg, 04.03.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Robert Myklebust
Eigedomsleiar

Sakshandsamar: Prosjektleiar Rolf-Henning Skrede Hide



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2013/442
		Arkiv:	L71

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
48/16	Formannskapet	08.03.2016
10/16	Komite for Helse og omsorg	10.03.2016
44/16	Kommunestyret	17.03.2016

KOMMUNEDELPLAN FOR HERØY - BUSTADPOLITIKK 2015-2019 - EIGENGODKJENNING AV PLAN

Møtebehandling:

Eigedomsleiaren møtte og orienterte.
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 08.03.2016

Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-15 å eigengodkjenne *Kommunedelplan for Herøy – bustadpolitikk 2015-2019*, sist revidert 24.2.2016.

Tilråding:

Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-15 å eigengodkjenne *Kommunedelplan for Herøy – bustadpolitikk 2015-2019*, sist revidert 24.2.2016.

Særutskrift:

Møre og Romsdal fylkeskommune,	Postboks 2500,	6404 MOLDE
Fylkesmannen i Møre og Romsdal,	Postboks 2520,	6404 MOLDE
Husbanken	Postboks 1404,	8002 BODØ
Barnerepresentanten i Herøy	her	
Eldrerådet i Herøy	her	
Ungdomsrådet i Herøy	her	
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	her	

Vedlegg:

1 Kommunedelplan for Herøy - Bustadpolitikk 2015-2019

Saksopplysningar:

Planprosess for kommunedelplan for bustadpolitisk arbeid:

Utvalssak	Utval m.m	Emne	Dato
54/13	Kommunestyret	Vedtak om oppstart med planprogram	25.4.2013
Høyring av planprogram: 1.7.2011-26.8.2011			-
102/14	Formannskapet	Stadfesting av planprogram	10.6.2014
167/15	Formannskapet	Vedtak om offentlig ettersyn	8.9.2015
18/15	Komite for helse og omsorg	Uttale til plan før offentlig ettersyn	10.9.2015
Høyring av kommunedelplan i perioden: 25.9.2015-13.11.2015			-
	Komite for helse og omsorg	Uttale til plan og innstilling	10.3.2016
	Formannskap	Uttale til plan og innstilling	8.3.2016
	Kommunestyret	Eigengodkjenning av kommunedelplan	17.3.2016

I høyringsperioden har det kome inn to fråsegner:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 11.11.2015 har ingen merknadar til planen.

Møre og Romsdal fylkeskommune datert 11.11.2015 har ingen merknadar til planen.

Utdrag frå kommunedelplanen:**Føremål og organisering**

Planen gjeld bustadpolitiske spørsmål generelt og bustadsosiale spørsmål spesielt og fastset fylgjande hovudmålsetjing for bustadpolitikken:

Alle skal ha ein god og trygg stad å bu

Eigedomsavdelinga har leia planarbeidet i samarbeid med ei arbeidsgruppe, referansegruppe og styringsgruppe.

Arbeidsgruppa er samansett av representantar frå pleie- og omsorgsavdelinga, bu- og habiliteringsavdelinga, NAV Herøy, barn, familie og helseavdelinga og eigedomsavdelinga samt dei politiske representantane Ole Brubakk (KRF) og Fred

Hansen (H). Rådmannen si leiargruppe har vore referansegruppe for planarbeidet. Helse- og omsorgskomiteen har vore styringsgruppe.

Kommunale utleigebustadar

Kommunen har 140 utleigebustadar. Samtlege er reservert vanskelegstilte grupper av ulik grad. Av desse bueiningane er 34 kategorisert som gjennomgangsbustadar medan 106 bueiningar er kategorisert som omsorgsbustadar.

Gjennomgangsbustadar skal vere eit mellombels butilbod for vanskelegstilte som ikkje klarer å skaffe seg bustad sjølv. Leigetida er i utgangspunktet tidsavgrensa til 3 år. Omsorgsbustadar er eit permanent butilbod til vanskelegstilte personar som ikkje kvalifiserar til institusjonsbasert omsorg.

Herøy kommune har færre bustadar til utleige enn nabokommunane. Mange av bustadane er også i dårleg teknisk stand, uhensiktsmessig store og tidvis ueigna for den aktuelle brukergruppa. Bustadane er lokalisert til Bergsøy, Frøystad og Tjørvåg og ikkje nødvendigvis optimalt plassert i forhold til offentleg transport og tenestetilbodet.

Behovet for nye bustadar er primært knytta til gjennomgangsbustadar for brukergrupper under barn-, familie- og helseavdelinga. Avdelinga melder eit behov for fleire og mindre bueiningar med sentrumsnær plassering. Pleie- og omsorgsavdelinga og bu- og habiliteringsavdelinga har ikkje meldt behov for fleire bustadar i planperioda.

Samanfatning og konklusjon

Herøy kommune har i dag 140 utleigebustadar rundt i kommunen. Mange av desse er ikkje tilpassa dagens brukarar og ein ser det derfor som føremålsteneleg å selje seg ut av fleire av desse og reinvestere midlane i nye og meir tilpassa bustadar. Gjennom planarbeidet har ein kome til at kommunen kan selje 30 bueiningar og bruke midlane til å reinvestere i 18 nye einingar. Det er føreset at kommunen sel bustadane til dei som bur der i dag for å såleis ikkje forverre forholdet mellom behov for bustadar og tilgjengelege bustadar.

Dei bustadsosiale verkemiddela

Forvaltninga av utleigebustadane er prega av langvarig og statisk eigarskap og tilsvarande utleige til leigetakarar på kort eller lang sikt. Likeins gjeld for andre økonomiske virkemiddel, som startlån, tilskot til etablering og/eller tilpassing og butilskot. Det er rom for å hente ut synergieffektar gjennom betre og meir samordna forvaltning av virkemiddela, mellom anna auka gjennomstrøyming i gjennomgangsbustadane.

Kommunen må vurdere behovet for fleire utleigebustadar, kva type bustad dette skal vere og kven som skal ha prioritet ved tildeling. I framtida kan det i større grad vere aktuelt å tilby utleigebustadar til unge nyetablerarar. Då bør også ulike modellar for utleige vurderast, mellom anna leige til eige-modellar.

Konklusjon

Kommunens butilbod er avgrensa til bustadsosiale grupper. Kommunen bør vurdere å utvide butilbodet til å omfatte også unge nyetablerarar og arbeidsinnvandrarar.

Kommunens strategi for utbygging av kommunalt butilbod må ta omsyn til fylgjande spørsmål:

1. Kva brukergrupper skal kommunale bustadar nyttast til?
2. Korleis skal kommunen forvalte utleigebustadane?
3. I kva grad skal ulike brukergrupper samlokalisast?
4. I kva grad skal butilbod sjåast i samanheng med dagtilbod og tenestetilbod?
5. I kva grad skal ulike brukergrupper integrerast i eksisterande bumiljø?
6. I kva grad kan butilbod løysast gjennom samarbeid med private aktørar?

I utgangspunktet vil verken privatpersonar eller foretak gjennomføre bustadpolitikken med mindre privatøkonomiske vurderingar tilseier dette. Kommunen har difor primæransvaret for bustadpolitikken. Samstundes har næringslivet fokus på sitt samfunnsansvar for den vidare utviklinga av Herøy kommune som bu- og arbeidsmarknad.

Kommunen bør difor i planperioden vurdere vidare utvikling av bustadpolitikken i samarbeid med dei private aktørane på bustadmarknaden og med utgangspunkt i ei meir aktiv forvaltning av utleigebustadane som bustadpolitisk ressurs. Til dømes kan sal av utleigebustadar frigjere kapital til reinvestering i nye og meir tilpassa bustadar for dei brukargrupper kommunen vel å prioritere.

Investeringane kan gjennomførast i kommunal regi eller i samarbeid med dei private aktørane, til dømes gjennom eit felles investeringsselskap med mandat til å auke tilgangen på utleigebustadar og sikre bukvalitet og bulyst i utvalgte satsingsområde av kommunen.

Strategi

Fylgjande strategi ligg til grunn for arbeidet for å nå hovudmålsetjinga:

1. *Herøy kommune sin bustadpolitikk skal vere heilskapleg og nyskapande og gjennomførast i samarbeid med næringslivet. Det bustadsosiale arbeidet skal vere ein integrert del av bustadpolitikken.*
2. *Herøy kommune skal gjennom kommuneplanens arealdel og ulike reguleringsplanar legge til rette for bustadbygging i alle bygdelag.*
3. *Herøy kommune skal som byggesaksmyndigheit og planmynde sikre bukvalitet for alle og heilskapleg samfunnsutvikling.*
4. *Herøy kommune skal som tilretteleggar, koordinator og utbygger vurdere ulike former for samarbeid med grunneigarar og utbyggerar for å sikre realiseringa av planlagde prosjekt.*
5. *Herøy kommune skal gjennom planarbeid og samarbeid om utbygging, særleg arbeide for ei bærekraftig vidareutvikling av Fosnavåg sentrum.*
6. *Kommunale bustadtomter skal selgast til marknadsverdi, alternativt til redusert marknadspris og utbyggingsvilkår som bidreg til auka bukvalitet og attraktivitet.*
7. *Kommunale bustader skal vere eit mellombels tilbod og kombinerast med bustadsosiale tenester som medverkar til at einskildmennesket tek ansvar for eige liv.*

8. Herøy kommune skal selge utleigebustadar til leigetakarane til takst og reinvestere eventuell salsgevinst i nye byggeprosjekt for å sikre vidareutviklinga av bustadmassen, herunder auka tilgang på kommunale utleigebustadar.

Handlingsplan

1	Organisatoriske tiltak	Ansvar	Oppstart/år
1.1	Retningslinjer for tildeling av kommunal bustad	EIG, PO, BuHad, BFH	2016
1.2	Revisjon av standardkontrakt for kommunal utleigebustadar	EIG	2016
1.3	Revisjon av retningslinjer for tildeling av startlån	EIG	2016
1.4	Revisjon av retningslinjer for tildeling av tilskot til tilpasning og etablering	EIG	2016
1.5	Utarbeiding av buopplæringspakke for kommunale leigetakarar	EIG, PO, BuHab, BFH	2016
1.6	Samarbeidsavtale mellom eigedomsavdelinga og dei tildelande einingane om tildeling av bustad, organisatorisk oppfølging og økonomisk virkemiddelbruk	EIG, PO, BuHab, BFH	2016
1.7	Utarbeiding av prinsippmodell for utbygging av kommunalt og privat butilbod	EIG, UTV	2016

2	Særleg om sal av eigedom	Ansvar	Oppstart/år
2.1	Sal av 1 bueining i Eggesbøvegen 53 A	EIG	2016
2.2	Sal av 4 bueiningar i Storenesvegen 30-36	EIG	2016
2.3	Sal av 2 bueiningar i Solbergvegen 2-4	EIG	2017
2.4	Sal av 2 bueiningar i Solbergvegen 6-8	EIG	2017
2.5	Sal av 2 bueiningar i Trolldalsvegen 16-18	EIG	2018
2.6	Sal av 2 bueiningar i Trolldalsvegen 20-22	EIG	2018
2.7	Sal av 12 bueiningar i Holmsild gata 16	EIG	2018
2.8	Sal av 3 bueiningar i Igesundvegen 21	EIG	2018

3	Kommunale byggeprosjekt	Ansvar	Oppstart/år
3.1	Buholmlinja 20 - 6 bueiningar	EIG	2016
3.2	Eggesbøvegen 20 - 6 bueiningar	EIG	2017
3.3	Tjørvgåvegen 274-276 - 6 bueiningar	EIG	2018

Vurdering og konklusjon:

Kommunedelplan for Herøy – bustadpolitikk 2015-2019 gir ei oversikt over status for bustadsituasjonen i kommunen i dag med forslag til tiltak. Planen skal no godkjennast og den vil vere politisk bindande og vere eit styringsverktøy for dei avdelingane som vert berørt av planen. Særleg gjeld dette Eigedomsavdelinga som vil nytte dette verktøyet i forhold til drift og planlagde investeringstiltak.

Vedtak av kommunedelplanen gir eit mandat til administrasjonen om å realisere tiltak i handlingsplanen på best mogleg vis. Når det gjeld sal av dei ulike bueiningane må dette sjåast i samanheng med strategi for vidare utbygging av kommunalt butilbod og sal skal fortrinnsvis tilbydast til eksisterande leigetakarar.

Konsekvensar for folkehelse:

Planen kan ha positive konsekvensar for folkehelsa på individnivå. Planen kan gjere det enklare for dei som er aktuelle for ein kommunal bustad å få tilbod om dette. Det vil også vere positivt for den einskilde som går frå å leige kommunal bustad til å eige sin eigen bustad.

Konsekvensar for drift:

Planen kan ha positive konsekvensar for drift av kommunale bustadar då planen legg opp til å selje bustadar som krev mykje vedlikehald og reinvesterar midlane i nye leiligheiter som ikkje krev like mykje vedlikehald

Rådmannen rår derfor til at kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-15 å eigengodkjenne *Kommunedelplan for Herøy – bustadpolitikk 2015-2019*.

Fosnavåg, 24.02.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann


Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

KOMMUNEDELPLAN FOR

HERØY -

BUSTADPOLITIKK 2015 - 2019



Herøy kommune

Sist revidert 24.2.2016	
Vedtak om oppstart med planprogram i Kommunestyret	25.4.2013, K-sak 54/13
Stadfesting av planprogram i Formannskapet	10.6.2014, F-sak 102/14
Vedtak om utlegging til offentlig ettersyn,	8.9.2015, F-sak 167/15
Offentlig ettersyn i perioden 25.9. – 13.11.2015	
Kommunedelplanen er vedteken i Kommunestyret	xx.xx.xxxx, K-sak xx/xx
PlanID	1515 2013 02



INNHALD

1 SAMANDRAG OG BESKRIVING AV PLANARBEIDET	3
1.1 Samandrag	3
1.2 Planarbeidet	4
1.3 Avgrensing	4
1.4 Rullering	5
2 BAKGRUNN	5
2.1 Innleiing	5
2.2 Folketalsutvikling og befolkningsprofil	5
2.3 Næringslivsutvikling	7
2.4 Bustadmarknaden	8
3 BUSTADPOLITIKK	10
3.1 Innleiing	10
3.2 Rammevilkår	10
3.3 Bustadpolitiske verkemiddel	13
3.4 Særleg om bustadsosialt arbeid	14
3.4.1 Innleiing	14
3.4.2 Vanskelegstilte på bustadmarknaden	14
3.4.3 Organisering av det bustadsosiale arbeidet	15
3.4.4 Bustadsosiale verkemiddel	16
4 SAMANFATTING OG KONKLUSJON	18
5 MÅLSETTING, STRATEGI OG HANDLINGSPLAN	23
5.1 Målsetting	23
5.2 Strategi	23
5.3 Handlingsplan	24



1 SAMANDRAG OG BESKRIVING AV PLANARBEIDET

1.1 Samandrag

Herøy kommune fekk sin fyrste kommunedelplan for bustadsosialt arbeid i 2008. Planen er no revidert for perioda 2015 til 2019 som ny kommunedelplan for bustadpolitikk.

Planen gjeld bustadpolitiske spørsmål generelt og bustadsosiale spørsmål spesielt og fastset følgjande hovudmålsetjing for bustadpolitikken:

Alle skal ha ein god og trygg stad å bu

Handlingsplanen følgjer opp målsetjinga etter følgjande strategi:

- 1. Herøy kommune sin bustadpolitikk skal vere heilskapleg og nyskapande og gjennomførast i samarbeid med næringslivet. Det bustadsosiale arbeidet skal vere ein integrert del av bustadpolitikken.*
- 2. Herøy kommune skal gjennom kommuneplanens arealdel og ulike reguleringsplanar legge til rette for bustadbygging i alle bygdelag.*
- 3. Herøy kommune skal som byggesaksmyndigheit og planmynde sikre bukvalitet og heilskapleg samfunnsutvikling.*
- 4. Herøy kommune skal som tilretteleggar, koordinator og utbygger vurdere ulike former for samarbeid med grunneigarar og utbyggerar for å sikre realiseringa av planlagde prosjekt.*
- 5. Herøy kommune skal gjennom planarbeid og samarbeid om utbygging, særleg arbeide for ei bærekraftig vidareutvikling av Fosnavåg sentrum.*
- 6. Kommunale bustadtomter skal selgast til marknadsverdi, eller til redusert markedspris på utbyggingsvilkår som bidreg til auka bukvalitet i utbyggingsområdet.*
- 7. Kommunale bustader skal vere eit mellombels tilbod og kombinerast med bustadsosiale tenester som medverkar til at einskildmennesket tek ansvar for eige liv.*



8. *Herøy kommune skal selge kommunale gjennomgangsbustadar til leigetakarane til takst og reinvestere salsgevinsten i nye byggeprosjekt for å vidareutvikle butilbodet i kommunen, herunder sikre ein auka tilgang på kommunale gjennomgangsbustadar.*

1.2 Planarbeidet

Eigedomsavdelinga har leia planarbeidet i samarbeid med ei arbeidsgruppe, referansegruppe og styringsgruppe.

Arbeidsgruppa er samansett av representantar frå pleie- og omsorgsavdelinga, bu- og habiliteringsavdelinga, NAV Herøy, barn, familie og helseavdelinga og eigedomsavdelinga samt dei politiske representantane Ole Brubakk (KRF) og Fred Hansen (H). Rådmannen si leiargruppe har vore referansegruppe for planarbeidet. Helse- og omsorgskomiteen har vore styringsgruppe.

Planen skal ifylgje planprogrammet:

1. kartlegge hovudutfordringar innanfor det bustadsosiale feltet
2. kartlegge bustadsosiale oppgåver som fylgje av samhandlingsreforma
3. kartlegge utfordringar knytt til eksisterande bustadmasse samt synleggjere moglegheiter for omdisponering for mest mogleg formålstenleg bruk
4. foreslå strategi for utbygging av butilbod basert på målgruppe
5. foreslå korleis Husbankens verkemiddel kan nyttast for å fremje måloppnåing knytt til utbygging av dagtilbod
6. vurdere interkommunale løysingar for utvikling av dagtilbod for små brukargrupper, der ein vil tene på å ha større fagmiljø

For å sikre ein heilskapleg innfallsvinkel til fagfeltet er planen utvida til å omfatte bustadpolitikken generelt. Kommunestyret vart orientert om dette i møte 25.9.2014 etter føregåande drøftingar med styringsgruppa og referansegruppa.

Arbeidsgruppa har arrangert ope møte undervegs i planprosessen med særleg invitasjon til eldrerådet, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, ungdomsrådet, barn og unge sin representant og bulystprosjektet.

Arbeidsgruppa har også arrangert dagsseminar om bustadmarknaden og halvdagsseminar om brannsikring av utleigebustadar, i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune og KLP Skadeforsikring AS.

1.3 Avgrensing

Kommunedelplanen må særleg sjåast i samanheng med og avgrensast mot:

- Kommuneplanen for Herøy - 2013-2025



- Kommunedelplan for helse- og omsorg - 2013-2020
- Strategisk næringsplan - 2016-2020 (under revidering)
- Rusmiddelpolitisk handlingsplan (under revidering)
- Strategi for investering, drift og vedlikehald av kommunale bygg

1.4 Rullering

Planen rullerast kvart fjerde år, fyrste gong i 2019. Handlingsplanen rullerast kvart andre år, fyrste gong i 2017.

2 BAKGRUNN

2.1 Innleiing

Folketalsutvikling og befolkningsprofil, næringslivsutvikling og utviklinga i bustadmarknaden er viktige premissleverandørar til bustadpolitikken.

2.2 Folketalsutvikling og befolkningsprofil


Herøy kommune hadde 8 958 innbyggjarar i fyrste kvartal 2015, ei auke frå 8 349 innbyggjarar i 2009.

Arbeidsinnvandring, særleg frå Polen, Litauen og Tyskland, er og har vore ein avgjerande brikke i folketalsveksten. I 2014 utgjorde såleis innvandrarbefolkninga omlag 10 % av folketalet i Herøy, lik fylkessnittet men under landssnittet på 15 %.



Folketilveksten i Møre og Romsdal etter type siste 10 åra, 1.1 2003-2013

Kjelde: SSB



Kartet ovanfor syner folketilveksten i perioda 2003-2013. I fylkesstatistikken for Møre og Romsdal 2014 er kommunen presentert som ei kommune utan vekst. Dette skuldast inga endring i folketalet frå 2013 til 2014.

Folkeveksten fram mot 2024 er for Herøy kommune venta å ligge mellom 5 og 10 %, føresett ei arbeidsinnvandring på same nivå som i dag.


Tal frå Statisk sentralbyrå syner at aldersgruppene 70-79 år og 80+ nær doblar seg fram mot 2040 medan dei yngre aldersgruppene har liten vekst eller reduksjon. Den sterke veksten i aldersgruppa 80+ er venta frå omlag år 2024.

Aldersgruppe	2014	2040	Endring
0 - 24 år	2 807	2 737	- 2,49 %
25 - 34 år	981	1 041	6.73 %
35 - 44 år	1 227	1 222	- 0.41 %
45 - 69 år	2 762	2 951	6,84 %
70 - 79 år	594	1 050	76.77 %
80+	476	862	81.09 %
Sum	8 847	9 863	11.48 %



Aldersutviklinga er i stor grad lik utviklinga i fylket elles og skuldast at dei store etterkrigskulla vert eldre og den generelle levealderen høgere.

Andelen som bur åleine er lågare i Herøy enn for landet elles. Denne hushaldsgruppa er likevel størst i Herøy, fulgt av par utan heimebuande barn på andre plass og par med store barn (6 til 17 år) på tredje plass.



2.3 Næringslivsutvikling

Herøy kommune er eit nasjonalt tyngdepunkt innanfor maritime næringar og eit tyngdepunkt i fylket innanfor fiskeri og havbruk. Omlag 100 offshorefartøy med Herøy som hamn sysselset såleis omlag 3000 personar.

Næringsstruktur




Sysselsettingstala omfattar ikkje sysselsette i verftsindustrien og hos dei ulike landbaserte underleverandørane.

2.4 Bustadmarknaden

Fylkesstatistikken for 2014 syner at talet på igangsette bustadprosjekt i Herøy er variabel og blant dei lågaste i vår region for perioda 2011 til 2013. I løpet av desse 3 åra er det igangsett 142 bustadprosjekt i kommunen. Tilsvarende tal for dei andre kommunane er slik: Ulstein (391), Volda (203), Ørsta (149), Hareid (136) og Sande (33).

Sjølv om leilegheiter har blitt ei meir vanleg buform, utgjør likevel einebustadar det dominerande butilbodet i Herøy. Ser ein dette i samanheng med at enkeltpersonhushaldningar dominerer bustadmarknaden, er det ikkje urimeleg å legge til grunn at mange enkeltpersonar kvar for seg disponerer eit stort antall kvadratmeter buareal.



Det er ikkje eit organisert hybeltilbod i Herøy. Hyblar er difor i all hovudsak knytta til einebustadar og er difor også av varierende kvalitet. Samanlikna med t.d. Volda kommune, som på grunn av høgskulemiljøet har tradisjon for utleige av hyblar og leilegheiter, er det heller ikkje særleg kultur for utleige i Herøy. Sidan profesjonell utleige heller ikkje finnest utover den utleige kommunen sjølv har ansvaret for, er det difor tendensar til “hushai-problematikk” i Herøy. Ein har såleis eksempel på at privatpersonar leiger ut husvære til overpris og uakseptabel bukvalitet til ein eller fleire personar. Dette gjeld særleg ved utleige til arbeidsinnvandrarar.

Det er også eit variabelt tilbod av campingplassar og hytter i kommunen, mellom anna på Runde, i Leinevika og på Jensholmen. Kommunens utleigebustadar er reservert bustadsosiale grupper, sjå kap. 3.4.4 nedanfor.

Sjølv om ledig areal gjennom kommuneplanens arealdel er tilrettelagt for bustadbygging, er ikkje nødvendigvis alle tomter til salgs. Dette kan skuldast at dei private eigarane ikkje vurderer det som hensiktsmessig å selge, eller fordi dei ikkje har fått eit tilbod i tråd med sine forventningar. Utbygging av fleirmannsbustadar i regi av ulike foretak har til dømes auka forventninga frå tomteeigarar til salsgevinst. Privatpersonar på tomtejakt har difor vorte avviste fordi tomteeigar forventar større gevinst ved sal til foretak.

Likeins er det i all hovudsak også eit krav til reguleringsplan før utbygging av enkelttomter. Privatpersonar tek sjeldan på seg risikoen og kostnaden ved slikt reguleringsarbeid.



Salsklare kommunale bustadtomter er opparbeidde med teknisk infrastruktur, frådelt og klargjort for sal via servicetorget i kommunen. Av desse har bustadtomtene i Dragsund vore dei mest attraktive dei siste to åra.

3 BUSTADPOLITIKK

3.1 Innleiing

Ein trygg stad å bu er ein sentral føresetnad for den einskilde; for å kunne bu og leve sjølvstendig, skaffe seg og behalde eitt arbeid og elles kunne delta i samfunnet saman med andre. Bustadpolitikken er såleis eit sentralt element i velferdspolitikken.

3.2 Rammevilkår

Dei viktigaste rammevilkåra for bustadpolitikken fyl av:

- Plan- og bygningslova (lov 2008-06-27-71)
- Husleigelova (lov 1999-03-26-17)
- Avhendingslova (lov 1992-07-03-93)
- Offentleg støtte-lova (lov 1992-11-27-117)
- Offentleg anskaffelse-lova (lov 1999-07-16-69)
- Momskompensasjonslova (lov 2003-12-12-108)

For det bustadsosiale fagfeltet spesielt er særleg fylgjande lovverk relevant:

- Lov om barneverntjenester (lov 1992-07-17-100)
- Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltinga (lov 2009-12-18-131)
- Lov om kommunale helse- og omsorgstenesr (lov 2011-06-24-30)
- Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltinga
- Forskrift om startlån (FOR-2014-03-12-273)

Plan- og bygningslova, offentlig støttelova og offentlig anskaffelseslova legg føringar for korleis det offentlege kan nytte sine budsjettmidlar, korleis areal kan disponerast og byggeprosjekt gjennomførast og vert ikkje omtala meir i detalj her. Merknadane vidare vert i hovudsak knytta til det bustadsosiale ansvaret som eit minimumsnivå for kommunens bustadpolitikk.

Lov om kommunale helse- og omsorgstenester og lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltinga

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester handlar om kommuna sitt generelle ansvar for helse- og omsorgstenester, sjå særleg § 3-2 og 3-7.



Etter lova sin § 3-2 skal kommuna tilby *“sosial, psykososial og medisinsk habilitering og rehabilitering”*. Vidare skal kommuna tilby *“andre helse- og omsorgstjenester, herunder helsetjenester i hjemmet, personlig assistanse, herunder praktisk bistand og opplæring og støttekontakt, plass i institusjon, herunder sykehjem og avlastningstiltak.”*

Bustadar for vanskelegstilte er særleg omhandla i § 3-7 og tilsvarande § 15 i lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga. Kommunen skal såleis *“medvirke til å skaffe boliger til personer som ikke selv kan ivareta sine interesser på boligmarkedet, herunder boliger med særlig tilpasning og med hjelpe- og vernetiltak for dem som trenger det på grunn av alder, funksjonshemming eller av andre årsaker.”*

Herøy kommune plikter på denne bakgrunn å sikre ein forsvarleg bustad for personar som av økonomiske, sosiale, helsemessige eller meir samansette forhold ikkje kan ivareta sine interesser på bustadmarknaden sjølve.

Akutt bustadløyse vert regulert § 27. Kommunen skal såleis *“finne midlertidig botilbud for dem som ikke klarer det selv.”* Med akutt bustadløyse meiner ein at tenestemottakar ikkje har ein stad å sove og opphalde seg det neste døgnet. Ein mellombels bustad skal såleis avhjelpe ei akutt bustadløyse og er ikkje meint å skulle vare over tid. Ansvar vert ivareteke av NAV Herøy som i fleire saker løyser behovet gjennom innleige av campinghytter, hotellrom eller kommunal bustad frå eigedomsavdelinga.

Det bustadsosiale ansvaret for øvrig knytter seg dels til generelle rettar og plikter i husleigelova og anna regelverk kommunane er omfatta av og det meir spesifikke tilretteleggingsansvaret for bustadsosiale grupper. Generelt plikter kommunen å møte desse menneska med tenester og virkemiddel som kan bidra til å stabilisere og/eller redusere utfordringane for den einskilde.

Lov om barnevernteneste

Lov om barnevernteneste inneber at kommunen gjennom barneverntenesta skal legge til rette for ettervern for si målgruppe. Ettervernet kan bestå av bustad, oppfølging i bustad, arbeid, skulegang m.m. slik at dei skal meistre livet og bli sjølvstendige menneske. Innhaldet i ettervernet skal tilpassast den einskilde. Einskilde personar kan ha behov for døgnbemanning. Andre personar kan ha behov for mellombels bustad eller langvarig leigeforhold.

Husleigelova



Husleigelova begrenser kommunen sitt handlingsrom ved utleige av bustadar til privatpersonar på same måte som for andre andre utleigarar av bustadar.

Momskompensasjonslova

Momskompensasjonslova inneber at kommunen i utgangspunktet ikkje har rett på momskompensasjon for kommunale bustadar i investerings- og driftsfasa. Unntaket gjeld for særskilt tilrettelagte bustadar som likevel gir rett til momskompensasjon.

Om ein bustad er særskilt tilrettelagt slik at momskompensasjon for investering og drift kan krevjast beror dels på byggets beliggenheit og fysiske utforming, dels på kva tenester bebuarane får tildelt gjennom vedtak. Vedtak om tildeling av bustad åleine er såleis ikkje nok. Leigetakaren må også ha vedtak om teneste etter helse- og omsorgstenestelova. Gjennomgangsbustadar og andre bustadar som kommunen leiger ut er difor som hovudregel 25 % dyrare i investering og drift enn omsorgsbustadar då dei ikkje er fysisk tilrettelagt slik at momskompensasjon kan krevjast. Tildeling av bustad har heller ikkje vore betinga av tilsvarande vedtak om tildeling av teneste etter helse- og omsorgstenestelova.

Forskrift om startlån

Forskrift om startlån frå husbanken omhandlar vilkår for tildeling av startlån. Forskrifta er presisert i etterfylgjande rundskriv og rettleiar frå Husbanken.

Statlege utgreiingar

Bustadpolitikken har vore tema for fleire statlege utgreiingar:

- Stortingsmelding nr. 17 (2012-2013): Byggje - bu - leve. Ein bustadpolitikk for den einskilde, samfunnet og framtidige generasjonar.
- Nasjonal strategi for boligsosialt arbeid 2014-2020: Bolig for velferd.

Statlege reformer

Statlege reformer gir kommunene nye oppgåver. Av desse er samhandlingsreforma den viktigaste reforma.

Samhandlingsreforma trådte i kraft i 2012 og inneber at kommunen overtek fleire omsorgstenester frå staten. Reforma omfattar særleg tenestområdet til pleie- og omsorgsavdelinga og inneber i praksis raskare overføring av somatiske pasientar frå sjukehus til kommunen og med dagbot som potensiell straffesaksjon dersom kommunen ikkje har kapasitet til å ta imot pasienten.



Frå 2015 er det varsla at samhandlingsreforma vil utvidast til å omfatte også fagfelte rus og psykiatri. Kva dette vil innebære for kommunen i praksis er uklart, men det er påregneleg med raskare overføring av pasientar til vidare oppfølging lokalt. Dette aukar presset på kommunale omsorgsbustadar.

Avhendingslova

Avhendingslova regulerer forholdet mellom kjøpar og selgar av fast eigedom, herunder kommunens kjøp og sal av eigedom.

3.3 Tilrettelegging for bustadbygging

Den viktigaste oppgåva for kommuna i bustadpolitikken er å legge til rette for bustadbygging. Kommunen kan tilrettelegge for bustadbygging både gjennom offentleg myndigheitsutøving og privatrettslege avtalar.

Offentleg myndigheitsutøving

Offentleg myndigheitsutøving omfattar oppgåvene tillagt kommunen som byggesaksmynde og planmynde.

Kommunens handsaming av byggesaker er regulert i plan- og bygningslova. Handlingsrommet er snevert slik at byggesak i denne samanheng primært handlar om å sikre gjennomføring av prosjekt i tråd med lov, plan og løyve til tiltak. Denne kontrollen har klare kvalitetsaspekt ved seg, mellom anna knytt til sikkerheitskrav knytt til brann og krav knytt til estetikk og bukvalitet.

Det er som planmynde kommunen har det største handlingsrommet, både i forhold til den kvantitative og kvalitative vidareutviklinga av Herøy som bustadmarknad. Som planmynde har også kommunen indirekte høve til å påvirke bustadmarknaden gjennom tilrettelegging for næringsutvikling og andre areal som utløyser aktivitet med bulysteffekt.

Privatrettslege avtalar

Kommunen som sjølvstendig rettssubjekt kan binde seg sjølv og forplikte andre gjennom privatrettslege avtalar, til dømes slik:

1. Kommunen kan leige ut bustadar og næringsbygg og er då forplikta av husleigelova mm. på lik linje med andre aktørar. Kommunen kan også leige inn areal frå andre aktørar for framleige til andre.
2. Kommuna kan kjøpe eller selge fast eigedom og er då forplikta av avhendingslova mm. på lik linje med andre aktørar. Kommunen kan til



dømes kjøpe fast eigedom for å sikre eigen tenesteproduksjon eller for å styrke si rolle innanfor eit reguleringsområde med mange grunneigarar.

3. Dersom kommuna ynskjer vidareutvikling av eit utviklingsområde med mange grunneigarar, kan kommuna også påta seg eit koordinerande ansvar, t.d. for innhenting av mulegheitsstudie, forprosjekt og reguleringsplanarbeid. Slik kan kommuna påta seg ei leiarrolle for å sikre framdrift og ynskte kvalitetar.
4. Kommunale bygningsbehov vert i utgangspunktet gjennomført med kommunal byggherre- og prosjektstyring. Men kommunen kan også kjøpe seg inn i eit prosjekt under planlegging eller bygging og på den måten bidra til å realisere dette prosjektet og samstundes løyse egne behov.

Ei samarbeidsform som har fått mykje merksemd i kommune-Norge og hos Husbanken, er den såkalla Hamarøymodellen. Modellen inneber at kommunen løyser sitt bustadbehov i samarbeid med private utan å binde opp budsjettmidlar verken til investering eller etterfylgjande drift. Hamarøymodellen er presentert i eige vedlegg til planen.

5. Kommunen kan også etablere eit aksjeselskap, eigd av kommunen åleine eller med private aktørar i felleskap. Eit slikt selskap kan stå som byggherre for byggeprosjekt eller vere ein aktør i vidareutvikling og fornying av bustadmarknaden etter pkt. 2 og 3 ovanfor.

3.4 Særleg om det bustadsosiale arbeidet

3.4.1 Innleiing

Det bustadsosiale arbeidet omfattar personar som ikkje klarer å skaffe seg og/eller oppretthalde eit tilfredsstillandes buforhald på eiga hand, anten fordi dei er utan eigen bustad, står i fare for å miste bustaden eller bur i ueigna bustad eller bumiljø. Det bustadsosiale arbeidet er såleis eit minimumsansvar for kommunen i bustadpolitikken.

3.4.2 Vanskelegstilte på bustadmarknaden

I Nasjonal strategi for bustadsosialt arbeid vert vanskelegstilte på bustadmarknaden beskrive som fylgjjer:

- Personar med dårleg økonomi
- Personar med nedsett funksjonsevne
- Personar med rusavhengigheit
- Personar med psykiske lidingar



- Flyktningar
- Innsatte i norske fengsel

Dei vanskelegstilte er såleis ei svært heterogen gruppe menneske med utfordringar av ulik kompleksitet og med ulik mulegheit til å klare seg sjølv på bustadmarknaden. Einskilde grupper vil ha behov for langsiktig eller permanent kommunalt butilbod. Andre grupper må ikkje nødvendigvis bu i kommunal bustad, men i tilrettelagt bustad. Andre grupper igjen treng kommunalt butilbod i ei kortare fase av livet, men bør kunne etablere seg i privat bustad på sikt.

3.4.3 *Organisering av det bustadsosiale arbeidet*

Det bustadsosiale ansvaret i Herøy kommune er delt mellom ulike administrative einingar:

Barn, familie- og helseavdelinga (BFH)

Barn-, familie- og helseavdelinga yter tenester til ungdom som er eller har vore under omsorg, barnefamiliar og andre som er i ein vanskeleg livssituasjon.

Bu- og habiliteringsavdelinga (BuHab)

Bu- og habiliteringsavdelinga har ansvar for butenester, barneavlastning, miljøarbeid, støttekontakt, spesialpedagogisk vaksenopplæring og dagtilbod for personar/menneske med utviklingshemming.

NAV Herøy (NAV)

NAV Herøy yter teneste til personar som av økonomiske, sosiale, helsemessige eller meir samansette forhold ikkje kan ivareta sine interesser på bustadmarknaden og har plikt til å framskaffe bustadar i akuttsituasjonar. NAV Herøy forvalter også ordninga med statleg bustøtte.

Pleie og omsorgsavdelinga (PO)

Pleie- og omsorgsavdelinga har ansvar for teneste til personar i og utanfor institusjon som ikkje kan dra omsorg for seg sjølv eller som er heilt avhengig av praktisk eller personleg hjelp til dagleglivets gjeremål.

Eigedomsavdelinga (EIG)

Eigedomsavdelinga forvaltar og leiger ut bustadar til leigetakarar omfatta av dei øvrige avdelingane sitt ansvarsområde. Avdelinga er i tillegg ansvarleg for startlån, tilskot til etablering og tilskot til tilpassing.

* * *



Dei viktigaste bustadsosiale samarbeidspartnarane er:

Husbanken

Husbanken yter lån og tilskot til kommunane for vidareutlån til prioriterte grupper. I tillegg kan kommunen søke om investeringstilskot ved utbygging av utleigebustadar og prosjektmidlar ved omorganisering av kommunale tenester.

NAV Hjelpemiddelsentral

NAV Hjelpemiddelsentral har eit overordna og koordinerande ansvar for hjelpemiddel til personar med nedsett funksjonsevne og er eit ressurs- og kompetansesenter for offentlege instansar og andre som har ansvar for å løyse brukarane sine utfordringar.

Bulystprosjektet

Bulystprosjektet er eit integrerings- og inkluderingsprosjekt med fokus på arbeidsinnvandrarar. Bustad, språkopplæring og språkforståing, fritid, samarbeid med frivillige lag/organisasjonar og næringslivet, kulturforståing og kommunikasjon er viktige satsingsområde.

3.4.4 Bustadsosiale verkemiddel

Dei bustadsosiale verkemidla er delt mellom dei administrative einingane ovanfor og omhandlar dels organisatorisk oppfylgjing, utleige av bustadar og andre økonomiske verkemiddel.

Organisatorisk oppfylgjing

Det bustadsosiale arbeidet handlar om personar som heilt eller delvis er utan buevne. Den individuelle oppfylgginga av desse personane er kanskje det viktigaste verkemiddelet kommunen har for å sikre at leigetakaren vert ivareteke på ein forsvarleg måte, herunder for å sikre ei utvikling av den einskilde si buevne og for å sikre ei forsvarleg ivaretaking av bygningsmassen.

Eigedomsavdelinga som huseigar og utleigar fyl opp leigetakarar i kommunale bustadar i samarbeid med dei tenesteytande avdelingane. Dei tenesteytande avdelingane har primæransvaret for oppfylgjing, også for vanskelegstilte utan kommunal bustad.

Kommunale utleigebustadar

Kommunen har 140 utleigebustadar. Samtlege er reservert vanskelegstilte grupper av ulik grad. Av desse bueiningane er 34 kategorisert som



gjennomgangsbustadar medan 106 bueiningar er kategorisert som omsorgsbustadar.

Gjennomgangsbustadar skal vere eit mellombels butilbod for vanskelegstilte som ikkje klarer å skaffe seg bustad sjølv. Leigetida er i utgangspunktet tidsavgrensa til 3 år. Omsorgsbustadar er eit permanent butilbod til vanskelegstilte personar som ikkje kvalifiserar til institusjonsbasert omsorg.

Herøy kommune har færre bustadar til utleige enn nabokommunane. Mange av bustadane er også i dårleg teknisk stand, uhensiktsmessig store og tidvis ueigna for den aktuelle brukergruppa. Bustadane er lokalisert til Bergsøy, Frøystad og Tjørvåg og ikkje nødvendigvis optimalt plassert i forhold til offentleg transport og tenestetilbodet.

Bustadane er dels eigd av kommunen sjølv, dels inngår bustadane i eit sameige der kommunen må forhalde seg til eit styre og eit årsmøte på lik linje med øvrige eigarar. I sistnemnde tilfelle ligg ansvaret for drift og vedlikehald av bygningskroppen til sameiget, medan kommunen som eigar av einskilde leilegheiter har det same ansvaret som øvrige andelseigarar.

Vedtak om tildeling av omsorgsbustadar ligg til pleie- og omsorgsavdelinga og bu- og habiliteringsavdelinga medan eigedomsavdelinga i samarbeid med NAV og barn, familie og helseavdelinga fattar vedtak om tildeling av gjennomgangsbustadar. Det etterfylgjande ansvaret for kontraktsinngåing, overlevering og tilbakelevering av leigeobjektet ligg til eigedomsavdelinga.

Behovet for nye bustadar er primært knytta til gjennomgangsbustadar for brukergupper under NAV og barn-, familie- og helseavdelinga. Desse avdelingane melder eit behov for fleire og mindre bueiningar med sentrumsnær plassering. Pleie- og omsorgsavdelinga og bu- og habiliteringsavdelinga har ikkje meldt behov for fleire bustadar i planperioda.

Startlån

Startlån er eit behovsprøvd lån for dei med langvarige bustad- og finansieringsproblem og eit virkemiddel kommunen kan velje å nytte for å betre situasjonen for dei mest vanskelegstilte på bustadmarknaden.

Tilskot til etablering

Tilskot til etablering skal bidra til at vanskelegstilte kan kjøpe og behalde eigen bustad. Tilskot vert ofte nytta som toppfinansiering og regulert i eigen rettleiar frå Husbanken.



Tilskot til tilpasning

Tilskot til tilpasning skal bidra til å sikre egna bustad til personar med nedsatt funksjonsevne. Tilskotet er økonomisk behovsprøvd og regulert i eigen rettleiar frå Husbanken.

Statleg bustønad

Statleg bustønad skal hjelpe vanskelegstilte både til å skaffe og behalde ein tilfredsstillande bustad

Integreringstilskot

Kommunen mottok integreringstilskot for dei flyktningane som vert busette i kommunen. Tilskotet skal medvirke til at kommunen gjennomfører eit planmessig og aktivt busettings- og integreringsarbeid med sikte på at flyktningane skal få seg jobb og etablere seg på bustadmarknaden sjølv.

4 SAMANFATNING OG KONKLUSJON

Innbyggjarane

Folketalet i Herøy aukar, men veksten er relativt usikker og i stor grad avhengig av utviklinga i arbeidsinnvandringa og i næringslivet. Arbeidsinnvandringa er igjen avhengig av utviklinga i internasjonal politikk, økonomi og arbeidsmarknad og er pr. november 2014 inne i ein nedadgåande trend i Norge. Den vidare utviklinga i næringslivet er likeins knytta opp til oljeindustriens vidare utvikling og næringslivets omstillingsevne ved strukturendringar nasjonalt og internasjonalt.

Andelen eldre aukar vesentleg fram mot 2040. Samstundes vil truleg folkehelsa og den einskilde si helse vere betre i framtida. Likeins vil private bustadar i større grad vere tilrettelagt for livets ulike faser enn det mange bustadar er i dag. Det reelle behovet for tenester og kommunale bustadar aukar difor ikkje nødvendigvis med folkeveksten eller veksten i spesifikke aldersgrupper. Pleie- og omsorgsavdelinga og bu- og habiliteringsavdelinga ber såleis heller ikkje om utbygging av fleire omsorgsbustadar i planperioden.

Bustadmarknaden

Sterk privatøkonomi gjer det freistande for mange å bygge nytt framfor å renovere eldre hus. Sterk privatøkonomi driv også byggekostnadane opp. Det er ikkje gitt at prisnedgang nasjonalt gir tilsvarande utvikling regionalt eller lokalt.



Samstundes gir sterk privatøkonomi lite motivasjon for utleige eller sal av tomme husvære. Husvære står difor tomme i fleire deler av kommunen samstundes som det kan vere vanskeleg for interessentar å finne seg ein plass å bu.

Kommunale bustadtomter vert i dag selde til privatpersonar og foretak med ein byggefrist på 2 år. Dersom byggefristen ikkje overhaldast, kan kommunen krevje tomta attende. Føremålet er å sikre byggeaktivitet og hindre spekulasjon i subsidierte kommunale tomtar.

Kommunale bustadar vert leigde ut til vanskelegstilte, men det er ikkje etablert retningslinjer for tildeling. Det er difor vanskeleg å estimere det reelle behovet for eit kommunalt butilbod før søknadsmassa er vurdert opp mot interne vilkår for tildeling.

Bustadane

Herøy kommune har i dag 140 utleigebustadar rundt i kommunen. Mange av desse er ikkje tilpassa dagens brukarar og ein ser det derfor som føremålsteneleg å selje seg ut av fleire av desse og reinvestere midlane i nye og meir tilpassa bustadar. Gjennom planarbeidet har ein kome til at kommunen kan selje 28 bueiningar og bruke midlane til å reinvestere i 18 nye einingar (sjå handlingsplan). Det er føreset at kommunen sel bustadane til dei som bur der i dag for å såleis ikkje forverre forholdet mellom behov for bustadar og tilgjengelege bustadar.

Utbyggerane

Forutan kommuna sjølv og privatpersonar, er aktørane på utbyggarsida avgrensa til lokale og regionale aktørar som anten direkte eller via enkeltstående selskap iverksett byggeprosjekt med utgangspunkt i eigne målsettingar og strategiar. OBOS og andre bustadbyggjelag er ikkje representerte i kommunen.

Det bustadsosiale ansvaret

Den einskilde har eit sjølvstendig ansvar for å skaffe seg ein stad å bu. Det er heller ingen menneskerett å eige sin eigen bustad, sjølv om eigarperspektivet står sterkt i Norge. Leige av bustad kan difor vere eit forsvarleg tilbod for den einskilde. Leige av kommunal bustad er heller ikkje ei sjølfølge. Det viktige er at bustaden er tilrettelagt, ikkje kven som eig bustaden. Det bustadsosiale arbeidet må difor vere ein integrert del av bustadpolitikken og sikre grunnleggande minimumsrettar for innbyggerane og gjennom eige arbeid utspele si rolle for den einskilde, som sjølv tek ansvar for eige liv.

Den bustadsosiale organiseringa



Den bustadsosiale organiseringa er oppdelt og noko fragmentarisk. I planperioden er det difor naturleg å formalisere samarbeidet mellom dei ulike einingane. Eit formalisert samarbeid styrker ansvars- og oppgåvefordelinga og bidreg til at organisasjonen arbeidar enno betre fram mot eit felles definert mål.

Dei bustadsosiale virkemiddela

Bustadsosiale virkemiddel bør forvaltast i tråd med ein overordna strategi for bustadpolitikken.

Kommunens butilbod er i hovudsaka knytta opp mot den tilsvarande ansvarsfordelinga for ulike grupper vanskelegstilte. Omsorgsbustadar er nytta til personar med behov for helse- og omsorgstenester, personar med nedsett fysisk og/eller psyksisk funksjonsevne. Gjennomgangsbustadar er knytta opp til økonomisk vanskelegstilte personar og personar med rusproblem eller psykiatriske problem. Ein opplever tidvis at enkeltbrukarar ikkje passer inn i den ansvarsfordelinga som er etablert. Ein opplever også at butilbodet ikkje tilpassa brukargruppene på ein forsvarleg måte, til dømes med tanke på universell utforming og brannvern.

Forvaltninga av utleigebustadane er prega av langvarig og statisk eigarskap og tilsvarande utleige til leigetakarar på kort eller lang sikt. Likeins gjeld for andre økonomiske virkemiddel, som startlån, tilskot til etablering og/eller tilpasning og butilskot. Det er rom for å hente ut synergieffektar gjennom betre og meir samordna forvaltning av virkemiddela, mellom anna auka gjennomstrøyming i gjennomgangsbustadane.

Kommunen må vurdere behovet for fleire utleigebustadar, kva type bustad dette skal vere og kven som skal ha prioritet ved tildeling. I framtida kan det i større grad vere aktuelt å tilby utleigebustadar til unge nyetablerarar. Då bør også ulike modellar for utleige vurderast, mellom anna leige til eige-modellar.

Dei bustadsosiale brukarane

I den grad bustadsosiale grupper er samlokalisert, omfattar dette primært samlokalisering av grupper som sorterer under same organisasjon i kommunen. Personar med ruslidingar, sorterer difor under barn, familie- og helseavdelinga, sjølv om dei er eldre- og omsorgsstrengande.

Personar med rus og/eller psykiatriske problem er overrepresentert blant dei bustadlause og bør ha prioritet ved tildeling av kommunale bustadar. Denne gruppa har redusert buevne og redusert muligheit til å ivareta sine interesser på privatmarknaden. Likeins gjeld i utgangspunktet også for personar med



utviklingshemming, som ofte også er avhengig av tenester frå kommunen for å mestre busituasjonen.

Økonomisk vanskelegstilte grupper har redusert muligheit til å finne eit forsvarleg butilbod privat og bør kunne prioriterast for kommunal bustad inntil den økonomiske situasjonen er betra.

Personar med redusert fysisk rørsleevne har primært behov for ein tilrettelagt bustad, ikkje ein kommunal bustad som sådan. Dei kan såleis både eige sin eigen bustad eller leige frå private aktørar. Likeins gjeld for flyktningar.

Kommunalt butilbod kombinert med buopplæring er eit naturleg startpunkt i bukarrieren, men bør vere kortvarig og bygge på ei klar målsetting om at flyktningar kan bu i eigen heim.

* * *

Kommunens bustadpolitikk er ikkje avgjerande for å auke folketalet, men eit naudsynt fundament for vidare folkevekst og bustadbygging. Bustadpolitikken må difor vere heilskapleg og aktiv for å sikre behovet til innbyggjarane, tilflyttarane, næringslivet og kommunen. Ei fortsatt satsing på bulyst vert viktig, for å sikre folkevekst og tilgang til naudsynt arbeidskraft.

Arbeidstakarar i maritim sektor i Herøy må ikkje nødvendigvis bu i kommunen eller regionen. Utviklinga i talet på sysselsette i den maritime verksemda inneber difor ikkje nødvendigvis ei tilsvarande utvikling i folketalet i kommunen. Kommunen og næringslivet bør difor samarbeide om å tiltrekke seg andre næringskategoriar for å sikre eit breiare næringsgrunnlag. Dette må strategisk næringsplan ta omsyn til i sitt arbeid.

Kommunens praksis for sal av bustad- og næringstomter skal sikre utbygging, men bør vidareutviklast, eksempelvis gjennom sal på vilkår som bidreg til auka bukvalitet og derigjennom også bulyst. Dette kan særleg vere aktuelt ved sal av tomter eller større tomteområder til foretak. Skjerpa vilkår frå kommunen som selgar, kan redusere salsgevinsten og må vurderast opp mot eventuelle andre gevinstar relevant for bustadpolitikken.

Kommunens butilbod er avgrensa til bustadsosiale grupper. Kommunen bør vurdere å utvide butilbodet til å omfatte også unge nyetablerar og



arbeidsinnvandrarar. Kommunens strategi for utbygging av kommunalt butilbod må ta omsyn til fylgjande spørsmål:

1. Kva brukergupper skal kommunale bustadar nyttast til?
2. Korleis skal kommunen forvalte utleigebustadane?
3. I kva grad skal ulike brukergupper samlokalisrast?
4. I kva grad skal butilbod sjåast i samanheng med dagtilbod og tenestetilbod?
5. I kva grad skal ulike brukergupper integrerast i eksisterande bumiljø?
6. I kva grad kan butilbod løysast gjennom samarbeid med private aktørar?

I utgangspunktet vil verken privatpersonar eller foretak gjennomføre bustadpolitikken med mindre privatøkonomiske vurderingar tilseier dette. Kommunen har difor primæransvaret for bustadpolitikken. Samstundes har næringslivet fokus på sitt samfunnsansvar for den vidare utviklinga av Herøy kommune som bu- og arbeidsmarknad.

Kommunen bør difor i planperioden vurdere vidare utvikling av bustadpolitikken i samarbeid med dei private aktørane på bustadmarknaden og med utgangspunkt i ei meir aktiv forvaltning av utleigebustadane som bustadpolitisk ressurs. Til dømes kan sal av utleigebustadar frigjere kapital til reinvestering i nye og meir tilpassa bustadar for dei brukargrupper kommunen vel å prioritere.

Investeringane kan gjennomførast i kommunal regi eller i samarbeid med dei private aktørane, til dømes gjennom eit felles investeringsselskap med mandat til å auke tilgangen på utleigebustadar og sikre bukvalitet og bulyst i utvalgte satsingsområde av kommunen.



5 MÅLSETTING, STRATEGI OG HANDLINGSPLAN

5.1 Målsetting

Kommunens målsetting for bustadpolitikken byggjer på konklusjonane ovanfor og målsettingane i nasjonal strategi for bustadsosialt arbeid:

“Alle skal ha et godt sted å bo”

“Alle med behov for tjenester skal få hjelp til å mestre boforholdet”

“Den offentlige innsatsen skal være helhetlig og effektiv”

Målsettinga er utgangspunkt for ei overordna bustadpolitisk målsetting for Herøy:

“Alle skal ha ein god og trygg stad å bu”

5.2 Strategi

Fylgjande strategi ligg til grunn for arbeidet for å nå hovudmålsetjinga:

- 1. Herøy kommune sin bustadpolitikk skal vere heilskapleg og nyskapande og gjennomførast i samarbeid med næringslivet. Det bustadsosiale arbeidet skal vere ein integrert del av bustadpolitikken.*
- 2. Herøy kommune skal gjennom kommuneplanens arealdel og ulike reguleringsplanar legge til rette for bustadbygging i alle bygdelag.*
- 3. Herøy kommune skal som byggesaksmyndigheit og planmynde sikre bukvalitet og heilskapleg samfunnsutvikling.*
- 4. Herøy kommune skal som tilretteleggar, koordinator og utbygger vurdere ulike former for samarbeid med grunneigarar og utbyggerar for å sikre realiseringa av planlagde prosjekt.*
- 5. Herøy kommune skal gjennom planarbeid og samarbeid om utbygging, særleg arbeide for ei bærekraftig vidareutvikling av Fosnavåg sentrum.*
- 6. Kommunale bustadtomter skal selgast til marknadsverdi, eller til redusert markedspris på utbyggingsvilkår som bidreg til auka bukvalitet i utbyggingsområdet.*



7. *Kommunale bustader skal vere eit mellombels tilbod og kombinerast med bustadsosiale tenester som medverkar til at einskildmennesket tek ansvar for eige liv.*
8. *Herøy kommune skal selge kommunale gjennomgangsbustadar til leigetakarane til takst og reinvestere salsgevinsten i nye byggeprosjekt for å vidareutvikle butilbodet i kommunen, herunder sikre ein auga tilgang på kommunale gjennomgangsbustadar.*

5.3 Handlingsplan

Organisatoriske tiltak skal særleg sikre betre samhandling mellom einingar med bustadpolitisk ansvar og sikre ei betre ei betre forvaltning av bustadpolitiske virkemiddel.

1	Organisatoriske tiltak	Ansvar	Oppstart/år
1.1	Retningslinjer for tildeling av kommunal bustad	EIG, PO, BuHab, BFH, NAV	2016
1.2	Revisjon av standardkontrakt for kommunal utleigebustadar	EIG	2016
1.3	Revisjon av retningslinjer for tildeling av startlån	EIG	2016
1.4	Revisjon av retningslinjer for tildeling av tilskot til tilpasning og etablering	EIG	2016
1.5	Utarbeiding av buopplæringspakke for kommunale leigetakarar	EIG, PO, BuHab, BFH, NAV	2016
1.6	Samarbeidsavtale mellom eigedomsavdelinga og dei tildelende einingane om tildeling av kommunal bustad, organisatorisk oppfylgjing og økonomisk virkemiddelbruk	EIG, PO, BuHab, BFH, NAV	2016
1.7	Utarbeiding av prinsippmodell for utbygging av kommunalt og butilbod	EIG, UTV	2016

Handlingsplanen inneber også eit mandat til rådmannen til å framforhandle sal av inntil 28 kommunale bueningar, fortrinnsvis til eksisterande leigetakarar:

2	Særleg om sal av eigedom	Ansvar	Oppstart/år
2.1	Sal av 1 buening i Eggesbøvegen 53 A	EIG	2016



2.2	Sal av 4 bueiningar i Storenesvegen 30-36	EIG	2016
2.3	Sal av 2 bueiningar i Solbergvegen 2-4	EIG	2017
2.4	Sal av 2 bueiningar i Solbergvegen 6-8	EIG	2017
2.5	Sal av 2 bueiningar i Trolldalsvegen 16-18	EIG	2018
2.6	Sal av 2 bueiningar i Trolldalsvegen 20-22	EIG	2018
2.7	Sal av 12 bueiningar i Holmsild gata 16	EIG	2018
2.8	Sal av 3 bueiningar i Igesundvegen 21	EIG	2018

Reinvestering i nye prosjekt må gjennomførast i samsvar med prinsippmodell for utbygging av kommunalt butilbod, sjå handlingsplanen kap. 1.7. Eit alternativ som må vurderast er då utbygging i kommunal regi på fylgjande kommunale tomter:

3	Kommunale utbyggingstomter	Ansvar	Oppstart/år
3.1	Buholmlinja 20 – 6 bueiningar	EIG	2016
3.2	Eggesbøvegen 20 – 6 bueiningar	EIG	2017
3.3	Tjørvgåvegen 274-276 - 6 bueningar	EIG	2018



Avdeling for Barn, Familie og Helse

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	IMT	Arkivsaknr:	2016/126
		Arkiv:	410

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
4/16	Komite for Helse og omsorg	11.02.2016
49/16	Formannskapet	08.03.2016
45/16	Kommunestyret	17.03.2016

STRATEGISK REKRUTTERINGSPLAN FASTLEGAR 2016-2018

Møtebehandling:

Barn-, familie- og helseleiar Inger Marie Toftthagen møtte og orienterte.

Leiv Aarflot, AP kom med framlegg om slikt tillegg til tilrådinga frå komite for helse og omsorg:

Kommunestyret ber om at samarbeidsutvalet arbeider aktivt for å bidra til god framdrift i arbeidet med å betre legedekninga i Herøy, ref. ASA 4310, pkt. 4.2.

Tilråding frå komite for helse og omsorg med framlagt endring vart vedteken mot 1 røyst.

Kjell Runde Folkelista/Senterpartiet røysta imot.

Tilråding i Formannskapet - 08.03.2016

1. Kommunestyret vedtek den strategiske rekrutteringsplanen for fastlegar 2016-2018 med fylgjande endringar:

Pkt 4.1 Behalde

Kulepunkt 3 .endrast til: Enda større mogleigheit for fagleg utvikling, dette kombinert med særskilte tilskuddsordningar som til dømes fagdager med økonomisk kompensasjon og støtteordningar for kursdeltaking ved videreutdannig og spesialisering

Kulepunkt 5. endrast til:

Sikre tiltak for meir effektiv drift av legekontora ved:
Optimal utvikling av moderne teknologi
Optimal fordeling av oppgåver mellom ulike fagpersonar

Pkt 4.2. Rekruttere.

Kule punkt 1 . Går ut

Kulepunkt 3 Går ut

Kulepunkt 6 . endrast til: Sette krav om at legar ved tilsetting må vere eller starte på ei spesialisering som almenlege.

Pkt 5 Kostnad

Går ut.

2. Tiltak for å behalde fastlegar skal prioriterast først.
3. Det vert forhandla med fastlegane med sikte på å kome fram til ei lik avtale ved dei to legekontora.
4. Kommunestyret ber om at samarbeidsutvalet arbeider aktivt for å bidra til god framdrift med å betre legedekninga i Herøy, ref. ASA 4310, pkt. 4.2.

Møtebehandling:

Barn-, familie- og helseleiar orienterte om saka.

Utskrift av handsaminga i Samarbeidsutvalet for fastlegane vart delt ut og fylgjer saka vidare.

Tilråding i Komite for helse og omsorg - 11.02.2016

5. Kommunestyret vedtek den strategiske rekrutteringsplanen for fastlegar 2016-2018 med fylgjande endringar:

Pkt 4.1 Behalde

Kulepunkt 3 .endrast til: Enda større mogleigheit for fagleg utvikling, dette kombinert med særskilte tilskuddsordningar som til dømes fagdager med økonomisk kompensasjon og støtteordningar for kursdeltaking ved videreutdannig og spesialisering

Kulepunkt 5. endrast til:

Sikre tiltak for meir effektiv drift av legekontora ved:
Optimal utvikling av moderne teknologi
Optimal fordeling av oppgåver mellom ulike fagpersonar

Pkt 4.2. Rekruttere.

Kule punkt 1 . Går ut

Kulepunkt 3 Går ut

Kulepunkt 6 . endrast til: Sette krav om at legar ved tilsetting må vere eller starte på ei spesialisering som almenlege.

Pkt 5 Kostnad

Går ut.

6. Tiltak for å behalde fastlegar skal prioriterast først.
7. Det vert forhandla med fastlegane med sikte på å kome fram til ei lik avtale ved dei to legekontora.

Tilråding:

8. Kommunestyret vedtek den strategiske rekrutteringsplanen for fastlegar 2016-2018.
9. Tiltak for å behalde fastlegar skal prioriterast først.
10. Det vert forhandla med fastlegane med sikte på å kome fram til ei lik avtale ved dei to legekontora.

Særutskrift: Avd. Barn-, familie- og helse
Samarbeidsutvalet for fastlegane

Vedlegg: Strategisk rekrutteringsplan fastleger
2 høyringssvar

Saksopplysningar:

Herøy kommune har i ei lengre periode hatt utfordringar med omsyn til stabilitet blant fastlegane. Bakgrunnen for at ein er komen i ein slik situasjon er samansett, mellom anna har det over tid vore eit generasjonsskifte. Kommunen har utlyst fastlegeheimlar fleire gonger og har ikkje alltid lukkast med å få rekruttert. Det har tidlegare vore informert om situasjonen i så vel kommunestyret som formannskap og komite for helse og omsorg. Formannskapet har bede om at det vert laga ein strategisk rekrutteringsplan for fastlegar. Før planen vart ferdigstilt, vart han send på ei intern høyring hos fastlegane. Det kom inn to høyringssvar. Høyringssvara er omfattande og leggest derfor ved i sin heilskap. Nokre endringar er gjort i forhold til høyringsutkastet. Planen vert handsama i samarbeidsutvalet mellom fastleger og kommunen før han går til komite for helse og omsorg.

Planen gir ei oversikt over bakgrunnen for planen, kort om dei to legesentra samt tek for seg det utfordringsbildet som ein står i. Ein har sett det slik at det vil kunne vere ulike utfordringar når det gjeld å behalde i forhold til å rekruttere fastlegar. Dette er difor handsama under eigne punkt. Forslag til tiltak er og delte for å behalde og rekruttere.

I høyringssvara får planen støtte i det alt vesentlege. Det kjem likevel fram at legane ser det som viktigast å få like avtalar for dei to sentra og betre økonomiske vilkår for den einskilde fastlege. Fagleg utvikling og bruk av fagkunnskap er også viktig.

Vurdering og konklusjon:

Planen tek for seg utfordringane og har forslag til ulike tiltak både når det gjeld å behalde og rekruttere fastlegar. Det er ein fordel at ein slik plan heimlar ulike tiltak som kan nyttast for å få ein betre legesituasjon både på kort og lang sikt. Når det gjeld dei ulike tiltaka og prioritering av desse, vil ein likevel foreslå at ein lyttar til innspela frå dei to legane og prioriterer først å gjere noko med dei gjeldande avtalene.

Konsekvensar for folkehelse:

Legesituasjonen er utfordrande og det er av stor betydning for den einskilde pasient å ha ein fast tilgjengeleg lege over tid. Det skaper utryggleik når ein må forhalde seg til ulike vikarar over tid.

Konsekvensar for beredskap:

Det er uheldig for beredskapssituasjonen med stor gjennomtrekk i fastlegelistene.

Konsekvensar for drift:

Legekontora har hatt store utfordringar ved ei stor gjennomstrøyming av vikarar. Det er utfordrande for hjelpepersonalet og fører og til ei stort ekstra belastning for dei faste legane.

Fosnavåg, 28.01.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Inger Marie Tofthagen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Inger Marie Tofthagen

Herøy Kommune

Barn- familie og helseavdelinga

STRATEGISK REKRUTTERINGSPLAN FASTLEGER

PERIODEN 2016-2018

INNHALD:

- 1. Innleiing**
- 2. Bakgrunn**
 - 2.1.kort om dei to legesentra
- 3. Utfordringsbiletet**
 - 3.1. Behalde
 - 3.2. Rekruttere
- 4. Forslag til tiltak**
 - 4.1. Behalde
 - 4.2. Rekruttere
- 5. Kostnad**
- 6. Prioritering av tiltak**
- 7. Oppsummering og vegen vidare**

1. Innleiing

Legetenesta i kommunen har nå over tid hatt utfordringar med omsyn til legedekninga. Dette kom etter mange år med eit stabilt fastlegekorps. Mange av dei stabile fastlegane var på omtrent same alder og det gjorde at ein dei siste åra har hatt eit generasjonsskifte innan fastlegar. Dette har vist seg å føre til store utfordringar, så vel ved å rekruttere nye fastlegar som å behalde legar over tid. Dei siste åra har det vore ein utstakt bruk av vikarar for kortare eller lengre periodar. Denne planen leggst fram for at kommunen nå skal få faste legar som vert over tid i kommunen.

2. Bakgrunn

Informasjon om utfordringsbiletet har vore gitt frå avdelinga Barn- familie og helse i mange samanhengar. Det har vore gitt informasjon til så vel administrativ som politisk leiing. Det har vore informert i helse- og omsorgskomiteen, formannskapet og kommunestyret.

Formannskapet har bede om at det vert lagt fram ein strategisk rekrutteringsplan for å betre situasjonen på legesida.

Kommunen har i to år fått særskilte midlar frå Helsedirektorat for å styrke rekrutteringa samt å oppgradere legevakta. Dette er midlar som har vore nytta til rekruttering samt å oppgradere utstyret ved dei to legekontora og legevakta, og sikre lik standard på utstyr ved dei ulike instansane. Mellom anna har det vore nytta midlar til oppgradering av utstyr og møblar ved legekontora og inventar til eit nytt legekontor i Myrvåg. Medisinsk utstyr til akuttberedskapen har og vore prioritert. Kommunen søkte og på midlar i 2015. Søknaden for 2015 er innvilga og Helsedirektoratet har løyvd kr. 500.000,- til hovudsakeleg rekruttering. Dette er midlar som er overført til 2016. I søknaden vart det frå kommunen si side særleg vektlagt arbeidet med denne planen og gjennomføring av dei foreslegne tiltaka.

Etter at generasjonsskiftet nå har foregått over tid ser ein eit behov for å styrke så vel tiltak for rekruttering som tiltak for å behalde fastlegar. Det er såleis naturleg at rekrutteringsplanen inneheld tiltak for baa deler.

Kommunen har to legesenter, Herøy- og Myrvåg Legesenter. Baa desse legesentra er kommunalt drive kor den einskilde lege har avtale med kommunen som fastlege. Legen driv privat praksis, medan hjelpepersonalet er kommunalt tilsett. Dei to legesentra har ulik avtale med kommunen der den økonomiske belastninga for legane er ulik.

2.1.Kort om dei to legesentra

Herøy legesenter har 8 faste legeheimlar samt turnuslege. Her har to fastlegeheimlar stått ledige over tid. Den eine heimlen vart ledig etter at fastlegen gjekk av med pensjon medan den andre vart ledig då legen slutta for å starte praksis i nabokommunen. Per i dag er og to legar ute i sjukehuseneste. Dette er eit krav for å verte spesialist/naudsynt praksis for almenlege. Det er inne vikarar i dag og det var og fram til midten av desember 2 turnuslegar.

Det har vore vanskeleg å rekruttere vikarar som har kunne være i lengre tid. Vikarane har til dels vore i korte periodar og med mange vikarar over tid har dei og vore av varierende kvalitet. Kostnaden ved vikarbruken er stor då det har vore naudsynt å nytte vikarbyrå i stor utstrekning.

Myrvåg legesenter har 4 faste legeheimlar. Den siste fastlegeheimlen – såkalla 0-liste, vart oppretta etter at ein så at det var behov for ei styrking av legesenteret. Per i dag er det ein lege som er ute i permisjon for å få naudsynt praksis til spesialisering i allmennmedisin. Vikar er her inne i periodar. Ei liste ventar på at den tilsette legen skal ta over lista si, denne legen er per i dag turnuskandidat i kommunen og vil tiltre lista i mars 2016. Ein av legane som vart pensjonist er inne på 0-lista då det har vore vanskeleg å få tilsett i denne og tanken har vore å opparbeide pasientar for med det å lette rekrutteringa.

3. Utfordringsbiletet

Kommunen som heilheit har ei utfordring når det gjeld å rekruttere faste legar til sentra. Det kan synast som om utfordringa ved dei to sentra er noko ulik. Dette vert nærare omtala under. Det er og ei utfordringa at avtalane ved sentra er ulike og med det har ulik økonomisk belastning for den einskilde lege.

Dei siste åra har det særleg vore Herøy legesenter som har slitt med å rekruttere faste leger. Det har vore ein stor bruk av vikarar, nokon har vore over lengre tid medan andre kunn har vore i korte periodar. Dette har vore sær utfordrande for dei faste legane både med omsyn til veiledning og stabilitet i tenesta. Det har og vore sær utfordrande for pasientane, som har måtte halde seg til ulike legar kvar gong dei har hatt behov for lege. Særleg for kronikarar og alvorleg sjuke pasientar er dette svært uheldig og medfører samstundes ei auka belastning på dei faste legane. Vikarar som er inne for kortare periodar tek gjerne unna meir dei øyeblikkeleg hjelpetrengande, medan dei som treng oppfølging over tid får eit svekka og fragmentert helsetilbod.

Ustabiliteten har ført til stor slitasje på dei faste legane og dei kan fort kome til å finne andre arbeidsstader. I løpet av dei siste åra er det og to yngre legar om har gått frå fastlegeavtale i Herøy til fastlegeavtale i andre nærliggande kommunar. I kva grad dette er ein direkte konsekvens av gjeldande avtaler er noko uklårt, men det som vel er klårt er at dei økonomiske vilkåra i avtalene har vore medverkande årsak til skiftet.

Kommunen har gjennom fleire år hatt som krav ved tildeling av nye fastlegeheimler at legen må vere spesialist i almenmedisin, under utdanning eller vere villig til å gå inn i eit slikt utdanningsløp. Det er positivt med godt utdanna og kvalifiserte fastleger, men det fører og til eit relativt stort fråvær for nye leger. Dette både ved obligatoriske kurs og ikkje minst ved at dei må ha eit år i relevant praksis i spesialisthelsetenesta.

3.1.Behalde

Dersom kommuna skal behalde dei faste legane dei har i dag er det nok viktig at ein over tid får ein stabilitet i fastlegekorpset. Ein situasjon kor ein til stadigheit må lære opp vikarar er slitande, både ved at dette er eit ekstra arbeid og ved at det kjem mange mishagsytringar til dei faste legane for ustabiliteten.

Ei utfordring i dag er og at legane ved dei to sentra betalar ulikt til kommunen for dekning av kostnader i samband med drift av praksisen.

Herøy kommune har og ei beliggenheit som ikkje gjer rekruttere/behalde enklare. Det er inga naturleg gjennomfartsåre og det er eit godt stykkje til næraste høgskule/sjukhusområde. Dei som kan vere interessert i fastlegeavtaler har ikkje alltid tilknytning til kommunen og det oppfattast då som langt å køyre til for eksempel Eggesbønes.

Det er og ei utfordring at nokre av nabokommunane generelt har betre vilkår for fastlegane enn det Herøy har, så det kan lett føre til at leger vert kunn for ei kort periode.

3.2.Rekruttere

For å lokke til seg aktuelle legar vil det vere viktig å ha noko å tilby dei som ikkje alle andre kommunar har. Her vil det vere viktig å tenkje kreativt og ha tilbod så vel i ei oppstartsfase som over noko lengre tid. Eit viktig bidrag til dette vil det og vere at legetenesta i kommunen framstår som god og fagleg sterkt og at det er moglegheit for vidare utvikling. Det er og viktig at legekontora er godt utstyrt og har eit godt og oppdatert hjelpepersonale.

Det har vore endra meir utfordrande å rekruttere til Herøy legesenter enn til Myrvåg. Det kan skyldast fleire forhold, men det har særleg vore peika på avstand frå til dømes Ulsteinvik og ikkje minst Volda/Ørsta. Dette er det lite å gjer med. Ein må derfor i størst mogleg grad forsøke å satse på rekruttering av andre årsaker, som til dømes særlege gode vilkår. Det er og viktig at ein får til eit godt samarbeid med spesialisthelsetenesta ved bruk av det oppkoblede videoutstyret.

Det utdannast i dag mange legar, både her i Norge og ikkje minst i utlandet, men det kan virke som om sjukehusa har auka talet på legar så mykje at det ikkje har gjort at det er mange fleire som vil i allmenteneste.

4. Forslag til tiltak

Det vil vere ulike tiltak som vil kunne få verknad på det å behalde legar i forhold til det å rekruttere. Tiltaka for å behalde vil jo og på sikt kunne få betydning for dei ein rekrutterer. Det vil vere viktig å ha fleire og ulike tiltak for både utfordringane.

4.1.Behalde

For å behalde legane er det viktig å ha ulike tiltak slik at det vert interessant å fortsatt drive som fastlege i Herøy kommune.

- Like avtaler ved dei to legesentra.
- Endre den økonomiske belastninga i avtalene
- Enda større moglegheit for fagleg utvikling, dette kombinert med særskilte tilskuddsordningar
- Vurdere dei offentlege oppgåvene og forhandle fram moglegheitene for å tilsette til dømes faste kommunale/offentlege legar som til dømes sjukeheimslegar.
- Vurdere tiltak for meir effektiv drift ved legekontora, herunder utvikling av IKT, og fordeling av oppgåver mellom leger og hjelepersonale

4.2.Rekruttere

For å rekruttere legar er det viktig å ha ulike tiltak, så vel kortsiktige som meir langsiktige, slik at det vert interessant å komme som fastlege til Herøy kommune

- Tilskot til studentar frå Herøy kommune som utdannar seg til lege mot at dei bind seg til å arbeide minst eit år etter endt utdanning.
- Tilby studentar frå nærdistriktet sommarjobb i legesentra.
- Tilby søkjarar tilskot ved tilsetting mot at dei bind seg til å vere i fastlegelista i minst eit år.
- Tilby fast tilsetting som fastlege.
- Informere søkjarar om moglegheitene for fagleg utvikling
- Ikkje sette krav om at legar ved tilsetting må vere eller starte på ei spesialisering som almenlege.

5. Kostnad

Det vil medføre ekstra kostnadar for kommunen å innføre dei foreslegne tiltaka. Det vil særleg føre til kostandar dersom ein vel å redusere den betalinga dei faste legane i dag betalar til kommunen for å drive sin praksis. Lik avtale i seg sjølv vil ikkje naudsynt føre til meirbelastning, men dersom ein vel å gjere avtala meir økonomisk fordelaktig for alle legane vil det kunne føre med seg til dels store økonomiske kostnader over tid. Det er likevel vanskeleg nå å gi nokre tal for dette då ein må sjå på kva ein kan oppnå ved reforhandlingar av avtalene. I eventuelle forhandlingar vil det og vere naudsynt å sjå på heile avtalen og kva for belastning den har for den einskilde lege i forhold til for eksempel reell bruk av hjelpepersonale. Dette er såleis noko ein må kome tilbake til dersom det vert tilslutnad til at kommunen går for ein slik løysning.

Når det gjeld konkrete forslag til tilskot vil dette vere eingongskostnadar i forhold til den einskilde rekrutterte lege og såleis forhåpentlegvis vere ein kostnad som ikkje vert over

mange år. Kommunen har ein gong tidlegare nytta dette tiltaket og det var då eit tilskot ved start på kr.100.000. Dette vil kunne vere eit beløp som fortsatt nyttast. For studentar kan ein forslå eit årleg beløp på kr. 25.000,-.

6. Prioritering av tiltak

Det er viktig å prioritere tiltak både for å behalde og rekruttere fastlegar i kommunen. Når det gjeld å behalde vil nok like avtaler med lik og lågare økonomisk belastning vere det tiltaket som på kort sikt vil gi det beste resultatet. Det er likevel og viktig å prioritere fagleg utvikling over tid. Faste faglege møter, nokre av dei saman med hjelpepersonalet, er viktig så vel for å halde samla fokus på eventuelle forbettringsområder som på felles fagleg utvikling. Dette vil føre til at Herøy vil framstå som ein attraktiv kommune å vere fastlege i.

Når det gjeld rekruttering vil nok tilskot på kort sikt kunne føre til at ein får rekruttert i ledige heimeler. Dette vil kunne påverke unge legar til å komme til Herøy. Dette saman med at legekontora vert oppfatta som gode og veldrevne vil og kunne føre til at dei vert langt over den tida dei er bundne til å vere. Det er og viktig her å få oppretta eit godt samarbeid mellom dei to kontora og kommunen. Her vil ein revitalisering av samarbeidsutvalet vere viktig.

7.Oppsummering og vegen vidare

Kommunen har hatt og har fortsatt utfordringar når det gjeld rekruttering av fastlegar. Det er og utfordrande å behalde dei legane som har kome til kommunen. Dette gjer at det er naudsynt å sjå på alle moglegheiter for å kunne gjere situasjonen betre.

Denne planen leggst fram for fastlegane for innspel før den går til samarbeidsutvalet og vidare til politisk handsaming. Det er eit ønskje at fastlegane kjem med innspel som kan innarbeidast i planen før den går vidare til politisk handsaming. Det er innarbeida nokre av dei innspela som er kome. I samråd med dei to som har gitt konkrete innspel leggst deira uttale ved planen vidare. Det er i første rekkje dei som vet kva for tiltak som kan påverka dei til fortsatt å vere fastlege i kommunen og dei er og dei som best vet kva som kan påverka unge nyutdanna leger til å ville kome til Herøy.

HØYRINGSSVAR

STRATEGISK REKRUTTERINGSPLAN, FASTLEGAR.

Oppsummert

Generelt vil eg formidle at mykje av innhaldet i strategiplanen er godt.

- 1. Siste kulepunkt under 4.2 «Ikkje sette krav om at legar ved tilsetting må være eller starte på spesialisering som allmennlege» er eg sterkt ueinig i. Dette vil svekke det faglige nivået/kompetansen og på sikt utarme tilbodet. Det vil kunne meføre at vi får eitt A- og B-lag blant legane og vil verken gagne pasientar eller legane sjølve.**
- 2. Den viktigaste grunnen til at det er vanskeleg å rekruttere og å behalde legar i Herøy kommune er den store ekstrabetalinga som Herøy kommune krev utover basistilskotet. Ved å fjerne denne vil dei fleste problema vere løyste.**
- 3. Fyrste og andre kulepunkt under 4.2 omhandlar tilskot. Eit slikt tilskot er noko ein får ein gong og kan kanskje resultere i at ein får nokre fleire søkjarar. Når bindingstida på eit år er ute, er betre økonomiske rammer andre stadar like forlokkande som før og legane flyttar.**
- 4. Betre oppfylging av legekontora frå IKT. Dårlige og mangelfulle løysingar fører til mykje meirarbeid og dårlig effektivitet for legane.**

Ein kan like det eller ikkje, men dei faktiske forhold er slik at dersom kostnadane er for høge og løna dermed for lav, er det vanskeleg å behalde og rekruttere legar til Herøy kommune. Samtidig må kvaliteten på dei tenestene kommunen yter, og tek betalt for, vere tidsrette og gode.

Fastlegeordninga

Ein viktig intensjon med innføring av fastlegeordninga var å fremje kontinuitet mellom lege og pasient. Med dei store utfordringane ein har hatt i stor utskifting av legar og mange vikarar i Herøy kommune, har ein ikkje oppnådd resultat i samsvar med intensjonen.

Etter at fastlegeordninga vart innført blir faslegane også pålagde stadig fleire og krevjande oppgåver samtidig som innteninga har vorte betydelig svekka i forhold til andre i samfunnet. Det er meir vanleg enn uvanleg at legar må arbeide 3-4 timar ekstra kva dag for å vere nokolunde ajour.

I tillegg til dei uheldige konsekvensane for kontinuiteten mellom fastlege og pasient er utstrakt bruk av vikarar ei dyr løysing for ei kommune både i forhold til direkte og indirekte kostnader.

Vidare vil utstrakt vikarbruk gi eit dårligare arbeidsmiljø og svekka faglig nivå. Det er vanskeleg for dei tilsette å etablere gode relasjonar samtidig som den faglige utviklinga blant legane som gruppe i kommunen og på det einskile kontor blir pulverisert som resultat av stadig utskifting. Det er altså ikkje berre kontinuiteten mellom pasient og fastlege som blir svekka, men også kontinuiteten mellom legane og mellom legane og dei andre tilsette.

Etter at fastlegeordninga vart innført ser ein at fastlegane er meir stabile i store kommunar enn i små og fastlegar med lange lister er meir stabile en fastlegar med kortare lister (i 2014 var gjennomsnittleg listelengde 1132 pasientar). Vidare er kvinner meir stabile i fastlegeordninga enn menn. Kilde: *Tidsskrift for Den norske legeforening* 22/2015.

Det er nok mange faktorar som spelar inn i dette biletet, men økonomi for den einskilde lege er, enten ein likar det eller ikkje, den viktigaste faktoren..

Basistilskot

Basistilskotet erstatta ved innføring av fastlegeordninga det tidligare driftstilskotet og er meint å skulle dekke utgifter i drift, løn til tilsette, pensjonskostnader, husleigekostnader, investeringskostnader til utstyr og driftskostnader. Finansieringa for legane består vidare av pasientane sine eigenandelar og refusjon frå Helfo.

På Helfo sine heimesider fin vi: «Basistilskuddet per pasient fra kommunen til legen er regulert i avtalen mellom Helse – og omsorgsdepartementet (HOD), Kommunenes sentralforbund (KS) og Regionalt helseforetak (RHF) på den ene siden og Den norske legeforening på den andre siden (Statsavtalen)..... Per capita tilskuddet/basistilskuddet er pr. 1. juli 2015 på 427 kroner pr. pasient pr. år»

I overenskomsten mellom legane og kommunane finn ein vidare: «I kommuner med mindre enn 5 000 innbyggere skal det i tillegg til basistilskudd etter punkt 2.1, gis et utjamningstilskudd til fastleger dersom gjennomsnittlig listelengde i kommunen er lavere enn 1 200 personer. Utjamningstilskuddet skal svare til differansen mellom basistilskudd for referanselisten på 1 200 personer og gjennomsnittlig listelengde for antall opprettede fastlegestillinger eller hjemler i kommunen.

Utjamningstilskuddet er likt for alle fastlegene i kommunen uavhengig av den enkeltes listelengde»

Det er altså slik at i kommunar med mindre enn 5000 innbyggjarar får legane eit tillegg til basistilskottet som skal kompensere for korte lister. I små kommunar med meir enn 5000 innbyggjarar har ein ikkje eit slikt ekstratilskot sjølv om listene skulle vere korte. Det er dermed slik at mellomstore kommunar felle mellom to stolar.

Det er likevel fyrst og fremst basistilskotet, hensikta med dette og praksisen som er problematisk. Ein fastlege som organisera seg saman med andre legar og står for drift, løn mv. vil kunne drive virksomheita innafor basistilskotet og har dermed eit incitament for å drive økonomisk «lønsamt».

Konkrete tiltak

Dei tiltaka som er lista opp for å behalde og for å rekruttere er eg stort sett einige i. Siste kulepunkt under 4.2 «Ikkje sette krav om at legar ved tilsetting må være eller starte på spesialisering som allmennlege» er eg likevel sterkt ueinig i. Dette vil kunne svekke det faglige nivået/kompetansen og på sikt utarme tilbodet. Det vil kunne meføre at vi får eitt A- og B-lag blant legane og vil verken gagne pasientar eller legane sjølve.

Fyrste og andre kulepunkt under 4.2 omhandlar tilskot. Slike tilskot er noko ein får ein gong og kan kanskje resultere i at ein får nokre fleire søkjarar. Når bindingstida på eit år er ute, er

betre økonomiske rammer andre stadar like forlokkande som før og legane flyttar. Dette er derfor eit tiltak som etter mi vurdering ikkje vil avhjelpe situasjonen åleine. Eit tilskot kombinert med gode økonomiske rammer for fastlegane også etter bindingstida vil kunne vere eit godt tiltak for auka rekruttering. Ein må likevel vurdere om det kanskje er slik at gode økonomiske rammer er tilstrekkelig og at tilskot då blir unødvendig.

Det opplevast som svært vanskeleg å få hjelp frå IKT-avdelinga. Det går fleire veker frå problem blir melde til dei blir forsøkt løyste. Dei tilsette ved Myrvåg Legesenter føler seg nedprioriterte og opplever at når dei ringjer IKT får dei beskjed om at dei skal ordne opp, men ingenting skjer. Dette fører til at arbeidsdagen blir lite effektiv og unødig lang. Utan å gå inn på konkrete problem, som det har vore mange av, kan det som eksempel nemnast at det i periodar har teke 10-15 minutt å få opna ein e-post i det kommunale e-post systemet. Dette har etter at vi tok opp problema skriftleg vorte betre.

Herøy kommune

I rekrutteringsplanen er ein inne på ulikheitene i økonomisk kostnad for legane ved kontora på Eggesbøneset og i Myrvåg. Dette er klart at dette er svært uheldig og uforståeleg for den det gjeld. Det er likevel meir komplisert enn som so. Kostnadane er for store på begge kontora og det er det som skapar vantrivsel og frustrasjon.

Avtalane mellom legane og Herøy kommune gjeng i grove trekk ut på at legane betalar basistilskotet sitt pluss husleige og andre driftsutgifter til kommunen. Prinsippet er likt for begge kontora, men nivået på husleige og driftsutgifter er høgare ved Myrvåg enn ved Eggesbøneset.

Når kommunen leiger kontor, løner tilsette og dekker driftsutgifter og krev dette kompensert frå legane er det i stor grad kommunen og ikkje den enkelte fastlege som driv legekontora. Dette samsvarar ikkje med intensjonen i fastlegeordninga, men vil i teorien kunne lette arbeidsbyrda for legane samtidig som kommunens sine stordriftsfordelar vil kunne kome den enkelte lege til gode.

Når kostnadsnivået derimot overstig basistilskotet og fastlegane må betale meir enn basistilskotet til kommunen er dette ikkje berre i strid med intensjonane, det er direkte demoraliserande og fører til at fastlegane blir frustrerte og søker seg til kommunar med betre avtalar.

Vidare er avtalane mellom Herøy kommune og legane slik at kommunen forskottera investeringar ved legekontora og legane betalar ei leige tilsvarende avskrivning av investeringa. Dette inneber at legane faktisk betalar heile investeringskostnaden, men det er kommunen som har eigedomsretten til det det er investert i òg etter at investeringa er nedbetalt av legane.

Ved Myrvåg Legesenter inneber avtalen at legane betaler basistilskotet pluss kr 23.000 pr månad tilbake til kommunen. Dette er ei svært stor økonomisk belastning og resulterer (saman med relativt korte lister) i at «lønna» til fast tilsette fastlegar blir uakseptabel. Tek ein vidare med at ein vikar ikkje betalar dette tilskotet og dermed tener meir enn dei fast tilsette ser ein at ordninga sannsynlegvis er den viktigaste årsaka til manglande rekruttering og manglande stabilitet. Slik betalingsordninga (frå lege til kommune) blir praktisert i Herøy kommune er det betydelig meir økonomisk lønnsamt å være vikar enn å være fast tilsett.

I strategiplanen blir det antyda at legane sitt kostnadsnivå kan være ein medverkande årsak til situasjonen, men at ei anna ordning vil medføre økte kostnader for kommunen. Kommunen sin økonomi er også avhengig av fornøgde tilsette og fornøgde brukarar og reknestykket kan fort bli annleis ved utstrakt vikarbruk og stor utskifting av legar.

Omdømet til kommunen har òg ein verdi og stadig utskifting av legar vil over tid svekke omdømet. Det kan òg få konsekvensar for kommuneøkonomien.

Med vennleg helsing

Lina Brandal

Fastlege og kontorleiar ved Myrvåg Legesenter

Høyringsvar

Strategisk rekrutteringsplan for fastleger

Viser til mottatt utkast til "Strategisk rekrutteringsplan fastleger perioden 2015-2017". Først vil jeg si at det er mye bra innhold og at flere av tiltakene virker fornuftige og absolutt påkrevde for at Herøy kommune skal snu trenden med frafall og dårlig rekruttering av fastleger.

Som kommende fastlege i Myrvåg har jeg likevel noen tilbakemeldinger. Det er ikke til å skjule at økonomi er viktig opp i alt dette her. For min del, som nyutdannet og nyetablert både i arbeidssammenheng og privat sammenheng, er økonomien helt avgjørende. Jobben som fersk og uerfaren fastlege er både krevende og tidvis lite effektiv om man sammenligner med erfarne kolleger. En såpass stor økonomisk belastning som leieavtalene innebærer pr. dags dato, er med på å svekke den økonomiske tryggheten og kan virke demotiverende for fastlegene i Herøy. Det forventes at flere kommende fastleger vil være i en lignende situasjon. Når man i tillegg har kolleger i nabokommuner med betydelig bedre avtalevilkår med vesentlig mindre utgifter, er dette med å styrke usikkerheten og frustrasjonen. Dersom leieutgiftene derimot blir betydelig redusert (for eksempel gjennom "0-avtale", som andre rekrutteringssvake kommuner har) vil dette bety mye for min økonomiske situasjon, og også påvirke mitt valg av Herøy som fremtidig arbeidskommune på lengre sikt, fremfor nabokommuner som pr. idag har bedre avtaler. Et annet tiltak som er diskutert er den faglige utviklingen og særskilte tilskuddsordninger. Et faglig godt miljø er av vesentlig betydning, og tiltak for å beholde dette bør prioriteres slik jeg ser det. Det er foreslått faste faglige møter, blant annet med hjelpepersonalet. Dette kan være et godt tiltak, dog må det også kompenseres økonomisk slik at det prioriteres. Økonomisk kompensasjon for kursdeltakelse og generelt faglig utvikling stimulerer fastlegene til å prioritere dette, og indirekte gir pasientene i Herøy et bedre helsetilbud og oppfølging.

Når det gjelder økonomiske virkemidler for å rekruttere nye fastleger til Herøy kommune er det foreslått flere tiltak. Mellom annet tilskudd til studenter fra Herøy kommune som utdanner seg til lege mot at de binder seg til minst ett år etter endt utdanning. For meg virker det ulogisk at dette kun skal tilbys til studenter fra Herøy kommune. I tillegg virker dette som et svært kortsiktig tiltak. Studenter som gruppe har generelt sett dårlig økonomi, og en kompensasjon f.eks. i form av et stipend er nok svært attraktivt for mange, sannsynligvis flere enn de som tenker seg Herøy som fast arbeidssted på lengre sikt. Det å automatisk ha jobb etter endt studier, er for mange en bonus, ettersom arbeidsmarkedet ofte krever erfaring og periodevis er vanskelig. Slik jeg ser det, er faren stor for at studenter vil benytte seg av denne ordningen, for deretter å slutte etter 1 år til fordel for mer attraktive stillinger. Dette synes jeg derfor ikke høres ut som et fornuftig økonomisk virkemiddel. Når det gjelder stabilitet i legedekningen og fastlegeordningen er 1 års engasjement dessverre ikke å regne som stabilitet, og det må forventes stor utskifting av leger. Det samme

gjelder for bruk av økonomiske virkemidler til kortsiktige vikaravtaler. Dette vil igjen gi et dårlig tilbud til pasientene i kommunen. Det samme argumentet gjelder i og for seg tilskudd ved tilsetting som nevnt i eget punkt. Personlig har jeg mer tro på at rekrutteringen vil falle naturlig dersom fastlegene har gode vilkår, godt faglig miljø og er stolt av arbeidsplassen sin og dens rykte. Slik jeg ser det er dagens rekrutteringsproblemer dessverre et resultat av de dårlige vilkårene som gjelder pr. idag.

Et annet sentralt tema er dette med arbeidsmiljø. For å opprettholde et godt arbeidsmiljø som fungerer både faglig og sosialt er det viktig at det ansettes den rette arbeidstakeren. Ansettelsene er kommunens ansvar med lite påvirkning fra de andre fastlegene som kommende kolleger. Muligens skulle fastlegene kunne ha et ord med i laget når nye skal ansettes?

Fra kolleger samt egen erfaring har jeg opplevd et tungvint og ikke optimalt fungerende IKT system. Dette fører til mye frustrasjon i hverdagen, unødvendig tidsbruk på noe som ikke bør tilhøre fastlegens oppgaver og heller ikke gagnar pasientene.

Oppsummert er 4 helt konkrete tiltak som jeg mener er nok til at Herøy kommune ville blitt en attraktiv arbeidsplass for fastleger både når det gjelder å beholde og rekruttere:

- 1.) Etablert bedre økonomiske rammer i form av "0-avtale" der kommunen får basistilskuddet til hver enkelt lege. Dette vil kunne erstatte dyre vikaravtaler og kortsiktige ansettelser, men prioritere de som faktisk har ønske om å arbeide i Herøy kommune.
- 2.) Fagdager med økonomisk kompensasjon, og støtteordninger for kursdeltakelse
- 3.) Gi fastlegene mulighet til å medvirke i ansettelser av medarbeidere
- 4.) Bedring av IKT, betalingsterminal og tiltak som effektiviserer driften

Gjennom disse tiltakene vil Herøy kommune bli en attraktiv og konkurransedyktig arbeidsplass med gode vilkår. Det må forventes at antall søkere vil øke drastisk og kommunen vil kunne ansette personer som er godt kvalifisert. Alt i alt vil dette bidra til en stabil legedekning som tilbyr forsvarlig helsehjelp til **alle** kommunens innbyggere, noe man kan diskutere om man har idag.

Dette er mine personlige innspill.

Med helsing
Stian Klock,
Kommende fastlege v/ Myrvåg legesenter

Referat fra møte i samarbeidsutvalget, 4.feb 2016.

Desse møtte: Leiv Aarflot, Bjørn Otterlei, Roger Kvalsvik, Lina Brandal, Ingebjørg Toftesund, Heidi Nanette Herrmann. Referent kommuneoverlegevikar Jan Magne Remøy.

Sak 4: Rekrutteringsplan:

- Planen vart gjennomgått.
 - Det var framheva at god kompetanse blant fastlegane er eit viktig moment for jobbsøkjande legar. Spesialisering som allmennlege er derfor avgjerande både for å oppretthalde kompetansenivået og med tanke på rekruttering. Det er derfor eit ynskje om at pkt 4.2, siste kulepunkt vert fjerna, eventuelt at det vert eksplisitt sagt at legar ved tilsetjing må vere eller starte på spesialisering som allmennlege.
- Rekrutteringsordning vert diskutert, og ein har negative erfaringar med stipend til elevar, og oppbinding for 1år. Fastlegane ønsker ikkje dette.
- Det blir poengtert viktigheita av like økonomiske rammevilkår. Pr no er det ulik kontorleige ved dei 2 kontora i kommuna. I tillegg har vikarane klart betre vilkår enn fastlegane, noko som blir sett på som svært problematisk av fastlegane. Det er svært vanskeleg å finne vikarar som har gode kvalifikasjonar, og som er villige til å betale for å jobbe. Dette medfører at dei har avtalar der dei ikkje betalar leige, medan dei faste legane betalar kontorleige på oppmot 23.000kr pr mnd. Dette kjenes djupt urettferdig. Kommuna vil ha behov for vikarar framover, pga fleire utdanningspermisjonar, forhåpentlegvis i mindre grad enn no. Fastlegane meiner at for å bevare eksisterande fastlegar, rekruttere nye legar, samt få gode vikarar framover, er einaste mulegheit å innføre nullavtale ei periode.
- Det var ved siste utløyasing i Ulstein 12 kvalifiserte søkarar, i Herøy ingen som vart vurdert som kvalifiserte. Dette viser at det er ei stor utfordring å skaffe nye legar i Herøy pr dato.



Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2016/207
		Arkiv:	103

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
46/16	Formannskapet	08.03.2016
46/16	Kommunestyret	17.03.2016

HØYRING - FORSLAG TIL NYTT INNTEKTSSYSTEM KOMMUNAR

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 08.03.2016

Kommunestyret syner til kommentarane i saksutgreiinga og Herøy kommune ser med uro på regjeringa sitt framlegg til nytt inntektssystem. Dette fordi ein stadig større del av driftsulempene i tenesteytinga vert definert som frivillige utgifter.

Kommunestyret er samd i at dagens inntektssystem har trong for ein revisjon, men meiner samstundes at forslaget, som er sendt til høyring, vil kunne representere ei dreining i retning av endå større sentralisering og bidra til at tenestetilbodet i distrikta vert svekka i høve tenestetilbodet i meir tettbygde strok.

Kommunestyret påpeikar at det ikkje er nokon garanti for at større kommunar gir eit betre og meir effektivt tenestetilbod. Kostnadane ved ei eventuell samanslåing er ikkje kjende og må belysast. Desse må også sjåast i samanheng med ein eventuell reduksjon av kommunens inntekter som følgje av eit nytt inntektssystem.

Kommunestyret presiserer at eingongstilskott og reformtilskott i samband med kommunereforma ikkje skal gå på bekostning av framskrivinga av dagens nivå på inntektsoverføringa til kommunesektoren.

Tilråding:

Kommunestyret syner til kommentarane i saksutgreiinga og Herøy kommune ser med uro på regjeringa sitt framlegg til nytt inntektssystem. Dette fordi ein stadig større del av driftsulempene i tenesteytinga vert definert som frivillige utgifter.

Kommunestyret er samd i at dagens inntektssystem har trong for ein revisjon, men meiner samstundes at forslaget, som er sendt til høyring, vil kunne representere ei dreining i retning av endå større sentralisering og bidra til at tenestetilbodet i distrikta vert svekka i høve tenestetilbodet i meir tettbygde strok.

Kommunestyret påpeikar at det ikkje er nokon garanti for at større kommunar gir eit betre og meir effektivt tenestetilbod. Kostnadane ved ei eventuell samanslåing er ikkje kjende og må belysast. Desse må også sjåast i samanheng med ein eventuell reduksjon av kommunens inntekter som følgje av eit nytt inntektssystem.

Kommunestyret presiserer at eingongstilskott og reformtilskott i samband med kommunereforma ikkje skal gå på bekostning av framskrivinga av dagens nivå på inntektsoverføringa til kommunesektoren.

Særutskrift:

Vedlegg:

Høyringsnotatet

Saksopplysningar:

Regjeringa sendte ut denne pressemeldinga 17.12.2015:


”Regjeringen vil legge til rette for sterke og levende lokalsamfunn i hele landet, og sender nå forslag til nytt inntektssystem for kommunene ut på høring. – Vi ønsker å gjøre inntektssystemet enklere og mer rettferdig, og ivareta en god distriktsprofil, sier kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner.

Befolkningssammensetning, bosettingsmønster, infrastruktur og levkår i kommunene forandres over tid. Derfor er det et mål å oppdatere kostnadsnøkkelen med jevne mellomrom. Oppdateringen er basert på faglige analyser som forklarer hvorfor kommunenes utgifter varierer.

Slik får kommunene inntektene sine

Frie inntekter er midler kommunene fritt kan disponere uten andre føringar fra staten enn gjeldende lover og regler.

- Fra innbyggerene
- Fra staten
- Frie inntekter



Regjeringen foreslår å fortsatt gi kompensasjon for utgifter til tjenester som skyldes lange avstander og spredt bosetting, for eksempel til grunnskole og hjemmetjeneste.

Kommuner som er ufrivillig små vil fortsatt få fullt basistilskot, som i hovedsak dekker administrasjon. Dersom det er kort avstand til nabokommunen, er kommunen frivillig liten. Slike kommuner vil få et lavere basistilskot.

- Dagens inntektssystem belønner kommuner som velger å være små. Det fører til at kommuner som slår seg sammen over tid taper inntekter. Vi vil gjøre systemet mer nøytralt og fjerne hindringer for kommunesammenslåing. Vi vil derfor skille mellom kommuner som er ufrivillig små på grunn av spredt bosetting og lange avstander, og kommuner som selv velger å være små, sier Sanner.

I forslaget foreslår regjeringen å videreføre, men målrette de regionalpolitiske tilskuddene. Regjeringen vil slå sammen de regionalpolitiske tilskuddene til ett distriktstilskudd for Sør-Norge og ett distriktstilskudd for Nord-Norge/Namdalen.

- Småkommunetilskuddet blir videreført, men vil bli mer målrettet mot kommuner som har reelle distriktspolitiske utfordringer. I tillegg ønsker vi at en større del av tilskuddene skal gis per innbygger, og noe mindre per kommune. Slik vil systemet bli mer rettferdig ved at kommuner med flere innbyggere får høyere tilskudd enn kommuner med færre innbyggere, sier Sanner.

Kommuner som bestemmer seg for å slå seg sammen i denne stortingsperioden, får beholde basistilskot og regionalpolitiske tilskudd som i dag uavkortet i 15 år, og deretter få en nedtrapping over fem år. Slik blir den økonomiske situasjonen mer forutsigbar for kommunene, samtidig som de får god tid til omstilling. Reformstøtte og omstillingsstøtte kommer i tillegg.”

OMTALE AV HØYRINGSNOTATET

Høringsnotatet kan grovt sett delast inn i 3.

- A. Nye kostnadsnøklar for kommunane
- B. Forslag til endringar i dei regionalpolitiske tilskota
- C. Oppsummering av skatteelementa i inntektssystemet

A NYE KOSTNADSNØKLAR FOR KOMMUNANE

Vi ser først kort på dagens system:

I tenesteytinga er det til dels store kostnadsskilnader mellom kommunane. Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet skal kommunane i prinsippet få full kompensasjon for dei kostnadsskilnadane som dei sjølve ikkje kan påverke. Det gjeld til dømes aldersfordelinga, og strukturelle og sosiale tilhøve i kommunen. Denne kompensasjonen skjer i praksis gjennom kostnadsnøkkelen, som består av ulike kriterium med vektorer. Gjennom kostnadsnøkkelen, og eit oppdatert sett med kriteriedata, blir utgiftsbehovet for kvar kommune berekna, og deretter blir tilskotet fordelt til kommunane etter deira varierende utgiftsbehov. Utgiftsutjamninga er ei rein omfordeling – det som blir trekt inn frå nokre kommunar blir delt ut att til andre kommunar.

Tabellen under viser samla kostnadsnøkkel for kommunane i 2016, og kva for vekt kvart kriterium har.

Kostnadsnøkkel for kommunane 2016:

Kriterium	Kriterievektor
Innbyggjarar 0–1 år	0,0055
Innbyggjarar 2–5 år	0,1268
Innbyggjarar 6–15 år	0,2880
Innbyggjarar 16–22år	0,0210
Innbyggjarar 23–66 år	0,0938
Innbyggjarar 67–79 år	0,0453
Innbyggjarar 80–89 år	0,0693
Innbyggjarar 90 år og over	0,0464
Landbrukskriteriet	0,0029
Reiseavstand innan sone	0,0132
Reiseavstand til nabokrets	0,0132
Basiskriteriet	0,0226
Innvandrarar 6–15 år, ekskl. Skandinavia	0,0083
Norskfødde med innvandrarforeldre 6–15 år, ekskl. Skandinavia	0,0009
Dødelegheitskriteriet	0,0460
Barn 0–15 år med einslig forsørgjar	0,0115
Låginntektskriteriet	0,0062
Uføre 18–49 år	0,0046
Flyktningar utan integreringstilskot	0,0047
Opphopingsindeks	0,0139
Urbanitetskriteriet	0,0177
Psykisk utviklingshemma 16 år og over	0,0461

Ikkje-gifte 67 år og over	0,0437
Barn 1 år utan kontantstøtte	0,0296
Innbyggjarar med høgare utdanning	0,0188
Sum	1,0000

Dette er vidare delt inn i desse delkostnadsnøklane:

- Pleie og omsorg
- Grunnskule
- Barnehage
- Administrasjon, miljø og landbruk
- Sosialtenester
- Kommunehelse
- Barnevern

Under er det gjort greie for dei **endringane** som regjeringa foreslår i notatet:

Delkostnadsnøkkel Barnevern

Det er ingen endringar i kriteria (dvs ingen kriterium er fjerna eller nye er innført).

Men på desse kriterium er vektinga endra:

- Innbyggjarar 0-22 år (ned)
- Barn 0-15 år med einsleg forsørgjar (opp)
- Låg inntekt (opp)

Om forslaget til endringar vert endeleg representerer det ei negativ utvikling for Herøy kommune med 4,8% eller kr 1.070.000,-.

Delkostnadsnøkkel sosiale tenester

Urbanitetskriteriet utgår, og vert erstatta med aleneboende 30-66 år (med litt lågare vekt).

Opphopningsindeksen vert vekta ned frå 0,28 til 0,17.

Desse kriteria vert vekta opp:

- Innbyggjarar 16-66 år
- Flyktningar utan integreringstilskot
- Uføre 18-49 år

Om forslaget til endringar vert endeleg representerer det ei positiv utvikling for Herøy kommune med 6,3% eller kr 565.000,-.

Delkostnadsnøkkel kommunehelse

Dødelighetskriteriet går ut.

Innbyggjar over 22 år ver delt i 2 grupper (23-66 år og over 67 år).

Desse kriteria er vekta opp:

- Basiskriteriet
- Innbyggjar 67 år og eldre

Desse kriteria er vekta ned:

- 0-22 år
- 23-66 år
- Sone
- Nabo

Om forslaget til endringar vert endeleg representerer det ei positiv utvikling for Herøy kommune med 3,0 % eller kr 715.000,-.

Delkostnadsnøkkel administrasjon, miljø og landbruk

Denne nøkkelen vert splitta i 2:

- Administrasjon og miljø
- Landbruk

Administrasjon: Ingen endring

Landbruk: Areal dyrka mark ut går ut. Antall jordbruksbedrifter får større vekt

Samla: Landbruk og basis får mindre vekt- Antall innbyggjarar går tilsvarande opp. Om forslaget til endringar vert endeleg representerer det ei positiv utvikling for Herøy kommune med 0,3%, men eller kr 35.000,-.

Delkostnadsnøkkel barnehage

- Barn 1 år utan kontantstøtte vert vekta ned frå 0,18 til 0.10
- Barn 2-5 år vert vekta opp frå 0,71 til 0,78
- Ingen endring i utdanningskriteriet

Når det gjeld siste kulepunkt (ingen endring i utdanningskriteriet) så står det mellom anna dette på side 36 i høyringsnotatet:

....."Etter 2011 har departementet gjort nye analyser med oppdaterte tall jevnlig. Disse analysene har alle vist at dagens delkostnadsnøkkel har holdt seg godt, og alle kriteriene har vært stabile og statistisk signifikante i hele perioden. Det har siden innføringen av delkostnadsnøkkelen i 2011 blitt stilt spørsmål ved om utdanningskriteriet er et godt kriterium til å forklare forskjeller i kommunenes utgifter til barnehage. Kriteriet har til dels blitt oppfattet som et normativt kriterium. Alle analyser siden 2011 har imidlertid vist at dette er et godt kriterium for å fange opp faktiske kostnadsforskjeller mellom kommunene.".....

Høyringsnotatet omtalar også ein alternativ delkostnadsnøkkel for barnehage:

- Barn 1- 5 år med vekt på 0,8093
- Antal heiltidstilsette 20-44 år med vekt på 0,1907

Den alternative delkostnadsnøkkelen har i følge KS lågare forklaringskraft enn vidareføring av dagens kriterium.

Om forslaget til endringar vert endeleg representerer det ei negativ utvikling for Herøy kommune med 0,5% eller kr 544.000,-.

Delkostnadsnøkkel grunnskule

- Kriteriet norskfødte 6- 15 år med innvandrarforeldre (eksl Skandinavia) går ut
- Sone og nabokriteriet vert vekta ned
- Innbyggjarar 6- 15 år vert vekta litt opp

Om forslaget til endringar vert endeleg representerer det ei positiv utvikling for Herøy kommune med 0,2%, men likevel vil tilskotet bli redusert med kr 596.000,-.

Delkostnadsnøkkel Pleie og omsorg

Innbyggjarar 0-66 år og basiskriteriet vert vekta opp.

Innbyggjarar 90 år (og over) og psykisk utviklingshemma 16 år (og over) vert vekta ned.

NB: Nedtrapping av psykisk utviklingshemma vil også berøre toppfinansieringsordninga for ressurskrevjande tenester.

Om forslaget til endringar vert endeleg representerer det ei negativ utvikling for Herøy kommune med 0,4% eller kr 213.000,-.

Konklusjon delkostnadsnøklar

Forslaget til nye kostnadsnøkler er hovudsakelig er ei rein oppdatering/mindre justering av dei kostnadsnøkler som gjeld i dag.

Herøy kommune har eit samla netto tap på kr. 1.183.000 som følge av dei endringane som vert foreslått. Forslaget til endringar i utgiftsutjamninga resulterer i auka vektlegging av demografi og mindre vektlegging av busettingskriteriet. Dette gjer at Herøy sine driftsulempar i dag med desentralisert tenestestruktur i auka grad vert frivillige kostnader som kommunen må dekkje sjølv gjennom omprioritering i tenestene og/eller. eigedomsskatt. Volda kommune har allereie i perioden 2011 til 2016 hatt ein nedgang på 15 millionar kroner over utgiftsutjamninga.

Tap som følge av innføring av strukturkriteriet kjem i tillegg (sjå neste avsnitt).

Nytt strukturkriterium

Høringsforslaget presenterer vidare eit opplegg for å skilje mellom frivillige og ufrivillige smådriftsulempar, gjennom bruk av eit strukturkriterium for fastsetting av basistilskot. Det måler reiseavstand for den enkelte innbyggjar for å møte 5 000 innbyggjarar vert målt med

utgangspunkt i grunnkretsens befolkningsmessige sentrum). Gjennomsnittet for alle kommunens innbyggjarar blir kommunens verdi. Kommunens verdi vert målt mot 3 alternative grenseverdier:

- 25,4 km
- 16,5 km
- 13,3 km

Strukturkriteriet vert nytta til å gradere kommunens basistilskot. Medan alle kommunar i dag får eit fullt basistilskot, 13,2 mill. kroner i 2016, ville bruken av eit strukturkriterium medført at kommunen ville fått mellom 0 og 13,2 mill. kroner i basistilskot.

Kommunesektorens samla inntekter vil ikkje bli berørt av forslaget, fordi reduksjonen i basistilskot vil bli beholdt i det samla inntektssystemet, men gir omfordelingsverknader mellom kommunane.

- Kommune som har lang reiseavstand for å nå 5.000 innbyggjarar vil oppretthalde tilskottet på om lag 13,2 millionar i 2016-kroner
- Kommune som ligg tett opp til 5.000 innbyggjarar vil få dette beløp redusert i takt med kortare reiseavstand

KS har gjort utrekningar som viser konsekvensar for den enkelte kommune. Tabellen under viser Herøy kommune sitt tap målt mot dei 3 ulike grenseverdiane:

Grenseverdi	25,4 km	16,5 km	13,3 km
Tap Herøy kommune	kr 6 003 000	kr 5 423 000	kr 4 722 000

Dersom forslaget til endra kostnadsnøklar og strukturkriteriet med grenseverdi på 25,4 km vert innført vil Herøy kommune få redusert sine overføringsinntekter (rammetilskottet) med kr 7.186.000,- eller med kr 804,- per innbyggjar.

B FORSLAG TIL ENDRINGAR I DEI REGIONALPOLITISKE TILSKOTA

Dett er i dag 3 regionalpolitiske tilskot i inntektssystemet:

- Småkommunetilskot (kommunar som har færre enn 3200 innbyggjarar)
- Nord Norge og Namdalen tilskot
- Distriktstilskot Sør Norge

Herøy kommune kvalifiserer sjølvsagt ikkje for dei 2 første tilskota. Vi er heller ikkje definert til å ha store nok distriktsutfordringar til å kome inn under Distriktstilskot Sør Norge.

Det vert foreslått å slå saman småkommunetilskot og Driftstilskot Sør Norge til eit tilskot. Ein kan ikkje sjå at dette har konsekvensar for Herøy kommune.

C OPPSUMMERING AV SKATTEELEMENTA I INNTEKTSSYSTEMET

Høyringsnotatet har ein omtale av dagens ordning:

Utjamning av skatteinntekter skjer løpande gjennom året. Systemet fungerer slik:

- Kommunane får kompensert 60 % av differansen mellom eige skattenivå og skattenivået på landsbasis.
- Kommunar med skatteinntekter over landsgjennomsnittet blir trekt 60 % av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.
- Kommunar som har skatteinntekter under 90% av landsgjennomsnittet, får i tillegg kompensert 35% av differansen mellom eigne skatteinntekter og 90% av landsgjennomsnittet.

Høyringsnotatet slår fast at selskapsskatten skal vere ein del av skatteutjamninga. Den modellen som er skissert tidlegare vil ikkje vere til noko gode for Herøy kommune slik situasjonen er i dag. I eit tidlegare skriv i samband med dette forslaget vart Herøy kommune peikt ut som ein av dei store taparane.

Det er ingen konkrete forslag til endringar i dagens modell.

Skatteandel er definert som kor mykje skatteinntektene utgjer av kommunesektoren sine samla inntekter. Regjeringa seier at skatteandel er noko som vert bestemt i samband med kommuneopplegget i statsbudsjettet for kvart år.

Regjeringa seier følgjande i regjeringsplattforma:

Del 10 – Kommunal:

«Kommunene har ansvaret for grunnleggende velferdstjenester, og skal være mest til for de som trenger det mest.»

«For at kommunene skal kunne ivareta sine oppgaver, er det nødvendig med en robust, forutsigbar og god kommuneøkonomi. Det er behov for en helhetlig gjennomgang av inntektssystemet for fylker og kommuner. Regjeringen vil la den enkelte kommune beholde mer av sine egne skatteinntekter. Blant annet skal kommunene få beholde en del av selskapsskatten der hvor verdiene er skapt. Regjeringen vil styrke økonomien i kommuner med store investeringsbehov som følge av sterk befolkningsvekst. Regjeringen vil gjennomføre endringene gradvis og på en forutsigbar måte.» (Understreking gjort av rådmann)

Rådmannen gjer merksam på at nivået på at skatteandel har store fordelingsmessige konsekvensar:

- Høg skattedel er ein fordel for skatterike kommunar (slik søm Herøy og Ulstein kommunar i vår region) slik ordninga er i dag.
- Låg skattedel er ei ulempe for skattefattige kommunar (slik som Volda kommune).

Vurdering og konklusjon:

Herøy kommune kan i verste fall miste omlag 7,2 mill kr (der 6,0 mill kr er knytt til strukturkriteriet) slik høyringsnotatet ligg føre.

Ved kommunesamanslåing vil bortfall av basistilskot (knytt til strukturkriteriet) bli fullt ut kompensert i 15 år, og deretter fasa ut over dei neste 5 åra.

Det er eit par utfordringar knytt til høyringsnotatet.

For det første vert det skissert fleire ulike modellar. 2 alternativ på delkostnadsnøkkel på barnehage og grenseverdiar på reiseavstand er døme på det. Kor mykje Herøy kommune tapar er avhengig av kva for modell som vert valt.

For det andre seier høyringsnotatet ingenting om framtidig skattedel. Nivået på skattedelen har store fordelingsverknader mellom kommunane.

Forslaget gir heller ikkje gode nok avklaringar på kva basistilskot som skal gjelde frå 1. januar 2017 dersom ein har vedtak om kommunesamanslåing. Skal nytt basistilskot, eller skal dagens basistilskot, gjelde fram til samanslåingstidspunktet?

Ein vesentleg faktor som er underkommunisert er at inntektssystemet er eit omfordelingssystem der staten fastheld storleiken på kaka, slik at endringar inneber at ein må redusere frå nokre kommunar for å styrke andre. Det store grepet i dette forslaget er at kommunar rundt 12 000 innbyggjarar og oppover, samt kommunar med korte avstandar vert bidragsytarar for å styrke byane. Endringa er lagt opp til å stimulere kommunesamanslåing og kompensere for kostnadene med den demografiske utviklinga knytt til hovudsakleg til urbanisering rundt dei sentrale områda i landet. Ein kan godt diskutere om det er rett at endringa av inntektssystemet vert lansert før ein gjennom lokale prosessar har landa kommunestrukturen, jfr kommunalministeren sine uttrykte intensjonar om at ein lokalt skal kome til semje om korleis kommunekartet skal sjå ut. No tek regjeringa sjølv grep om kommunekartet slik at dette i stor grad kjem til å samsvare med korleis ein kjem ut i det nye inntektssystemet. Rådmannen har også forståing for at regjeringa gjennom inntektssystemet stimulerer til kommunesamanslåing når det allereie er slått fast at det er eit fleirtal på Stortinget for å gjennomføre ei kommunereform.

Dersom det vert mange kommunar som slår seg saman og utløyser eingongstilskot og reformtilskot, så skal dette også dekkjast av den same kaka til kommunesektoren. Det vil resultere i at kommunane samla sett får lågare overføringar frå staten. Det er viktig at tilskota i samband med kommunereforma kjem oppå nivået for samla overføringar til kommunesektoren.

Slik strukturmodellen er sett saman er det mange som har kommentert den som sentraliserande. Det er ikkje eit heilt korrekt bilete. Det ein ser er at det er store byane samt arealmessig store kommuner med lavt innbyggjartal som vert dei store vinnarane av omlegginga.

Økonomiske konsekvensar:

Herøy kommune taper på forslaget til endringane i kriterienøklane. Herøy kommune vil tape på forslaget til endring av strukturkriteriet dersom kommunen held fram som eiga kommune. Herøy kommune vil tape på eventuell endring av forholdet mellom skatt og ramme der skattedelen vert auka pga innføring av selskapsskatt. Det er det til ein kvar tid gjeldande inntektssystem som avgjer nivået på tenesteproduksjonen (kvantitet og kvalitet). Korleis innbyggjarane vil merke desse endringane dersom dei vert vedtekne, handlar om kor vidt kommunestyret vil tilpasse seg desse endringane gjennom tenestestruktue og evt kommunestruktur.

NB: I saksutgreiinga har vi tatt utgangspunkt i Volda si saksutgreiing.
I tillegg har vi henta inn synspunkt frå Hareid kommune og eigne kommentarar.

Fosnavåg, 10.02.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Personal- og organisasjonsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JVDH	Arkivsaknr:	2016/248
		Arkiv:	032

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
47/16	Formannskapet	08.03.2016
47/16	Kommunestyret	17.03.2016

ARBEIDSGJEVARPOLITIKK I HERØY KOMMUNE

Møtebehandling:

Formannskapet kom med slikt framlegg til endring i tilrådinga:
Formannskapet ber om at arbeidsgjevarpolitikken vert revidert

Tilråding i Formannskapet - 08.03.2016

Gjeldande arbeidsgjevarpolitikk vert teke til vitande og formannskapet
ber om at arbeidsgjevarpolitikken vert revidert

Tilråding:

Gjeldande arbeidsgjevarpolitikk vert teke til vitande.

Administrasjonen vurderer om det er behov for å reviderer arbeidsgjevarpolitikken.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Arbeidstakarorganisasjonane
- Hovudverneombod

Vedlegg: 1

1 Arbeidsgjevarpolitikk i Herøy kommune vedteken i kommunestyret 24.06.2004

Saksopplysningar:

Frå 1. september 2003 jobba ei partsamansett arbeidsgruppe med mandat frå dåverande formannskap for å utvikle ny arbeidsgjevarpolitikk i Herøy kommune. Etter kvart vart kommunen prosjektkommune under Stifinnarprogrammet, og ordførar vart representert.

Arbeidsgruppa utarbeida forslag til ordlyd innan ulike delområde, som igjen vart gjenstand for drøftingar i ulike fora, slik som leiarsamlingar, verneomboda, tillitsvalde og avdelingsleiarar.

Forslaget til arbeidsgjevarpolitikken vart sendt på høyring i organisasjonen og politisk i april 2004, jf. Følgeskriv til forslag til arbeidsgjevarpolitikk i Herøy kommune den 05.03.2004.

I saksutgreiing til Administrasjonsutvalet den 18.05.2004. Vart det stadfesta at forslaget hadde vore på høyring. Det vart presisert i saka at arbeidsgjevarpolitikken skal «vise retning og vere eit styringsreiskap» for kommuneorganisasjonen.

Arbeidsgjevarpolitikken vart handsama i Administrasjonsutvalet den 25.05.2004. Den 16.06.2004 vart han handsama i Formannskapet og endeleg vedteken i Kommunestyret den 18.06.2004.

Kommunen sin vedtekne arbeidsgjevarpolitikk er samansett at 14 delområder, sjå vedlegg;

1. Mål
2. Verdigrunnlag
3. Rekruttering
4. Leiing
5. Leiarkriteriar
6. Medarbeidarkriteriar
7. Organisasjonskultur
8. Kompetanse
9. Ligestilling
10. Informasjon
11. Løn
12. Medraderett
13. HMT og sosiale tiltak

14. Oppfølging og endring av arbeidsgjevarpolitikken

Arbeidsgjevarpolitikken punkt 14 sei at han skal «takast opp til revisjon annankvart år og kan justerast ved behov».

Politisk leiing har bedt om å få framlagt gjeldande arbeidsgjevarpolitikk for gjennomgang og vurdering.

Vurdering og konklusjon:

Arbeidsgjevarpolitikken har den siste tida vore jamnleg diskutert i leiargruppa, bl.a. på siste leiarsamling. Det er ei gjengs oppfatning at politikken i seg sjølv står seg godt.

Det har kome innspel om at arbeidsgjevarpolitikken kan verke noko ordrik og omfattande. Likeeins spenner han frå det det heilt overordna og generelle, til det heilt konkrete tiltak og verkemiddel.

Administrasjonen erkjenner at det er ei utfordring å til ein kvar tid nytte arbeidsgjevarpolitikken som grunnlag og rettesnor på dei områda som han omfattar. Det syner seg at einskilde avdelingar nok er flinkare enn andre til nett dette.

Ved utforming av ny og meir omfattande lønspolitik i 2015, vart arbeidsgjevarpolitikken nytta som overordna rettesnor. Det er synt til arbeidsgjevarpolitikken konkret i lønspolitikken.

Rådmannen har gjeve personal- og organisasjonsleiar oppdraget med å lage eit oversyn over overordna på politikk og reglement. Desse skal vurderast for ein meir omfattande revisjon, basert på ei behovsprioritering.

I lys av det som er skrive her, meiner administrasjonen at det kan vere føremålstenleg med ein gjennomgang, revisjon og re-lansering av arbeidsgjevarpolitikken m.m.

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Tydlegare mål, grensesnitt og strategiar gjer at organisasjonen i større grad vil verte måloppnåande innanfor prioriterte område.

Fosnavåg, 22.02.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jan Vidar Dammen- Hjelmeseeth
Personal- og organisasjonsleiar

Sakshandsamar: Jan Vidar Dammen- Hjelmeseeth



ARBEIDSGJEVARPOLITIKK I HERØY KOMMUNE. VEDTEKEN I KOMMUNESTYRET 24.06.2004

FORORD

Herøy kommune sin arbeidsgjevarpolitikk er utarbeidd av ei partsamansett arbeidsgruppe, vedteken i Herøy kommunestyre 24.06.2004 og gjeld frå 01.07.2004.

Gjennom arbeidsgjevarpolitikken er også grunnlaget lagt for ein felles organisasjonskultur og eit arbeidsmiljø i tråd med kommunen som organisasjon sitt verdigrunnlag, leiarkriteriar og medarbeidarkriteriar.

Kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk er samansett av 14 delområder. Den synleggjer definisjonar, målsetjingar og prinsipp som er knytt opp mot konkrete verkemiddel for å nå måla. Arbeidsgjevarpolitikken er på eit overordna, strategisk nivå og er utgangspunkt for planar og prosedyrar på neste nivå.

Det er eit mål at arbeidsgjevarpolitikken skal ha eit livsfaseorientert fokus og skal vere eit levande dokument i organisasjonen. Utfordringa framover vert å omsetje arbeidsgjevarpolitikken til synleg handling i kvardagen.

Kommunestyret som overordna arbeidsgjevaransvarleg, leiarar og medarbeidarar i Herøy kommune har eit ansvar for at arbeidsgjevarpolitikken vert realisert.

Arnulf Goksøyr
- ordfører -

Rune Sjurgard
- rådmann -

1 MÅL

Hovudmål

Med arbeidsgjevarpolitikk meiner vi (Herøy kommune) dei verdiane, haldningane og handlingane som arbeidsgjevar står for og praktiserar overfor medarbeidarane i kommunen.

Arbeidsgjevarpolitikken skal:

- gje uttrykk for dei strategiar kommunen vel i arbeidet med å tilby riktige tenester med rett kvalitet gjennom effektiv ressursbruk
- fremje medarbeidarane sitt engasjement, innsats og utvikling
- fremje gjensidig respekt og lojalitet mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar

Delmål

Arbeidsgjevarpolitikken skal medverke til:

- at det vert arbeidd aktivt og systematisk med arbeidsgjevarspørsmål på alle nivå i organisasjonen
- at kommunen framstår som ein attraktiv og ansvarleg arbeidsgjevar med ansvarleggjorde medarbeidarar
- å sikre Herøy kommune som organisasjon nødvendig kompetanse for å nå måla sine
- å avklare rammevilkåra for medarbeidarane sitt arbeid og utvikling
- å utvikle arbeidsglede og stoltheit over eige og andre sitt arbeid og kommunen som arbeidsplass
- å stimulere til kreativitet og nytenking

2 VERDIGRUNNLAG

Innleiing

Verdigrunnlaget er arbeidsgjevarpolitikken sin plattform og skal gje uttrykk for Herøy kommune sitt menneskesyn både i forhold mellom arbeidsgjevar og tilsett, og mellom kommunen som organisasjon og innbyggjarane.

Verdiar for Herøy kommune som organisasjon

Verdi

Åtferd

Respekt

- akseptere ulikskapar
- for andre sine meiningar og ståstad
- opptre lojalt overfor andre

Likeverd

- behandle alle med respekt
- bidra til individuelle løysingar
- verdsette alle sitt bidrag

Openheit

- "takhøgde"
- fri intern diskusjon
- klare tilbakemeldingar
- ros i andre sitt påhøyr
- kritikk og misnøye skal rettast dit den høyrer heime, og berre dit

Ansvar

- for initiativ og resultat
- for eigen kompetanseutvikling
- for å tenkje heilheit(leg)
- for eige arbeidsmiljø
- for å følgje interne spelereglar og lojalt følgje avgjersler
- for å vere Herøy kommune sitt "ansikt utad"

Kvalitet

- i levering av produkt og tenester
- i utøvinga av mellommenneskelege relasjonar
- arbeide etter PUKK-hjulet (planlegge, utføre, kontrollere, korrigere)
- i høve fagetiske vurderingar

3 REKRUTTERING

Innleiing

Herøy kommune skal rekruttere personale med nødvendig kompetanse for å utføre dei tenestene som det til ei kvar tid er definert at brukarane har behov for.

Målsetjing

Herøy kommune skal

- arbeide for at kommunen framstår som ein attraktiv arbeidsgjevar som tiltrekkjer seg nye arbeidstakarar
- til ei kvar tid sikre rett person med rett kompetanse på rett plass
- gjennom rekrutteringspolitikken arbeide for ein jamnare fordeling av kvinner og menn i dei ulike avdelingane

Element i rekrutteringsarbeidet

- 1) Når det oppstår ledigheit i ei stilling, skal arbeidsgjevar vurdere i samarbeid med tillitsvalde om stillinga er i samsvar med verksemda sitt behov.
- 2) Behov for omplassering og vurdering av stillingsutviding for kvalifiserte faste deltidstilsette skal ivaretakast.
- 3) Rekruttering skjer som hovudregel ved ekstern utlysing med mindre tilfredsstillande kompetanse kan dekkast ved intern rekruttering eller er heimla i lov og/ eller avtaleverk.

4 LEIING

Definisjon

Leing inneber målretta styring med ansvar for at organisasjonen sine oppgåver vert løyste og at resultat vert oppnådd – gjennom og i samarbeid- med medarbeidarane sine.

Målsetjing

Herøy kommune sin leiingspolitikk skal bidra til at det vert utført kvalifisert leing på alle nivå i tråd med arbeidsgjevarpolitikken sine leiarkriteriar.

Verkemiddel 1

Kommunen sine leiarar skal utøve leing i tråd med Herøy kommune sine leiarkriteriar og leiarane skal vurderast i relasjon til desse, individuelle leiaravtalar og resultat av internkontroll/HMS.

Verkemiddel 2

Dersom ein leiar ikkje fungerer i samsvar med arbeidsgjevarpolitikken, årsplanar/resultatavtalar og/eller internkontroll, skal næraste overordna leiar ta opp dette etter nærare avtalte prosedyrer.

Verkemiddel 3

Herøy kommune skal gjennom eit kontinuerleg leiarutviklingsprogram sørge for å ha kvalifiserte leiarar på alle nivå.

Verkemiddel 4

Personalleing vert utøvd gjennom løpande kommunikasjon mellom leiar og medarbeidar, gjennom systematisk informasjon, rapportering og gjensidig tilbakemelding.

Verkemiddel 5

Herøy kommune skal legge til rette for teamutvikling for leiarteam i kommunen. Bruk av preferansetestar kan nyttast dersom det er ønskjeleg.

Verkemiddel 6

For leiarar som ikkje lenger ønskjer å halde fram i ei leiarstilling, skal arbeidsgjevar så langt råd tilstrebe å gje vedkomande eit karrieretilbod som tek vare på, verdsett og utviklar deira kompetanse.

Verkemiddel 7

Alle som vert tilsett i ei leiarstilling skal ha introduksjon (fagleg og sosialt) til stillinga. Den nærast overordna har ansvaret for å tilrettelegge for dette.

5 LEIARKRITERIAR

Innleiing

Leiarar i Herøy kommune skal ivareta følgjande oppgåver, som kan vere ulikt vekta avhengig av stillingsfunksjon:

- Strategisk leiing (planlegging, utvikling, prioritering)
- Administrativ (organisering og økonomi)
- Fagleg leiing
- Personalleiing

Målsetjing

Leiing skal vere tufta på ei løysingsorientert, lojal og ansvarsbevisst haldning i samsvar med gjeldande lov/avtaleverk og reglement. Leiararskap i Herøy kommune skal kome til uttrykk gjennom leiarkriteriar innan følgjande definerte områder.

Resultatoppnåing

- Fastsetje mål og oppnå resultat i følgje leiaravtalar og avdelingsvise årsplanar.
- Bidra til at andre avdelingar lukkast.
- Bidra til høg nærversprosent av medarbeidarane.

Kompetanse

- Sørgje for eiga kompetanseutvikling.
- Kjenne medarbeidarane sin kompetanse og nytte denne til dei rette oppgåvene.
- Legge til rette for at medarbeidarane får utvikla kompetansen sin.
- Handtere konflikter.

Lagånd

- Legge til rette for og stimulere til samarbeid.
- Teamutvikling
- Bruke ulikskapar positivt som ein styrke i avdelinga.
- Synleggjere Herøy kommune sitt verdigrunnlag i kvardagen.
- Sørge for at alle medarbeidarane ser sitt bidrag til heilheit/ resultatet for Herøy kommune.
- Bidra til samarbeid i avdelinga på tvers av avdelingar og interkommunalt.

Kommunikasjon

- Gje og ta imot konstruktiv tilbakemelding
- Lytte aktivt slik at medarbeidarane får kome fram med sine synspunkt og oppleve å bli høyrd.
- Uttrykkje sine forventningar og vurderingar på ein klar og sakleg måte.
- Framstå som forutsigbar.
- Handtere ueinigheit.

Læring og endring

- Bidra til "livslang" læring for seg sjølv og medarbeidarane.
- Ta initiativ til forbetring og nye arbeidsmetodar.
- Bidra til endringsberedskap/ endringskompetanse i organisasjonen
- Bidra til tryggleik i endringsprosessar.
- Kan leie under omstilling og uforutsigbarheit.

- Evne og ferdigheit til å gjennomføre PLUS-samtalar

6 MEDARBEIDARKRITERIAR

Innleiing

Å vere medarbeidar i Herøy kommune inneber å vere løysingsorientert, lojal og ha ei ansvarsbevisst haldning. Innhaldet i Herøy kommune sin arbeidsgjevarpolitikk skal danne bakgrunn og vere retningsgivande for medarbeidaren sitt arbeid og atferd.

Målsetjing

Alle medarbeidarane skal innanfor sitt arbeidsområde medverke til at oppgåvene vert løyste best mogleg innan dei gitte rammene. Dette føreset samarbeid innad og mellom alle avdelingane for at både medarbeidarane og kommunen skal oppnå resultat i samsvar med innbyggjarane sine behov. Å vere medarbeidar i Herøy kommune skal kome til uttrykk gjennom medarbeidarkriteriar innan følgande definerte områder.

Resultatoppnåing

- Oppnå resultat i forhold til årsplan og individuelle medarbeidaravtalar (PLUS, (planleggings- og utviklingssamtale))
- I forhold til konkrete arbeidsoppgåver

Kvalitet

- Kvalitet på utført arbeid
- Kvalitet på samarbeid og service
- Kvalitet i mellommenneskelege relasjonar

Service

- Utvise servicehaldning med vekt på løysingsorientering og effektivitet

Lagånd

- Samarbeide med leiar og øvrige kollegaer og på denne måten ta medansvar for å utvikle og ivareta eit godt arbeidsmiljø
- Arbeide tverrfagleg

Kommunikasjon

- Gje og ta imot konstruktiv tilbakemelding
- Lytte aktivt
- Uttrykkje seg på ein klar og sakleg måte
- Aktivt søkje informasjon i organisasjonen

Læring og endring

- Ta initiativ til forbedring og nye arbeidsmetodar
- Ha vilje til endring
- Kunne arbeide under omstilling og uforutsigbarheit
- Utvikle kompetansen sin

7 ORGANISASJONSKULTUR

Innleiing

Organisasjonskulturen seier noko om haldningar, verdiar og klima som pregar organisasjonen. Organisasjonskulturen vert skapt over tid. Herøy kommune sin organisasjonskultur og arbeidsmiljøutvikling skal bygge på verdigrunnlaget i arbeidsgjevarpolitikken og kome til uttrykk i handling og samhandling.

Målsetjing

Herøy kommune sin organisasjonskultur skal bidra til at oppgåvene vert løyst i eit miljø som er prega av tryggleik, engasjement, initiativ og ansvar, utført med ei imøtekomande innstilling. Herøy kommune skal verte oppfatta som ein attraktiv arbeidsplass. Kommunen legg stor vekt på samarbeidet mellom arbeidsgjevar og tillitsvalde (jfr. delområde 12)

Herøy kommune ønskjer ein tilbakemeldingskultur som eit ledd i personleg utvikling og organisasjonsutvikling.

Verkemiddel 1

Alle medarbeidarane skal gje konstruktive tilbakemeldingar på det dei opplever i tråd med/i strid med arbeidsgjevarpolitikken.

Verkemiddel 2

Planleggings- og utviklingssamtale (PLUS) skal brukast som systematisk verkemiddel av leiarane for vurdering og tilbakemelding av medarbeidarane sin jobbutføring og atferd.

Verkemiddel 3

Gjennomføre systematiske arbeidsmiljøkartleggingar og gjennomføre målretta prosessar for å utvikle arbeidsmiljø, samspel og leiing.

Verkemiddel 4

Vidareutvikle og praktisere faglege og sosiale møteplassar som motiverar og tilrettelegg slik at den einskilde får innflytnad (mynde) og tek ansvar i den daglege arbeidssituasjonen.

Verkemiddel 5

Arbeide for løns- og arbeidsvilkår som er attraktive og gjev rom for fleksibilitet og lokale tilpassingar.

Verkemiddel 6

Belønne avdelingar, etter nærare retningslinjer, som har godt arbeidsmiljø, høg arbeidsmotivasjon og trivsel.

Verkemiddel 7

Det skal utarbeidast introduksjonsmappe/ -program for nye medarbeidarar i kommunen.

8 KOMPETANSE

Definisjon

Med kompetanse meiner vi kunnskapar, ferdigheiter, haldningar og evner som fører til god tenesteyting, gjennom handlingar og resultat. Med komeptanse til organisasjonen meiner vi den totale kompetansen kommunen disponerar gjennom og i samarbeid med medarbeidarane.

Målsetjing

Herøy kommune sin kompetansepolitikk skal bidra til at kommunen har rett kompetanse på rett stad til rett tid.

Verkemiddel 1

PLUS (Planlegging- og utviklingssamtalen) er det viktigaste verkemiddelet for kompetansevurdering og kompetanseplanlegging for den einskilde medarbeidar.

Verkemiddel 2

Leiaren har ansvar for at stillings- og kravvurdering dannar grunnlag for rekruttering.

Verkemiddel 3

For vurdering av personlege eigenskapar til stillingar i kommunen skal medarbeidar- og leiarkriteriane leggst til grunn. Dette må gå fram av utlysingsteksten.

Verkemiddel 4

Til stillingar av leiande karakter kan om ønskjeleg preferansetestar nyttast.

Verkemiddel 5

Personal- og organisasjonsavdelinga vil gje råd om relevante kompetansetilbod og vil aktivt bistå leiar og medarbeidar i kompetansehevingssprossar.

Verkemiddel 6

Leiarane skal bruke prøvetidsordninga aktivt og gjennomføre to prøvetidssamtalar i prøvetida.

Verkemiddel 7

Herøy kommune skal kvart år vurdere kommunen sitt kompetansebehov. Dette skal gjerast av leiar i samarbeid med personal- og organisasjonsavdelinga. Dette arbeidet skal samanfattast i ein kompetanseutviklingsplan og rekrutteringsplan på avdelingsnivå.

Verkemiddel 8

Det skal leggst til rette for jobbrotasjon for fast tilsette som eit ledd i fagleg og personleg utvikling. I dette ligg det moglegheit for medarbeidarar å arbeide over kortare periodar i andre funksjonar for å komeptanseheve seg innan eksisterande stilling, eller med målsetjing om å kompetanseheve seg for andre stillingar i organiasjonen.

Jobbrotasjon skal vere motivert utifrå medarbeidaren sitt ønskje og eit resultat av PLUS og nedfelt kompetanseutviklingsplan. Jobbrotasjon kan skje internt i avdelinga

eller mellom avdelingane innan tilnærma likt stillingsnivå og føreset ledige stillingar i mottakande avdeling. Jobbrotasjon skal skje på bakgrunn av formelle retningslinjer.

Verkemiddel 9

Bidra til å auke vegleiingskompetansen (kollega-vegleiing, ekstern vegleiing) i organisasjonen. Legge til rette for å gjere nytte av eksisterande vegleiingskompetanse.

9 LIKESTILLING

Definisjon

Medarbeidarane sin rett til å delta på lik linje i organisasjonen.

Mål

Herøy kommune søker kontinuerleg å leggje til rette for at alle med ønska kvalifikasjonar vert gjeven dei same moglegheitene til å få arbeid i kommunen og vidareutvikle kompetansen sin innan organisasjonen, uvahengig av kjønn eller etnisk bakgrunn.

Verkemiddel 1

Ved mellombelse ledige stillingar eller ved prosjektgruppe-/ arbeidsgruppeleiing skal leiarar først vurdere om det underrepresenterte kjønn blant medarbeidarane som er kvalifisert for oppgåva, bør velgast for å gje alle likt høve til leiarkompetanse. Dersom det overrepresenterte kjønn vert valt, skal dette begrunnast og rapporterast dersom andelen av eitt kjønn er mindre enn 40 %.

Verkemiddel 2

I leiarteam skal ein tilstrebe ei kjønnsfordeling på minimum 40 % av kvinner eller menn. Avvik skal grunngjevast og rapporterast til rådmannen.

Verkemiddel 3

Ved kunngjering av stillingar skal det underrepresenterte kjønn oppmodast til å søkje, dersom det er underrepresentasjon av eitt kjønn innan fagområdet. Relevante personalpolitiske verkemiddel skal takast med i utlysingsteksten.

Verkemiddel 4

Arbeidsstokken i kommunen skal representere den generelle folkesamansetjinga. Det skal vurderast om det i utlysingsteksten bør stå at søkjarar med fleirkulturell bakgrunn skal oppmodast til å søkje.

10 INFORMASJON

Innleiing

Arbeidsgjevarpolitikken gjev klare føringar for informasjonsansvaret til leiarar og medarbeidarar i kommunen. Informasjon er eit verktøy for å forankre arbeidsgjevarpolitikken i alle ledd i kommunen sin organisasjon. Informasjonsflyten skal medverke til å skape betre motivasjon i det daglege arbeidet og tillit mellom tilsette og leiing.

Definisjon

Med informasjon meiner vi i denne samanhengen både ekstern og intern informasjon. Den eksterne informasjonen rettar seg mot kommunen sine innbyggjarar, det lokale næringsliv, pressa og offentlege myndigheiter. Målgruppa for den interne informasjonen er kommunen sine tilsette og folkevalde.

Hovudmålsetjing

Det overordna målet for den kommunale informasjonsverksemda er å formidle rett budskap til rett person/instans til rett tid via rett kanal.

Delmål

- ekstern informasjon skal styrke og utvikle det kommunale demokratiet og hjelpe innbyggjarane til å nyttiggjere seg den servicen som kommunen tilbyr
- intern informasjon skal bidra til gode og effektive beslutningsprosessar, både politisk og administrativt.

Verkemiddel 1

Den einskilde leiar er ansvarleg for at nødvendig informasjon vert gjeven på ein profesjonell måte i tråd med verdigrunnlaget i arbeidsgjevarpolitikken.

Verkemiddel 2

Leiar må nytte informasjonskanalar som ivaretek informasjonsbehovet til alle medarbeidarar uansett arbeidsplass og arbeidstidsordning.

Verkemiddel 3

Den einskilde medarbeidar har ansvar for aktivt å søkje og gje informasjon.

Verkemiddel 4

Kommunen skal, på bakgrunn av eit redaksjonelt råd, aktivt bruke internett som ein informasjonskanal og drive marknadsføring og profilering av kommunen.

Verkemiddel 5

Kommunen skal, på bakgrunn av eit redaksjonelt råd, aktivt bruke intranett som intern informasjonskanal.

11 LØN

Innleiing

Den kommunale Hovudtariffavtalen gjev dei lokale partane muligheit til å utforme og utøve ein lokal lønspolitikk. Hverande delområde skisserar overordna lønspolitiske prinsipp. Kommunen skal ha ein eigen Lønspolitisk plan, med føringar frå arbeidsgjevarpolitikken. Denne planen skal vere praktisk retta og skal rullerast annakvart år for å stadig vere tilpassa omgjevnadane. Dette delområdet er difor av overordna karakter og danner utgangspunkt for den lokale lønspolitiske planen. Lønsforhandlingar skjer mellom Herøy kommune som arbeidsgjevar og organisasjonane sine tillitsvalde.

Mål

Herøy kommune sin lønspolitikk skal bidra til at kommunen rekrutterar, beheld og stimulerar til vidareutvikling av kompetansen, slik at kommunen når måla sine.

Delmål A:

Lønspolitikken skal bidra til rekruttering av rett person til rett tid.

Verkemiddel A1

Lønsfastsetjing skal skje på bakgrunn av kompetanse, stillingsinnhald og generelt lønsnivå internt og eksternt.

Delmål B:

Lønspolitikken skal bidra til måloppnåelse

Verkemiddel B1

Ved lønsforhandlingar skal medarbeidarane vurderast med utgangspunkt i kommunen sine medarbeidarkriteriar. Kriteriane skal setast i relasjon til definerte arbeidsmål for medarbeidarane jfr. PLUS.

Delmål C:

Lønspolitikken skal stimulere til planlagt kompetanseutvikling.

Verkemiddel C1

Medarbeidarane som har gjennomført komeptanseutviklingstiltak som er planlagt i samråd med leiar, og som er i samsvar med kommunen sine kompetanseplanar, skal vurderast for lønsopprykk. Tiltaket si varigheit og krav til innsats, vil ha betydning for vurderinga. Eventuelle lønsopprykk vert gjeve ved dei årlege lønsforhandlingane.

12 MEDRÅDERETT

Innleiing

Medråderett i denne samanhengen beskriv forholdet og samarbeidet mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane med utgangspunkt i gjeldande lov- og avtaleverk. Leiarar på alle nivå i kommunen er ansvarlege for å tilrettelegge for eit godt samarbeid med dei tillitsvalde og halde dei informert.

Målsetjing

Mål for medråderett kommunen:

- arbeidstakarorganisasjonane og arbeidsgjevar skal gjennom samarbeid, medråderett og medansvar utvikle eit godt arbeidsmiljø
- Hovudavtalen skal nyttast aktivt ved å trekke dei tillitsvalde med så tidleg som muleg i saker som gjeld dei tilsette sitt arbeidsforhold
- Kommunen skal ha gode rutiner for utøvinga av medeåderett og medinnflytelse

Verkemiddel 1

Arbeidstakarorganisasjonane sin representasjon i Arbeidsmiljøutvalet, Administrasjonsutvalet, Utvalet for tillitsvalde og i ulike aktuelle prosjektgrupper

Verkemiddel 2

Månadleg møte mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane

Verkemiddel 3

Møter mellom aktuell tillitsvalde og leiarane for dei ulike avdelingane/ arbeidsplassane

13 HELSE, MILJØ, SIKKERHEIT OG SOSIALE TILTAK

Innleiing

Omgrepet helse, miljø og sikkerheit er korta til HMS. Internkontroll og HMS er ofte brukt om kvarandre. Internkontrollsystemet er eit verktøy for å dokumentere at HMS-arbeidet vert forsvarleg ivaretatt i organisasjonen. Dette systemet tek utgangspunkt i Internkontrollforskriften og er ei praktisk metodeskildring som berører åtte lover. Systemet stiller såleis krav til arbeidsgjevar, arbeidstakarane, kontrollinstansar og samarbeidspartnarar for å ha eit trygt fysisk og psykisk arbeidsmiljø.

Målsetjing

Dei tilsette i kommunen skal ha eit trygt og godt fysisk og psykisk arbeidsmiljø. Kommunen vil gjennom å følgje lover og føreskrifter arbeide for at ingen alvorlege ulykker skal skje. Gjennom ei slik målsetjing vil ein kunne oppnå betre kvalitet på arbeidsmiljøet for dei tilsette og derav betre kvalitet på tenestene som kommunen leverar til innbyggjarane.

Verkemiddel 1

Oppdatert Internkontrollhandbok som verktøy for alle leiarar.

Verkemiddel 2

Rullerande HMS-plan.

- kompetanseheving av verneombod
- årleg vernerunde med vektlegging på fysisk og psykososialt miljø
- AKAN-arbeid (Arbeidslivets komite mot alkohol og narkomani)

Verkemiddel 3

Aktiv bruk av Bedriftshelsetenesta

Verkemiddel 4

Inkluderande arbeidslivsverksemd

- fokus på målsetjinga om å utvikle samarbeid og åpenheit mellom alle partar når det gjeld sjukefråver, årsaker og samanhengar i kommunen for derav å ha ein så høg næversprosent som mogleg
- tilrettelegge for arbeidstakarar med redusert funksjonsevne
- tilrettelegge for å auke den reelle pensjoneringsalder

Verkemiddel 5

Aktiv bruk av Arbeidsmiljøutvalet.

Verkemiddel 6

Iverksetje fysisk helsefremjande tiltak tilpassa alle eller retta mot ein einskild arbeidstakar.

Verkemiddel 7

Det skal aktivt tilretteleggast for sosiale og kulturelle tiltak som skal ha ein miljøskapande trivselseffekt i kommunen og på dei ulike arbeidsplassane. Alle leiarar og medarbeidarar har ansvar for dette i fellesskap.

14 OPPFØLGING OG ENDRING AV ARBEIDSGJEVARPOLITIKKEN

Herøy kommune sin arbeidsgjevarpolitikk skal vere omforeina. Ved underskrift forpliktar partane seg til å følgje intensjonane, målsetjingane og verkemidla som er nedfelt i arbeidsgjevarpolitikken.

Arbeidsgjevarpolitikken gjeld for alle tilsette i Herøy kommune og skal gjerast kjent for alle tilsette.

Arbeidsgjevarpolitikken skal takast opp til revisjon annakvart år og kan justerast ved behov. Dersom det oppstår behov for endringar, har leiinga ansvar for å utforme forslag som skal vedtakast ved omforeina semje mellom partane.

Begge partar har rett til å fremje forslag om løpande endringar i Herøy kommune sin arbeidsgjevarpolitikk. Eventuelle endringar skal avklarast ved omforeina semje. Leiinga har eit særleg ansvar for å følgje opp at nye utfordringar vert ivaretatt.

VERKNADSTIDSPUNKT

1. juli 2004.

Fosnavåg

Laila K. Solhaug
(Herøy kommune)

Per-Svenning Leine
(Utdanningsforbundet)

Anlaug Varhaugvik
(Herøy kommune)

Ada. F. Kleppe
(Fagforbundet)

Harald Jan Skarstein
(Herøy kommune)

Merethe Grunnan
(KFO)



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2014/412
		Arkiv:	000

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
44/16	Formannskapet	08.03.2016
48/16	Kommunestyret	17.03.2016

ENDRING AV VALDAG FOR FOLKERØYSTING OM KOMMUNEREFORM

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 08.03.2016

Valdagen vert sett til torsdag 19. mai 2016.

Tilråding:

Valdagen vert sett til torsdag 19. mai 2016.

Særutskrift:
Politisk sekretariat
Kommunestyret

Saksopplysningar:

Vanylven kommune skal ha folkerøysting måndag 25. april

Hareid kommune skal ha folkerøysting torsdag 19. mai

Ulstein kommune skal ha folkerøysting torsdag 19. mai

Det er pr. dags dato ikkje gjort vedtak i Sande kommune om folkerøysting.

Fosnavåg, 25.02.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Sakshandsamar: Hilde B. Skinnes



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2015/1572
		Arkiv:	255

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
45/16	Formannskapet	08.03.2016
49/16	Kommunestyret	17.03.2016

TEIKNING AV AKSJAR I ROVDEFJORDSAMBANDET AS - UTVIDA AKSJEKAPITAL

Møtebehandling:

Svein Gjelseth reiste habilitetsspørsmål då han arbeider med saka. Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Svein Gjelseth vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL. § 6, 1. ledd bokstav e.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 08.03.2016

Herøy kommune teiknar seg for inntil 10 aksjar a kr 5 000 ved kapitalutviding i Rovdefjordsambandet AS.

Tiltaket vert finansiert ved tilbakebetalt aksjekapital frå Eiksundsambandet AS.

Tilråding:

Herøy kommune teiknar seg for inntil 10 aksjar a kr 5 000 ved kapitalutviding i Rovdefjordsambandet AS.

Tiltaket vert finansiert ved tilbakebetalt aksjekapital frå Eiksundsambandet AS.

Særutskrift:
Rovdefjordsambandet AS, Rådhuset, 6143 FISKÅ
Økonomiavdelinga, her

Vedlegg:

Vedlegg

- 1 Invitasjon til teikning av aksjar - Rovdefjordsambandet
- 2 Teikningsblankett

Saksopplysningar:

Invitasjon til å være med på kapitalutviding i selskapet Rovdefjordsambandet AS. Bakgrunnen for kapitalutvidinga er oppstart av reguleringsarbeidet knytt til sambandet og arbeidet med ny teknologiløysinga med flytebru / nedsenka røyr tunnel.

Vurdering og konklusjon:

Arbeidet med Rovdefjordsambandet er særskild viktig i høve til realisering av kystvegen Bergen Ålesund.

I samfunnsdelen av kommuneplanen har Herøy kommune som målsetjing at vi skal styrke kommunikasjonsaksane mot nabokommunane våre og at ein skal fremje gode vegsamband som styrkjar arbeid- bu- og serviceregionen på søre sunnmøre.

Herøy kommune har i dag aksjer i Rovdefjordsambandet til ein verdi av 20 000 kroner .

Ein har og i eiga samferdselprioritering prioritert opp dette sambandet saman med Hafast, ferjefritt fastlandssamband.

Rådmannen rår til at kommunen teiknar seg for inntil 10 aksjar a kr 5 000 ved utviding av aksjekapitalen.

Løyvinga vert finansiert ved tilbakebetalt aksjekapital frå Eiksundsambandet AS.

Fosnavåg, 24.02.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

Oodf. mappe tilfse



Rådhuset, 6143 FISKÅ
Org.nr. 996 605 949

Herøy kommune

6099 Fosnavåg

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2015/1572	Saksbeh.
- 6 NOV. 2015	
Ark. kode P	
Ark. kode S	
J. nr.	Dok. nr.
Kassasjon	

nov. 2015

INVITASJON TIL TEIKNING AV AKSJAR - ROVDEFJORDSAMBANDET

Rovdefjordsambandet er no inne i sluttfasa for kommunedelplan-vedtak i vertskommunane Sande og Vanylven.

Planarbeidet har pågått i 2 år og har i seg nye teknologiløysingar med flytebru/nedsenka røyr tunnel.

Det vert utpå nyåret starta reguleringsarbeid for sambandet og i denne samanheng har Rovdefjordsambandet as i ekstraordinær generalforsamling av 18.05.2015 sak 7/2015 gjort fylgjande vedtak:

Generalforsamlinga gjev styret fullmakt til:

- a) å auke aksjekapitalen med inntil NOK 1.135.000 ved utferding av inntil 227 nye aksjar pålydande NOK 5.000. Fullmakta kan og omfatte kapitalauke med innskot i andre eigarar enn pengar.*
- b) Aksjonærane sin fortrinnsrett etter aksjelova § 10-4 kan fråvikast av styret.*
- c) Fullmakta gjeld frå registrering i Foretaksregisteret og fram til 30.04.2016.*

Rovdefjordsambandet er eit av dei viktigaste samferdselsprosjekta som er under planlegging på Sunnmøre. Sambandet er også viktig i forhold til realisering av Kystvegen Bergen – Ålesund.

Det er av vesentleg betydning at vi klarer å få til eit breidt engasjement for prosjektet og håper at Herøy kommune kan være med å yte midlar til ein auka aksjekapital i selskapet.

Vedl. finn De info-foldar og teikningsblankett for Rovdefjordsambandet as.

Magne Løvoll
Styreleiar

TEIKNINGSBLANKETT

ROVDEFJORDSAMBANDET AS

Originalblankett sendast til:

Teikningsperiode: 13. august 2015 - 30. april 2016

Rovdefjordsambandet as

P.b. 50,

6143 Fiskå

Innbetalingsdato:

29. april 2016

Spesifikasjon av teikninga:

Teiknaren sin VPS-konto (12 siffer) :	Teiknaren sitt førenamn:	Teiknaren sitt etternamn/firmanamn:
Gateadresse:	Postnummer:	Poststad:
Fødsels-/føretaksnummer:	Telefon:	Mobil:
Teiknar: _____	Emisjonskurs 100 %	Totalt teikna sum: _____ kr
andelar kvar pålydande kr 5.000		

I samsvar med teikningsinvitasjon av august 2015 teiknar underteikna seg som angitt ovanfor:

Sign

Fullmakt til å belaste bankkonto (MÅ FYLLAST UT). Teikninga er bindande.

Eg gir med dette eingongsfullmakt til å belaste min bankkonto for totalt den teikna summen den :.....

Konto nr.: _____

Denne teikningsblanketten er bindande. Underteikna er kjend med vilkåra som er gjort gjeldande for teikninga.

Teikningsstad og dato

Forpliktande underskrift

Teikningsblanketten må vere innkomen innan 30. april 2016



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2016/110
		Arkiv:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
50/16	Formannskapet	08.03.2016
50/16	Kommunestyret	17.03.2016

KURANTE OG PRINSIPIELLE SAKER.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 08.03.2016

Saka vert tatt til vitande.

Tilråding:

Saka vert tatt til vitande.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Kontrollutvalet

Saksopplysningar:

I samband med K-sak 27/16: Delegasjon til rådmannen vart det ført i protokollen at ein ynskjer å ha ei sak om kva som er prinsipielle og kurante saker.

I pkt 9.3 i delegasjon frå kommunestyret til rådmannen heiter det:

«Rådmannen har delegert mynde til å avgjere alle saker som ikkje har prinsipiell karakter – eller som er kurante. Kva som er av prinsipiell karakter, må takast stilling til ikkje berre ut frå karakteren og konsekvensane av vedtaket, men også ut frå ei vurdering av i kva grad dei viktigaste skjønsmessige sidene av den aktuelle avgjerda er klarlagt gjennom politiske vedtak, instruksar eller tidlegare praksis.

Dersom det er tvil om saka er av prinsipiell karakter, skal rådmannen ta opp med ordføraren om saka skal leggjast fram for overordna politiske organ til avgjerd.»

Heimelen for slik delegasjon er kommunelova § 23 pkt 4 der det heiter:

«Kommunalt og fylkeskommunalt folkevalgt organ kan gi administrasjonssjefen myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget har bestemt noe annet.»

Eg tek med fylgjande frå kommentarane til kommunelova (side 190-191):

«Etter de tidligere bestemmelser i kommunestyreloven § 31a og fylkeskommuneloven §33a (som altså bare gjaldt myndighet etter disse lover) var delegasjonsadgangen til administrasjonen begrenset til «enkeltsaker eller typer av saker som må anses som kurante», Det knyttet seg betydelig tvil til forståelsen av begrepet «kurante» i denne sammenheng, men den dominerende oppfatningen var at begrepet trekker ganske snevre grenser for delegasjonsadgangen. Denne forståelsen hadde sin klare bakgrunn i den eldre oppfatningen av forholdet mellom folkevalgte og administrasjonen i kommuneforvaltningen, nemlig at beslutningsmyndigheten tilligger de folkevalgte organer, men administrasjonen skal begrense seg til saksforberedelse og iverksetting.

Dette er et syn på administrasjonens rolle som passer dårlig i den moderne kommuneforvaltning. Saksmengden i fylkeskommunene og de fleste kommuner er nå så stor at det ville sprengte alle rimelige grenser for de folkevalgte organers kapasitet om de skulle være nødt til å treffe selvstendige realitetsavgjørelser i mer enn en forholdsvis liten del av de enkeltsaker som skal behandles. Den typiske situasjon er her at man har valget mellom enten å delegere en ganske omfattende avgjørelsesmyndighet til administrasjonen, eller å utsette det enkelte folkevalgt organ for en saksmengde som utelukker fordypning i større og mer prinsipielle saker, og som lett fører til den rene sandpåstrøing i de fleste enkeltsaker fordi organet ikke har tid eller kapasitet til en reell realitetsbehandling av mer enn en ganske liten del av sakene som legges fram til avgjørelse. Slik sett kan man si at delegasjon til administrasjonen i mindre vidtrekkende saker snarere vil kunne tjene til å styrke enn til å svekke de intensjoner om bred folkevalgt styring som vårt lokaldemokrati bygger på.

På denne bakgrunn fant lovgiver det nå riktig med en oppmyking av skrankene for delegasjon til administrasjonen. På samme måte som tidligere er det en åpen adgang til å overlate til administrasjonen å avgjøre konkrete enkeltsaker, altså ved individuelt delegasjonsvedtak. I tillegg gis det adgang til sakstypebestemt delegasjon i «typer saker som ikke er av prinsipiell betydning». I dette siste ligger en skranke både for hva delegasjonsvedtaket kan gå ut på, og hvordan delegasjonsfullmakten kan benyttes. Det vil ikke være adgang til å delegere generell avgjørelsesmyndighet til administrasjonen i saker som etter sin art må anses som av prinsipiell betydning, og delegasjonsvedtaket må leses med den begrensning at den som har fått delegert myndighet, har plikt til å gå tilbake til det folkevalgte organet hvis en enkeltsak innenfor en generell fullmakt må anses å ha prinsipiell betydning. Hva som er av prinsipiell betydning, må fastsettes ikke bare ut fra vedtakets karakter og konsekvenser og ut fra kommunens eller fylkeskommunens størrelse, men også ut fra en vurdering av i hvilken utstrekning de viktige skjønnsmessige sider av den aktuelle avgjørelsen må anses klarlagt gjennom politiske vedtak, instruksjer eller tidligere praksis.

Bestemmelsen gir dermed kommunestyret og fylkestinget et vidt spillerom for å vurdere hva som i det enkelte tilfelle er forsvarlig og hensiktsmessig. Det forhold at et mindretall blant de folkevalgte er uenig i avgjørelsen og ønsker en kursomlegging, medfører ikke i seg selv at saken må anses å være av «prinsipiell betydning» så lenge det ikke er inntrådt nye omstendigheter som innebærer at det er en nærliggende mulighet til å oppnå flertall for en omlegging.

Alle folkevalgte organer kan delegere myndighet til administrasjonen hvis ikke kommunestyret/fylkestinget bestemmer noe annet. Tidligere var det adgang til også å delegere direkte til etatsjefer. Slik delegasjonsvedtak var imidlertid egnet til å skape uklare kompetanseforhold ved at det lett kunne bli oppfattet som en innskrenking i administrasjonssjefens overordnede instruksjons- og kontrollmyndighet overfor etatsjefene. All myndighet skal derfor nå delegeres til administrasjonssjefen, som eventuelt kan delegere videre til sine underordnede. Disse vil da utøve myndigheten på administrasjonssjefens vegne og ansvar.»

Vurdering og konklusjon:

Delegasjon bygger på tillit. Kommunestyret og kontrollutvalet fører kontroll med at delegasjonen vert praktisert i samsvar med intensjonane.

Rådmannen si vurdering er at fullmaktene som er gitt til administrasjonen, vert praktiserte i samsvar med og i god forståing av kommunestyret sine intensjonar.

Fosnavåg, 01.03.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Delegerte saker frå avdelingane

DS 55/16 Sigfred Sporstøl - 53/19 - tilbygg/samanbygging 02.03.2016 00:00:00 Sigfred Sporstøl

DS 56/16 Rita Sævik - 22/76 - Endring kjellaretasjen 17.02.2016 00:00:00 Bucci Arkitektur & Design as

DS 57/16 Ingmar Jøsokbakke 87/4 - Løyve til rehabilitering av skorstein 16.02.2016 00:00:00 Cementprodukt AS

DS 58/16 Martin O. Endresen 48/64 - Ferdigattest 16.02.2016 00:00:00 Martin Oskar Endresen

DS 59/16 Mellombels bruksløyve - 34/244 - 2 og 4 etg. 08.02.2016 00:00:00 Bucci Arkitektur & Design as

DS 60/16 Sequoia as - 34/244 - Igangsettingsløyve midlertidig asylmottak for enslige mindreårige mellom 15-18 år 03.02.2016 00:00:00 Bucci Arkitektur & Design as

DS 61/16 ferdigattest - p-plass 29/89 22.02.2016 00:00:00 Aurvoll og Furesund as

DS 62/16 Lanternen as - 42/1 - 16 naust i 3 rekker med tilhøyrande anlegg 12.02.2016 00:00:00 AG Plan og Arkitektur as

DS 63/16 Gunnar Myklebust - 37/146 - Rehabilitering av skorstein 05.02.2016 00:00:00 Cementprodukt as

DS 64/16 Kristoffer Velsvik Berge - 31/42 - Bruksendring garasjeloft 10.02.2016 00:00:00 B & E Partner as

DS 65/16 Kystverket Midt-Norge - 25/19 - Molo 24.02.2016 00:00:00 Kystverket Midt-Norge

DS 66/16 Fosnavåg Butikkeiendom as - 38/2 m fl - Butikkbygg og tilhørande veganlegg 24.02.2016 00:00:00 Trend Bygg as

DS 67/16 Tømrrer Service AS 31/112 - Mellombels bruksløyve 26.02.2016

00:00:00 Tømrrer Service AS

DS 68/16 Ferdigattest tilbygg - 79/129 29.02.2016 00:00:00 Magne Bergseth

Sivilarkitekt MNAL

DS 69/16 Barstadklær as - 37/222 - Tilbygg 24.02.2016 00:00:00 Skaler as

DS 70/16 Fosnavåg Butikksenter as - 38/2 m fl - IG grunnarbeid 04.03.2016

00:00:00 Trend Bygg as

DS 71/16 Ferdigattest - 37/51 04.03.2016 00:00:00 Tømrrer Service as

DS 72/16 Gnr 9 Bnr 120 - Frådeling av bebygde eigedomar Runde hamn.

07.03.2016 00:00:00 Sunnmøre Jordskifterett

DS 73/16 Tømrrer Service as - 31/4 - Endring ansvarsrett 07.03.2016 00:00:00

Tømrrer Prosjekt as

DS 74/16 Lennart Lillestøl - 60/71 m fl - Tilkomstveg 15.02.2016 00:00:00

Ingeniør Ole Flaate

DS 75/16 Goksøyr Eiendom as - 33/67 2 etg - Bruksendring 27.01.2016

00:00:00 Moldskred as

DS 76/16 Ferdigattest - vassledningsanlegg 17.02.2016 00:00:00 Aurvoll og

Furesund as

DS 77/16 Eli Leine Sæter - 37/385 - Altan 17.02.2016 00:00:00 Eli Leine

Sæter

DS 78/16 Sequoia as - 34/244 - midlertidig asylmottak for enslige mindreårige

mellom 15-18 år 03.02.2016 00:00:00 Bucci Arkitektur & Design as

DS 79/16 Alf-Sigmund Hjelmeset 29/32 - Endring av ansvarsrett og mindre

fasadeendring 24.02.2016 00:00:00 Tømmerdal Consult AS

DS 80/16 Tor Inge Sporstøl - 53/17 - Tilbygg 02.03.2016 00:00:00 Tor Inge

Sporstøl

DS 81/16 Gnr 37 Bnr 391 - Frådeling av tilleggsareal 04.03.2016 00:00:00

Morten Leine

DS 82/16 Olav Lovis Tjervåg - 53/11 - 4 naust i rekke og flytande bølgedempar

04.03.2016 00:00:00 Olav Lovis Tjervåg

DS 83/16 Magne Rødskar 83/93 - Ferdigattest 26.02.2016 00:00:00 Magne

Jostein Rødskar


DS 84/16 Torvholmen, Flåvær - Kjartan Spidsberg - 64/4 - Rammeløyve

gjenreising av 3 bygg 18.02.2016 00:00:00 Sporstøl Arkitekter as

Referatsaker

Referatsaker

R-før/utt.



SKATTEOPPKREVJAREN I HERØY

ÅRSMELDING 2015



Frå øya Herøy imot Stadt

Foto: Wenche Moltu

ei båt lengd bære



INNHALD

DEL 1:	GENERELT OM SKATTEOPPKREVJAREN SITT ARBEID	Side 3
1.1	Skatteoppkrevjarkontoret	Side 3
1.1.1	Ressursar	Side 3
1.1.2	Organisering	Side 3
1.1.3	Ressursar og kompetanse	Side 3
1.2	Intern kontroll	Side 4
1.3	Vurdering av skatteinngangen	Side 4
1.3.1	Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret	Side 4
1.3.2	Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret	Side 8
1.4	Skatteutval	Side 10
DEL 2:	SKATTEREKNESKAPEN	Side 10
2.1	Avlegging av skatterekneskapen 2015	Side 10
2.2	Margin	Side 10
2.2.1	Margin for inntektsåret 2014	Side 10
2.2.2	Margin for inntektsåret 2015	Side 11
2.2.3	Kommentar til marginavsetnaden	Side 11
DEL 3:	INNKREVJING AV KRAV	Side 12
3.1	Restanseutviklinga	Side 12
3.1.1	Totale restansar og berostilte krav	Side 12
3.1.2	Kommentar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar	Side 12
3.1.3	Restansar eldre år	Side 14
3.1.4	Kommentar til restansar og restanseoppfølging for eldre år	Side 14
3.2	Innkrevjinga sin effektivitet	Side 15
3.2.1	Vurdering av kontoret sine resultat pr 31.12.2015	Side 15
3.2.2	Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat	Side 15
3.2.3	Omtale av spesielle tilhøve	Side 15
3.2.4	Kontoret sine eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga	Side 16
3.3	Særnamskompetanse	Side 16
DEL 4:	ARBEIDSGJEVARKONTROLL	Side 16
4.1	Organisering av arbeidsgjevarkontrollen	Side 16
4.2	Planlagde og gjennomførte kontrollar	Side 16
4.3	Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen	Side 16
4.4	Vurdering av arbeidsgjevarkontrollen	Side 16
4.5	Samarbeid med andre kontrollaktørar	Side 18
4.6	Gjennomførte informasjonstiltak	Side 18
Vedlegg:	Årsrekneskap 2015	Side 19
	Forklaring til årsrekneskapen	Side 20

DEL 1: GENERELT OM SKATTEOPPKREVJAREN SITT ARBEID

1.1. SKATTEOPPKREVJARKONTORET

1.1.1. Ressursar

Ressursfordeling	Årsverk	%-del fordelt
Antal årsverk ved skatteoppkrevjarkontoret som berre vert nytta til skatteoppkrevjarfunksjonen i rekneskapsåret	1,60	100,0 %
Ressursbruk ved skatteoppkrevjarkontoret, fordeling av årsverk	-----	-----
Skatterekneskap	0,20	12,5 %
Innkrevjing av skatt og arbeidsgjevaravgift	0,80	50,0 %
Kontroll av arbeidsgjevarar. Vart utført av interkommunal kontrollordning lokalisert i Ålesund.	0,50	31,3 %
Informasjon og rettleiing overfor skatte- og avgiftspliktige samt rekneskapsførarar/revisorar	0,05	3,1 %
Skatteutval	0,00	0,0 %
Administrasjon	0,05	3,1 %
Sum	1,60	100,0 %

1.1.2. Organisering

Avdelinga er lokalisert i økonomiavdelinga på rådhuset i Fosnavåg. Servicetorget i kommunen står for skranketeneste og resepsjonsfunksjonar, medan Dokumentsenteret har postfunksjonen. Administrativt går avdelinga inn under kommunen si økonomiavdeling, med økonomileiaren som næraste administrative overordna. Til 31.07.2006 hadde økonomileiaren og skatteoppkrevjarfunksjonen i kommunen. Frå 01.08.2006 er det oppnemnt eigen skatteoppkrevjar i Herøy kommune.

Skatteoppkrevjar førar sjølv skatterekneskapen og står for innkrevjing av skattar og arbeidsgjevaravgift. Skatteoppkrevjar arbeidar i 100 % stilling der omlag 90 % vert nytta til arbeid vedkomande skatt. Skatteoppkrevjar har 10 % konsulentstilling og 10 % sekretærstilling tilgjengeleg i tillegg til eiga stilling. I tillegg kan økonomileiar vikariere ved behov.

Arbeidsgjevarkontrollen vert utført av interkommunal kontrollordning som er lokalisert ved Nordre Sunnmøre kemnerkontor i Ålesund. Skatteoppkrevjaren i Herøy kom inn i denne kontrollordninga 15.september 2011. I følge Nordre Sunnmøre kemnerkontor er det i 2015 kjøpt kontrolltenester tilsvarende 0,50 årsverk.

Skatteoppkrevjaren er fagleg underlagt Skattedirektoratet, med regionkontoret Skatt-Midt i Trondheim som næraste faglege overordna.

Skatteoppkrevjar har i tillegg ansvaret for innkrevjing av kommunale krav.

Det har i 2015 vore eit lavt sjukefråvær blant dei tilsette ved skatteoppkrevjarkontoret i Herøy. Arbeidsmiljøet vert vurdert å vere godt.

1.1.3. Ressursar og kompetanse

Frå 03.12.2007 nyttar Skatteoppkrevjaren i Herøy "SOFIE" som skatterekneskap. "SOFIE" er eit landsomfattande skatterekneskap som er utvikla etter bestilling av Skattedirektoratet, og som alle skatteoppkrevjarane i Norge nyttar. SOFIE er eit svært godt verktøy i arbeidet med skatterekneskapen, og har medført ein sterk reduksjon i kostnadene til skatteinnkrevjing for Herøy kommune. Kompetansen i bruk av SOFIE vert i dag vurdert som svært god.

1. Skatterekneskapen

Kompetanse vedkomande føring av skatterekneskapen vert vurdert som god. Det er få feil i skatterekneskapen, og skatterekneskapen vert korrekt ført og avstemt.

Ressursane til føring av skatterekneskapen er knappe, og ein er avhengig av ekstraarbeid for å vere ajour i periodar. Særleg gjeld dette i tida januar – mars. Dette ekstraarbeidet vert utført innan kommunen sitt fleksitidsreglement, og har ikkje medført ekstra kostnader til overtid.

2. Innkrevjing

Kompetanse vedkomande innkrevjing av skatt og avgift vert vurdert som god. Ein deltek på dei kurstilbod som Skatt Midt tilbyr. Dette er kurs som er tilnærma gratis for kommunen. Kursa har god fagleg kvalitet, og gjev og høve til å møte kollegaer i andre kommunar.

3. Arbeidsgjevarkontroll

Kompetanse vedkomande arbeidsgjevarkontroll vert vurdert som god. Denne personalressursen vert kjøpt av Nordre Sunnmøre kemnerkontor.

Frå 15.09.2011 deltek skatteoppkrevjaren i Herøy i ei interkommunal kontrollordning administrert av Nordre Sunnmøre kemnerkontor lokalisert i Ålesund. Skatteoppkrevjaren i Herøy sin del av ressursane i 2015 var 0,50 årsverk, og det vart nytta 100 dagsverk til kontroll.

1.2. INTERN KONTROLL

Internkontrollen ved skatteoppkrevjarkontoret vert vurdert som god. Arbeidsfordelinga fungerer greitt, og krav til attestasjon/tilvising vert følgt. Dokumentasjon vert produsert og følgt opp i samsvar med regelverk og retningslinjer.

Skatteoppkrevjar sin rutinar vart sist ajourført 01.08.2014. Rutinane vil bli ajourført våren 2016.

1.3. VURDERING AV SKATTEINNGANGEN

1.3.1. Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret

Skatterekneskapen for 2015 syner følgjande totale skatte- og avgiftsinngang:

Skatteart	År 2015	År 2014
Arbeidsgjevaravgift	371 614 446	363 424 745
Kjeldeskatt	657 214	1 418 244
Personlege skattytarar	838 143 689	770 162 078
Upersonlege skattytarar	98 323 524	108 296 700
Renter	288 928	- 750 427
Gebyr/innkrevjingsutgifter	- 62 701	- 1 055 477
Total sum	1 308 965 100	1 241 495 863

Tabellen syner ein auke i innbetalt arbeidsgjevaravgift, skatt frå personlege skattytarar, renter og gebyr/innkrevjingsutgifter, medan innbetalt kjeldeskatt og skattar frå upersonlege skattytarar syner ein reduksjon.

Arbeidsgjevaravgift

Innbetalt arbeidsgjevaravgift syner ei auke med 2,6 % eller om lag 8,2 mill.kr i 2015 samanlikna med 2014. I 2014 var auken 1,2% (4,4 mill.kr), og i 2013 var auken 6,7 % (22,4 mill.kr).

Ei auke i innbetalt arbeidsgjevaravgift på 2,6 % syner ein lav vekst i innbetalingane samanlikna med tidlegare vekst. I åra 2008-2012 hadde ein, med unntak for 2010, vore vand med vekst i innbetalingane

med 15-20 % årleg. Ei brot på denne trenden såg ein i 2013 då veksten vart redusert til 6,7 %, vidare til 1,2 % i 2014, og no 2,6 % i 2015.

Herøy kommune er framleis ei stor fiskerikommune, og ettersom fiskeria i hovudsak er fritekne frå arbeidsgjevaravgift, så gjev utviklinga i innbetalt arbeidsgjevaravgift ein god indikasjon på utviklinga innan andre næringar enn fiske og fangst.

Faktorar som verkar inn på innbetalt arbeidsgjevaravgift er til dømes:

- **Konkursar, nyetableringar og flytting av arbeidsgjevarar**
4 aksjeselskap gjekk konkurs i 2015. Dette er 2 færre enn i 2014, då 6 AS gjekk konkurs. Konkursane gjeld små føretak med få tilsette.

Det vart etablert 49 nye aksjeselskap i 2015. Dette er 8 fleire enn i 2014, då det vart oppretta 41 nye AS.

Ein har ikkje gjort noko berekning av kor mange føretak som er flytta til eller frå andre kommunar, eller føreteke noko analyse av nettoeffekten av utflytting / innflytting / nyetablering av arbeidsgjevarar i 2015.

- **Endringar i regelverk/satsar**
Herøy kommune er plassert i avgiftssone 1a, og har ikkje endra avgiftssone i 2015. Fribeløpet er endra frå 450.000 til 500.000 og utgjer ei lita avgiftslette for store arbeidsgjevarar. Det vert frå 01.06.2014 berre gitt eit fribeløp pr. konsern, og dette har medført ei avgiftsskjerping for konserna. Denne avgiftsskjerpinga har fått full effekt i 2015.

- **Arbeidsmarknad,**
Herøy kommune har ein næringsliv som er sterkt knytta til maritim sektor, og er blant dei mest oljeeksponerte i Norge. I følgje ein rapport frå Menon Economics er 65 % av sysselsetjinga innan privat sektor relatert til maritim sektor. Redusert aktivitet innan olje og oljeservice, og ein kvardag som er prega av permiteringar og båtar som vert lagt i opplag vil etter kvart prege skatteinngang og innbetalingane av arbeidsgjevaravgift.

Arbeidsløysa i Herøy er sterkt stigande. I følgje tal frå NAV er det i desember 2015 registrert 199 personar som heilt arbeidsledige i Herøy. Dette utgjer 4,3 % av arbeidsstyrken, og er ein vekst med 119 % eller 108 personar samanlikna med desember 2014.

Lønsveksten i 2015 er i følgje Statistisk Sentralbyrå kalkulert til 2,8 % i Norge. Det er ikkje teke ut statestikk på spesifikke næringar.

Utviking i innbetalt arbeidsgjevaravgift frå arbeidsgjevarar

År	Innbetalt arbeidsgjevaravgift	Auke(+)/Nedgang(-) i kr	Auke(+)/Nedgang(-) i %
2008	238 764 074	+ 43 199 769	+ 22,3
2009	279 893 860	+ 41 129 786	+ 17,2
2010	256 754 646	- 23 139 214	- 8,3
2011	293 651 639	+ 36 896 993	+ 14,4
2012	336 618 504	+ 42 966 865	+ 14,6
2013	359 026 961	+ 22 408 457	+ 6,7
2014	363 424 745	+ 4 397 784	+ 1,2
2015	371 614 446	+ 8 189 701	+ 2,6

Arbeidsgjevaravgifta er ein viktig del av finansieringa av Folketrygda, og innbetalt arbeidsgjevaravgift vert i si heilheit overført til Folketrygda.

ei båt lengd bære



Kjeldeskatt

Kjeldeskatt er ein skatt på utbytte frå selskap til utanlandske aksjonærar. Innbetalt kjeldeskatt i 2015 syner ein kraftig reduksjon med 53,7 % eller 0,76 mill.kr samanlikna med 2014. Det var tre føretak som betalte kjeldeskatt både i 2014 og 2015.

All kjeldeskatt vert overført til Staten.

Personlege skattytarar

Skatteinngangen i 2015 frå personlege skattytarar, syner ein auke med 68,0 mill.kr eller 8,8 % samanlikna med 2014. Denne sterke veksten kjem etter to år med redusert skatteinngang frå personlege skattytarar. I 2014 var denne reduksjonen 2,2 % (17,0 mill.kr) og i 2013 var reduksjonen 1,7% (13,4 mill.kr).

Den sterke veksten i innbetalingar av skatt frå personlege skattytarar er noko uventa med tanke på den reduksjonen som ein ser innan oljerelatert verksemd og auka arbeidsløyse. Ein antek at effekten av den reduserte aktiviteten vil slå sterkare ut i 2016. Samstundes ser ein at fiskeria har hatt eit svært godt år med gode prisar, gode kvoter og reduserte drivstoffkostnader. Ser ei på innbetalt tilleggsforskot i desember 2015, så er dette i hovudsak relatert til fiskeri.

Utviking i innbetalt skatt frå personlege skattytarar

År	Skatteinngang personlege skattytarar	Auke(+)/Nedgang(-) i kr	Auke(+)/Nedgang(-) i %
2008	595 426 432	+ 49 953 300	+ 9,2
2009	637 113 423	+ 41 686 991	+ 7,0
2010	634 342 324	- 2 771 099	- 0,4
2011	696 321 254	+ 61 978 930	+ 9,8
2012	800 515 942	+104 194 688	+ 15,0
2013	787 160 678	- 13 355 264	- 1,7
2014	770 162 078	- 16 998 600	- 2,2
2015	838 143 689	+ 67 981 611	+ 8,8

Det er ikkje gjennomført nokon analyse av årsaka til veksten i innbetalt skatt frå dei personlege skattytarane.

Innbetalt skatt frå personlege skattytarar vert fordelt til dei fire skattekreditorane etter bestemte fordelingstall. Fordelingstala ved utgangen av 2015 er som følgjer : Kommunen 30,12% (30,43 % i 2014), Fylket 6,0 % (6,14 % i 2014), Folketrygda 27,40 % (26,34 % i 2014) og Staten 36,41 % (37,09 % i 2014). Reduksjonen i fordelingsprosent medførte eit tap for kommunen på 4,5 mill.kr.

Skatteavrekninga i 2015, som gjeld inntektsåret 2014, syner at 6.849 personar i Herøy fekk utlikna skatt og trygdeavgift med totalt 794,2 mill.kr. Av dette beløpet så utgjorde 299,5 mill.kr kommuneskatt og fylkesskatt, statsskatt var kr 62,0 mill.kr, fellesskatt 250,0 mill.kr, og trygdeavgifta var 224,4 mill.kr. Samla pensjonsgjevande inntekt for 6.021 skattytarar var 2.397 mill.kr. Ved likninga vart det lagt til grunn ei formue for personar med formuesskatt ved kommunelikninga, med 5.262 mill.kr for 1.062 personar. Likningsmanntalet for inntektsåret 2014 var 8.185 personar.

Skatteavrekninga i 2015, som gjeld inntektsåret 2014, syner at 5.610 personar fekk til gode 88,2 mill.kr ved avrekninga. Dette utgjorde 15.720 kr i gjennomsnitt pr. person. 1.227 personar fekk restskatt med til saman 29,3 mill.kr eller gjennomsnittleg 23.916 kr pr. person. 7.219 personar var omfatta av skatteoppgjeret.

Upersonlege skattytarar

Skatteinngangen frå upersonlege skattytarar (selskapsskatten) syner ein nedgang med 9,2 % eller 10,0 mill.kr samanlikna med 2014. I 2014 var nedgangen 53,5 % eller 124,8 mill.kr.

ei bälengd bane

Skatt frå upersonlege skattytarar er skatt på overskotet i selskapa, og er den skattearten som syner størst variasjon.

Utviking i innbetalt skatt frå selskapa (upersonlege skattytarar)

År	Skatteinngang upersonlege skattytarar	Auke(+)/Nedgang(-) i kr	Auke(+)/Nedgang(-) i %
2008	221 186 964	+ 119 088 992	+ 116,6
2009	142 503 553	- 78 683 411	- 35,6
2010	114 110 650	- 28 392 903	- 19,9
2011	301 797 021	+ 187 686 371	+ 164,5
2012	379 781 486	+ 77 984 465	+ 25,8
2013	233 130 515	- 146 650 971	- 38,6
2014	108 296 700	- 124 833 815	- 53,5
2015	98 323 524	- 9 973 176	- 9,2

Ein antek at delar av nedgangen i innbetalt skatt skuldast lågare lønsamheit innan oljerelatert verksemd, samt store avskrivningar på investeringar innan både oljerelatert og fiskerirelatert verksemd.

Likninga for 2014 syner at det vart rekna statsskatt av eit samla skattegrunnlag på 388,3 mill.kr, medan det ved likninga for 2013, vart rekna statsskatt av eit skattegrunnlag på 476,5 mill.kr.

Innbetalt skatt frå upersonlege skatteytarar vert i si heilheit overført til Staten.

Renter

Skattearten renter består av forseinkingsrenter grunna betaling av krav etter forfall, samt renter ved avrekninga. Desse avrekningsrentene omfattar både renter som vert utbetalt til skattytarar som får til gode ved avrekninga, og renter som vert innkravd frå skattytarar som får restskatt.

I 2015 syner skattearten renter ei netto inntekt kr 288.928, medan skattearten renter i 2014 synte ei netto utgift kr 750.427. Hovudårsaka til at ein i 2014 hadde netto utgifter på renter, var ei rettssak som Skatteetaten tapte, og som medførte store tilbakebetalingar. Ein har ikkje hatt slike kostnader i 2015, og resultatet i 2015 er og påverka av at avrekninga for 2014 resulterte i lågare tilbakebetalingar til skattytarane.

Alle renteinntektene vert fordelt mellom dei fire skattekreditorane etter dei same fordelingstala som for personlege skattytarar.

Innkrevjing

Skattearten innkrevjing syner ei netto utgift kr 62.701, medan ein i 2014 hadde ei netto utgift kr 1.055.477. Årsaka til den store utgifta i 2014 er at ein måtte dekke prosesskostnader i samband med rettssak som skatteetaten tapte i Lagmannsrett og Høgsterett. Ein har ikkje hatt store prosesskostnader i 2015.

Alle innkrevjingsutgifter vert fordelt mellom dei fire skattekreditorane etter dei same fordelingstala som for personlege skattytarar.


*

Grafisk framstilling av utviklinga i dei tre store skatteartane

Dersom ein samanliknar utviklinga innan dei tre store skatteartane arbeidsgjevaravgift (AGA), skatt frå personlege skattytarar (Pers.) og skatt frå upersonlege skattytarar (Upers.) over dei siste 8 åra, så får ein følgjande framstilling.

ei ballengd bane





Vertikal akse er beløp i mill.kr.

*

Dette gjev følgjande fordeling til dei fire skattekreditorane; Folketrygda, Staten, Fylkeskommunen og Kommunen.

Fordelt til:	År 2015	År 2014
Folketrygda – arbeidsgjevaravgift	371 614 445	363 424 742
Folketrygda – medlemsavgift	233 228 526	207 707 017
Fylkeskommunen	50 770 166	47 165 242
Herøy kommune	248 459 791	231 215 893
Staten	404 765 523	391 951 685
Krav som er ufordelt	1	3
Overføring mellom kommunar	126 648	31 281
Total sum	1 308 965 100	1 241 495 863

Fordelinga syner ein auke i skatte- og avgiftsinngangen til Folketrygda med 5,9 % (+ 4,0 % i 2014).

Fylket får ein auke i skatteinngangen med 7,6 % (- 0,7 % i 2014).

Herøy kommune får ein auke i skatteinngangen med 7,5 % (- 3,1 % i 2014).

Staten får ein auke i skatteinngangen med 3,3 % (- 28,2 % i 2014).

1.3.2. Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret

Herøy kommune sin del av skatteinntektene i 2015 er 248.459.791 kr. Dette er ein auke med 17.243.898 kr frå 2014 då skatteinntektene utgjorde kr 231.215.893. I prosent utgjør dette ein auke med 7,5 % i frå 2014 rekneskapen.

Landsstatistikken syner at kommunane hadde ein vekst i sine skatteinntekter med 6,0% i 2015. Herøy har dermed ein vekst i skatteinntektene som er 1,5 % over landsgjennomsnittet i 2015.

Hausten 2014 vart det i nasjonalbudsjettet for 2015, estimert ein vekst i skatteinntektene for kommunane på 5,6 %. Skatteinntektene i starten av 2015 var lågare enn forventa, og i revidert nasjonalbudsjett vart vekstanslaget redusert til 4,6 %. Frå midten av året bedra skatteveksten seg gradvis, og dei endelege tala syner at veksten i 2015 vart høgare enn antatt for kommunane. (Henta frå KS sine nettsider).

Herøy har tradisjonelt vore ei skattesterk kommune, og har i 2015 skatteinntekter som er 105,2 % av landsgjennomsnittet.

Samanlikning av skatteinngangen i nabokommunane:

Kommune	Total skatteinntekt*	Pr. innbyggjar	Prosent av landssnitt	Prosent vekst skatteinntekter	Innbyggartal pr.01.01.15
Vanylven	74 410	22 839	86,4	2,7	3 258
Sande	62 048	23 548	89,1	10,8	2 635
Herøy	248 460	27 811	105,2	7,5	8 934
Ulstein	257 483	31 052	117,4	6,3	8 292
Hareid	114 254	22 558	85,3	1,9	5 065
Volda	193 969	21 607	81,7	5,2	8 977
Ørsta	248 077	23 428	88,6	7,4	10 589
Ålesund	1 213 350	26 197	99,1	3,3	46 316

(*) Beløp i 1000 kr.

Skatteinngang samanlikna med kommunen sitt budsjett

Skatteinntektene til Herøy kommune syner denne utviklinga i høve til kommunens budsjett sidan år 2000.

År	Budsjett	Rekneskap	Endring (+ auke/-nedgang i høve til budsjett)	Endring i %
2000	105 340	98 653	- 6 687	-6,35
2001	113 000	153 036	40 036	35,43
2002	130 000	127 166	- 2 834	- 2,18
2003	139 300	135 139	- 4 161	- 2,99
2004	134 100	131 890	- 2 210	- 1,60
2005	141 000	144 029	3 029	2,15
2006	160 000	179 145	19 145	11,97
2007	170 000	179 682	9 682	5,70
2008	187 500	189 363	1 863	1,00
2009	200 000	203 778	3 778	1,89
2010	210 670	208 407	- 2 262	- 1,07
2011	215 000	214 089	- 911	- 0,42
2012	240 000	242 141	2 141	0,89
2013	243 200	238 668	- 4 532	-1,86
2014	253 500	231 216	- 22 284	-8,79
2015	245 500	248 460	+ 2 960	+1,21

Alle beløp i 1000 kr.

Skatteinngangen var ved årets start budsjettert til 258,2 mill.kr.

Skatteinngangen i januar 2015 vart om lag 7,5 mill.kr under det ein hadde budsjettert med denne månaden, og dette medførte at ein tidleg prognostiserte at ein ikkje ville nå budsjettmålet. I mai/juni tyda prognosane på ein skatteinngang til kommunen på rundt 240 mill.kr. Frå juli betra skatteinngangen til kommunen seg, og prognosane fram til desember tilsa at ein ville ende rundt 246 mill.kr. Ein god skatteinngang i desember, med store innbetalingar av tilleggsforskot, gjorde at ein enda på 248,5 mill.kr.

Kommunen sitt budsjettanslag vart i desember 2015 endra frå 258,2 mill.kr til 245,5 mill.kr.

For 2016 har kommunen ved årsstart budsjettert med ein skatteinngang på 265,5 mill.kr.



1.4. SKATTEUTVAL

Grunna endringar i skattebetalingslova, var 2008 det siste året Herøy kommune hadde eige skatteutval. Frå 01.01.2009 er skatteutvalet regionalt, og ligg under Skatt Midt-Norge i Trondheim.

Skatteoppkrevjaren har i 2015 ikkje motteke søknader til skatteutvalet.

Resultatet av søknadshandsaminga dei siste åra, er som følgjer:

	Tal søknader	Saker ettergjevne	Ettergjeve i % av tal	Søknads- summar	Ettergjevne summar	Ettergjeve i %
2006	4	3	75,0	434	211	48,6
2007	0	0	0	0	0	0
2008	2	1	50,0	26	10	38,5
2009	1	1	100	131	131	100
2010	1	0	0	31	0	0
2011	0	0	0	0	0	0
2012	1	0	0	9	0	0
2013	0	0	0	0	0	0
2014	0	0	0	0	0	0
2015	0	0	0	0	0	0

Alle summar i 1000 kr.

DEL 2: SKATTEREKNESKAPEN

2.1. AVLEGGING AV SKATTEREKNESKAPEN 2015

Skatteoppkrevjaren i Herøy kommune stadfestar at skatterekneskapen for 2015 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med lov, gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevjarar av 8.april 2014 § 3-3 nr.2, og gjev eit korrekt uttrykk for rekneskapen til Skatteoppkrevjaren i Herøy pr. 31.12.2015.

Det er ikkje motteke pålegg vedkomande rekneskapsføringa, rapportering eller avlegging av skatterekneskapen frå regional kontrollering i 2015.

Årsrekneskapen for 2015 følgjer til sist i årsmeldinga, og er signert av skatteoppkrevjar.

2.2. MARGIN

Det vert kvar månad avsett eit marginbeløp for å ha likviditet til å utbetale til gode beløp til skatteytarane ved avrekningane i perioden juni - oktober. Etter at avrekningane er gjennomført, skal det gjennomførast eit oppgjer av avsett margin. Marginoppgjeret vert gjort i november kvart år.

2.2.1. Margin for inntektsåret 2014

Det er marginoppgjeret for 2014 som er gjennomført i 2015. Oppgjer av margin gav følgjande resultat:

Tekst	Beløp
Innestående margin for inntektsåret 2014 pr. 31.10.2014	Kr 14 156 956
For mykje avsett margin for inntektsåret 2014	Kr 14 156 944

Marginprosent

Prosentats marginavsetnad:

12 %.

Gyldig frå: 01.01.2005.



2.2.2. Margin for inntektsåret 2015

Innestående margin som vil bli nytta ved marginoppgjøret for 2015 i 2016.

Tekst	Beløp
Innestående margin for inntektsåret 2015 pr. 31.12.2015	Kr 90 377 757

Marginprosent

Gjeldende prosentsats marginavsetnad: 12 %.

Gyldig frå: 01.01.2005.

2.2.3. Kommentar til marginavsetnaden

Overskotet på marginavsetnaden for 2014 førte til at kommunen vart tilført om lag 3,7 mill.kr i 2015.

Marginavsetnad siste 3 år

		2015	2014	2013
Margin over-/underskot	Sum	3 714	- 1 165	2 053
Marginavsetnad	Prosent	12	12	12

Alle beløp i 1000 kr – kommunen sin del.

Kommunen hadde i åra fram til skatteåret 2005 ein marginavsetnad på 10 %. Dette førte til ein negativ marginavsetnad, og kommunen måtte innbetale negativ marginavsetnad til skatteoppkrevjaren. Kommunestyret endra i 2004 marginavsetnaden frå 10 % til 12 % for å redusere den negative marginavsetnaden. Dette har medført at marginavsetnaden frå 2006 har vore positiv, med unntak for 2014, som var det første året med negativ marginavsetnad sidan 2005. I 2015 syner marginoppgjøret ein stor positiv margin.

I årsmeldinga for 2014 vart det opplyst at årsaka til den negative marginen for 2014 var store til gode beløp ved skatteavrekninga for inntektsåret 2013. Det vart då opplyst at gjennomsnittleg til gode beløp hadde auka frå kr 15.944 i 2013, til kr 18.094 i 2014. I 2015 har det motsette skjedd, og gjennomsnittleg til gode beløp er no redusert til kr 15.720. Denne reduksjonen, samt auke i avsett margin, er årsaka til den positive marginavsetnaden for 2015.

Ein finn på det noverande tidspunkt ikkje grunnlag for å endre marginprosenten, og held fast på dagens sats på 12 %.



DEL 3: INNKREVJING AV KRAV**3.1. RESTANSEUTVIKLINGA****3.1.1. Totale restansar og berostilte krav**

Skatteart	Restanse 31.12.2015	Av dette berostilt restanse 31.12.15	Restanse 31.12.2014	Av dette berostilt restanse 31.12.14	Endring i restanse Minke (-) Auke (+)	Endring i berostilt restanse
Sum restanse pr. skatteart	15 166 470	0	13 664 276	0	+ 1 502 194	0
Arbeidsgjevaravgift	1 203 745	0	861 072	0	+ 342 673	0
Artistskatt	0	0	0	0	0	0
Forseinkingsrenter	1 915 918	0	2 249 890	0	- 333 972	0
Forskotsskatt	0	0	0	0	0	0
Forskotsskatt – person	1 126 726	0	1 214 529	0	- 87 803	0
Forskotstrekk	1 574 897	0	1 193 700	0	+ 381 197	0
Gebyr	0	0	0	0	0	0
Innkrevjingsinntekter	154 322		137 870	0	+ 16 452	0
Inntekt frå summarisk fellesoppgjer	0	0	0	0	0	0
Kjeldeslutt	0	0	0	0	0	0
Restskatt	844 468	0	1 093 155	0	- 248 687	0
Restskatt – person	8 346 394	0	6 914 060	0	+ 1 432 334	0
Sum restanse diverse krav	0	0	1 720	0	- 1 720	0
Diverse krav	0	0	1 720	0	- 1 720	0
Sum restanse pr skatteart inkl.div.krav	15 166 470	0	13 665 996	0	+ 1 500 474	0

3.1.2. Kommentar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar**Arbeidsgjevaravgift**

Av restansen på kr 1.203.745, er det kr 671.685 som gjeld arbeidsgjevaravgift 2015. Resten gjeld tidlegare år. Av restansen er kr 392.722 krav som er meldt i konkursbu, og kr 2.191 gjeld NUF (Norsk Utlandsregistrert Føretak) som er sletta, men der restansen ikkje er avskrive.

Forseinkingsrenter

Dette er forseinkingsrenter for alle skattearter. Restansen er redusert med kr 333.972 samanlikna med 2014 til kr 1.915.918. Krav på forseinkingsrenter vert kalkulert løpande fram til hovudstolen som kravet er knytt til er betalt. Først når hovudstolen er betalt vert forseinkingsrenter bokført som ein eigen restanse. Restansen på forseinkingsrenter må derfor sjåast i samanheng med andre skattartar, og då særleg restansen på restskatt. Det aller meste av desse krava gjeld forseinkingsrenter restskatt og forseinkingsrenter forskotsskatt. Mesteparten av krava gjeld skuldnarar som og har andre restansar, og desse hovudstolane vert prioritert før renter ved oppdekking.

Skatteoppkrevjar varsla i årsmeldinga for 2013 at restansen ville auke i 2014 før den ville bli gradvis redusert frå 2015. I årsmeldinga for 2014 vart det orientert om at ein hadde starta på reduksjonen av


 ei-ballengd-bæne

restansen tidlegare enn venta, og utviklinga i 2015 vidarefører denne reduksjonen i restansen. Ein ser og føre seg ein gradvis reduksjon i restansen vedkomande forseinkingsrenter i 2016 og framover.

Forskotsskatt

Skattearten gjeld forskotsskatt frå upersonlege skattyttarar. Restansen er kr 0, og det var den og i 2014.

Forskotsskatt person

Restansen er kr 1.126.726. Dette er ein reduksjon med kr 87.803 samanlikna med 2014. Ein er nøgd med nedgangen på 7,2 %. Dette er andre året med reduksjon av restansen .

Av restansen gjeld kr 263.679 skatteåret 2015. Gjenståande eldre restansar er vanskelege å krevje inn, og ein ventar ei stabillisering kring dagens restansenivå.

Forskotstrekk

Restansen er kr 1.574.897. Dette er ein vesentleg auke samanlikna med 2014 då restansen var kr 1.193.700. Av restansen er det kr 892.005 som gjeld forskotstrekk 2015. Resten gjeld tidlegare år. Av restansen gjeld kr 446.452 krav som er meldt i 2 konkursbu. Kr 7.168 gjeld krav vedkomande sletta NUF.

Konkursbu med skuldig forskotstrekk vert prioritert ved arbeidsgjevarkontroll. Dette for å kunne gjere styreleiar/dagleg leiar personleg ansvarleg for forskotstrekket. Det vert levert politimelding og kravd erstatning i dei sakene der det er grunnlag for dette. Av restansen i konkursbu er kr 309.115 tilkjent i erstatning frå tidlegare dagleg leiar i 2014. Ein har førebels ikkje lukkast å krevje inn dette beløpet frå den daglege leiaren.

Innkrevjingsinntekter

Restansen er kr 154.322. Restansen har auka samanlikna med 2014 då restansen var kr 137.870.

Restansen gjeld ubetalte gebyr for varsla / haldne utleggsforretningar av skatteoppkrevjar. Det vart i 2015 varsla 49 utleggsforretningar, og 36 utleggsforretningar vart halde. Dette gav kommunen direkte inntekter kr 77.959, noko som er ein reduksjon samanlikna med 2014 då kommunen fekk overført kr 89.096.

Restskatt

Restansen restskatt upersonlege er kr 844.468. Dette er ein reduksjon samanlikna med 2014, då restansen var kr 1.093.155. Av restansen gjeld kr 779.666 restskatt 2014. Av dette beløpet er det varsla klage på kr 690.137.

Av restansen er kr 64.802 krav som er meldt i 2 konkursbu. Desse vil bli avskrivne som tap i 2016.

Restskatt person

Restanse er kr 8.346.394. Dette er ein auke med kr 1.432.334 samanlikna med 2014, då restansen var kr 6.914.060. I 2014 vart restansen redusert med kr 1.608.992 samanlikna med 2013, medan restansen i 2013 auka med kr 607.101 frå 2012.

Hovudårsaka til at restansane aukar samanlikna med førre år, er at ein har fleire feilutlikna skattar ståande som aktiv restanse. Det er berekna at ein 01.01.2015 hadde 1 skatteytar som stod med ein feil utlikna skatt på om lag 0,5 mill.kr. Ved årsskiftet 31.12.2015, er det berekna at 22 personar står med ein aktiv feilutlikna restanse på om lag 1,5 mill.kr. Dette gjeld i hovudsak utanlandske arbeidstakarar som er ilagt Norsk skatt på inntekter som ikkje er skattepliktige til Norge.

Ein har hatt eit bra samarbeid med skattekontoret i desse sakene, men det har teke tid å få endringane på plass. Ein håpar å få rydda opp i alle sakene innan utgangen av februar 2016.

Det har blitt arbeida mykje med innkrevjing av restskattar siste åra, og restansevolumet har blitt redusert gradvis. Restanseutviklinga for dei siste åra er positiv, og innkrevjinga syner svært gode resultat. Ein har ei utfordring på gamle restskattar for perioden 1992-2005. Hovuddelen av restansane gjeld eit fåtal personar med høge restansar.



Skatteoppkrevjar har i tidlegare årsmeldingar vurdert restansevolumet på restskatt som «høgt, men under kontroll». Frå 2012 vert restansevolum vurdert som normalt for ei kommune som Herøy med den storleik og næringsstruktur som kommunen har. Det vert sjølv sagt arbeidd med å få restansevolumet ytterlegare ned i åra som kjem..

Diverse krav

Restansen for diverse krav er kr 0. I 2014 var restansen kr 1.720. Restansen gjaldt då krav på gebyr som skatteoppkrevjar måtte betale til namsmannen ved tvangsrealisasjon.

Utvikling totale restansar

Totalrestansen pr. 31.12.2015 er kr 15.166.470. Dette er ein høgare restanse enn i 2014, og hovudårsaka til denne auken er forklart under «Restskatt person» ovanfor. Ein forventar ei utflating av restansevolumet rundt 13-15 mill.kr i åra som kjem..

Sum restanse alle skatteartar	Beløp
Total restanse pr. 31.12.2007	Kr 35 845 063
Total restanse pr. 31.12.2008	Kr 26 658 606
Total restanse pr. 31.12.2009	Kr 26 233 448
Total restanse pr. 31.12.2010	Kr 18 851 902
Total restanse pr. 31.12.2011	Kr 17 453 913
Total restanse pr. 31.12.2012	Kr 14 872 481
Total restanse pr. 31.12.2013	Kr 30 699 184
Total restanse pr. 31.12.2014	Kr 13 665 996
Total restanse pr. 31.12.2015	Kr 15 166 470

Avskriving / ettergjeving 2015

Det er i 2015 avskrive/ettergjeve kr 555.650. I 2014 vart det avskrive kr 643.829.

Avskriving av krav skjer normalt i samband med konkursar og gjennomførte gjeldsordningar. I 2015 vart det avskrive krav i 5 konkursar og 2 gjeldsordningar. I 2015 har det og blitt avskrive krav i eit sletta NUF (Norsk Utanlandsregistrert Føretak), og 3 personar har fått sletta skattekrav ved summarisk avskriving etter vedtak av skattekontoret.

Personar som er skuldig restskatt eldre enn 3 år, får nedsett pensjonspoeng for desse krava. Ubetalte krav vert nedsett med den del av kravet som gjeld pensjonsdelen. I 2015 vart det ikkje nedskrive pensjonspoeng grunna ubetalte restansar i Herøy.

3.1.3. Restansar eldre år

Inntektsår	Sum restanse	Av dette skatteart Restskatt - person
2013	578 148	232 195
2012	678 357	79 481
2011	764 307	416 240
2010-1992	6 982 357	4 286 528

3.1.4. Kommentar til restansar og restanseoppfølging for eldre år

Skatteoppkrevjaren har ingen restansar der innkrevjinga er sett «i bero», men følgjer opp alle restansar aktivt med innkrevjingstiltak. Vi nyttar heile spekteret i vår innkrevjing av desse restansane, frå betalingsavtalar til konkurs.

Dei eldste restansane som vi krev inn er frå 1992, og den eldste restskatten som vert kravd inn er frå 1992. Det er 10-12 personar som er skuldig det aller meste av desse gamle restskattane. Av desse får

ei båt lengd bære

vi inn pengar frå om lag halvparten. Alle krava vert sikra mot forelding, men det er lite å hente hjå desse skattytarane. Nokre vil bli avskrive som ei følgje av gjeldsordningar, medan andre viser ingen evne/vilje til å gjere opp for seg.

Det er i 2015 blitt prioritert å følgje opp gjeldsordningar der skuldnar ikkje oppfyller sin del av gjeldsordninga. Dette har medført at 2 gjeldsordningar er blitt oppheva av Tingretten, og desse sakene vert no overført til ordinær innkrevjing.

Forelda krav

Skatteoppkrevjaren har gjennomgått rapporten "Restanseliste – forelda krav" pr. 31.12.2015 og sikra at krav ikkje vert forelda utan at fristavbrytande tiltak er utført.

Tal på forelda krav pr. 31.12.2015: 0 stk.
Samla beløp på krav forelda pr. 31.12.2015: 0 kr.

3.2. INNKREVJINGA SI EFFEKTIVITET

3.2.1 Vurdering av kontoret sine resultat pr. 31.12.2015.

Oppfylling av resultatkrav fastsett av Skatt-Midt

Skatteart \ år	2015 Herøy		2015 Region	2015 Norge	2014 Herøy		2013 Herøy	
	Krav	Resultat	Resultat	Resultat	Krav	Resultat	Krav	Resultat
Restskatt person	98,0 %	99,2 %	94,8 %	94,3 %	97,0 %	99,6 %	97,0 %	98,3 %
Innkravd restskatt person	80,0 %	89,6 %	64,3 %	62,3 %	80,0 %	95,2 %	80,0 %	73,2 %
Forskotsskatt person	99,5 %	99,8 %	99,5 %	99,2 %	99,5 %	99,8 %	99,5 %	99,5 %
Arbeidsgjevaravgift	99,9 %	100 %	99,8 %	99,8 %	99,9 %	100 %	99,9 %	99,9 %
Forskotstrekk	100 %	100 %	99,9 %	100 %	100 %	100 %	100 %	99,9 %
Restskatt føretak	99,4 %	100 %	99,1 %	98,7 %	99,9 %	99,9 %	99,9 %	99,9 %
Forskotsskatt føretak	99,9 %	100 %	100 %	99,9 %	99,9 %	100 %	99,9 %	99,9 %

Resultatet vert vurdert som svært godt. Alle krav er oppfylt. Særleg innkrevjinga av restskatt person og forskotsskattar syner sær gode resultat. Resultatet for 2015 er i samsvar med dei gode innkrevjingsresultata som skatteoppkrevjaren i Herøy har hatt siste åra.

3.2.2 Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat

Skatteoppkrevjaren nyttar heile spekteret av innkrevjingsaktivitetar i vår innkrevjing av skattar og avgifter. Ei aktiv oppfølging av våre restansar har gitt gode resultat. Val av innkrevjingsaktivitet vert tilpassa den enkelte skattytar/bedrift. Nokre skattytarar vel å ikkje betale før tidsetjing av konkurssak i Tingretten ligg føre, medan andre følgjer lojalt opp ei inngått betalingsavtale. Erfaring og kunnskap om våre skattytarar/bedrifter er svært viktig. God service og raske tilbakemeldingar til våre kundar har og positiv effekt på restanseutviklinga.

3.2.3 Omtale av spesielle tilhøve

Det har i 2015 vore få nye konkursar i kommunen.

Næringslivet i kommunen er tungt eksponert mot oljeservice, men ein har førebels ikkje merka negative ringverknadar på restansane grunna lågare aktivitet i denne bransjen. Det vert spennande å sjå om ein unngår negative følgjer av den reduserte aktiviteten på skatteinntekter og restansenivå i 2016.

Skatteoppkrevjaren har i oktober –desember vore delvis utleigd til Hareid kommune i samband med sjukdom der. Dette har gitt inntekter til Herøy kommune for sal av tenester, men har og medført litt redusert aktivitet innan innkrevjinga i Herøy. Oppgåvene er likevel blitt løyst tilfredstillande innanfor kommune sitt fleksitidsreglement.

ei båt lengd bære

Det har i 2015 blitt vurdert å overføre skatteoppkrevjarfunksjonen frå kommunane til Staten. Denne politiske prosessen har ikkje påverka innkrevjingsresultatet nemneverdig. Saka er no avklara, og skatteinnkrevjinga skal fortsatt være ei kommunal oppgåve.

3.2.4 Kontoret sine eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga

Kontoret har i dag god effektivitet i innkrevjingsarbeidet. Det vert ikkje vurdert som naudsynt å treffe spesielle tiltak for å betre effektiviteten. Ein arbeider kontinuerleg med ei målsetjing om å yte tenester som er kostnadseffektive og av god kvalitet.

3.3. SÆRNAMSKOMPETANSE

Skatteoppkrevjaren har særnamskompetanse, og nyttar denne aktivt. Tildelte ressursar vert vurdert som tilstrekkeleg til å kunne utnytte særnamskompetansen på ein god måte.

DEL 4: ARBEIDSGJEVARKONTROLL

4.1. ORGANISERING AV ARBEIDSGJEVARKONTROLLEN

Skatteoppkrevjaren i Herøy er frå 15.09.2011 med i ei interkommunal kontrollordning. Den interkommunale kontrollordninga er plassert i Ålesund, og er ein del av Nordre Sunnmøre kemnerkontor. Vedtak om innmelding i kontrollordninga vart gjort i K-sak 62/2011. Det er Nordre Sunnmøre kemnerkontor som har arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette i denne kontrollordninga.

Kontrollressursane i kontrollordninga vert fordelt mellom dei deltakande kommunane etter folketalet i kommunen. Denne måten å fordele ressursar etter, er ei ulempe for Herøy som har mange føretak registrert i kommunen. I følge årsplan har ei i kontrollordninga 1.328 dagsverk tilgjengeleg, og effektiv kontrolltid er planlagt til 1.090 dagsverk. Herøy sin del er om lag 99 dagsverk med effektiv kontrolltid.

4.2. PLANLAGDE OG GJENNOMFØRTE KONTROLLAR

Antal planlagde kontrollar for 2015: 22
Som utgjør: 5,0 % av totalt antal leverandørar av LTO i kommunen.

Antal gjennomførte kontrollar i 2015: 19
Som utgjør: 4,3 % av totalt antal leverandørar av LTO i kommunen.

Antal gjennomførte kontrollar i 2014: 14
Som var: 3,2 % av totalt antal leverandørar av LTO i kommunen

4.3. RESULTAT FRÅ ARBEIDSGJEVARKONTROLLEN

Det er gjennomført 12 formalkontrollar og 7 avdekkingskontrollar i 2015. Av dei 7 avdekkingskontrollane som vart halde, så vart det avdekt beløp i 5 av desse kontrollane (71,4 %). Endringsforslag som følgje av kontroll er kr 1.101.171 i inntektsgrunnlag og kr 498.123 i arbeidsgjevaravgiftsgrunnlag.

4.4. VURDERING AV ARBEIDSGJEVARKONTROLLEN

Aktiviteten innan arbeidsgjevarkontrollen oppfyller ikkje dei resultatkrav som Skattedirektoratet har sett til gjennomføring av kontrollar. Dette kravet er og har vore 5 % av arbeidsgjevarane i kommunen årleg.

ei ballengd bane

Skatteoppkrevjaren i Herøy kjøper kontrolltenester tilsvarende 0,5 årsverk i denne kontrollordninga. I 2015 har vi fått opplyst at det er utført kontrolltenester tilsvarende 0,50 årsverk eller 100 dagsverk.

Utviklinga over tid syner følgjande resultat:

År	Utførte kontrollar	Planlagde kontrollar	Resultat i prosent	Antal arbeidsgj. i kommunen	Endring inntektsgrunnlag	Endring grunnlag arb.gj.avg.
2007	3	19	0,8	394	192 320	192 320
2008	6	19	1,5	394	73 330	73 330
2009	1	21	0,2	433	0	0
2010	3	21	0,7	433	107 601	107 601
2011	4	21	0,9	432	298 818	298 818
2012	15	21	3,4	436	2 865 484	2 865 484
2013	9	22	2,0	452	30 000	141 500
2014	14	23	3,2	442	292 608	292 608
2015	19	22	4,3	440	1 101 171	498 123

Vi hadde ved årsstart ei klar målsetjing om å klare resultatkravet på 5 %.

Vi håpa at dei problema og tidsspilla som kontrollverktøyet KOSS medførte i 2014 var løyste, og at dette kontrollverktøyet no ville effektivisere kontrollarbeidet. Dessverre fører krav om detaljert registrering i KOSS, til at mykje tid vert nytta til detaljregistrering og kvalitetskontroll. Dette arbeidet forenkler arbeidet når rapportane skal handsamast av Skattekontoret, men for kontrollørane tek arbeidet verdifull kontrolltid. Det har og blitt nytta tid på å tilpasse rutinar og arbeidsmåtar til KOSS.

Skatteoppkrevjar er godt nøgd med kvaliteten på dei kontrollane som er utført. Rapportane er oversiktelege og innehald dei opplysningar som vi treng til vidare handsaming av kontrollane.

Av 19 kontrollar i 2015 er 7 personallistekontrollar. Ein personallistekontroll er ein stadleg kontroll av at arbeidsgjevar dagleg fyller ut lister over kven som er på jobb. Ein slik kontroll krev få dagsverk, og bidreg soleis til eit betre resultat, enn om alle kontrollane skulle vore vanlege bokettersyn.

Skatteoppkrevjar var ikkje nøgd med resultatet i 2014, og ein har i 2015, via styringsgruppa for arbeidsgjevarkontrollen, søkt å fremme betre framdrift i kontrollarbeidet. Skatteoppkrevjar sin konklusjonen er at kontrollørane arbeidar effektivt og leverer rapportar av god kvalitet. Årsaka til at ein ikkje har nådd resultatkravet er i hovudsak at ressursane til kontrollordninga ikkje er tilstrekkelege til at ein kan forvente at resultatkravet vert nådd.

Kontrollordninga har ikkje hatt full oppdekking i alle stillingsheimlar i 2015. Dette skuldast at tilsette har hatt permisjon, og ein tilsett har og slutta. Grunna usikkerheit om skatteoppkrevjaren framleis skulle være ei kommunal oppgåve, så vart vakant stilling ikkje lyst ut.

Skatteoppkrevjar er ikkje nøgd med at ein heller ikkje i 2015 har nådd resultatmåla. Ein ønskjer likevel å være klar på at arbeidsgjevarkontrollen best vert løyst gjennom den interkommunale ordninga. Tabellen ovanfor, som syner kontrollresultata i perioden 2007 - 2015, syner klart den vesentlege forbetringa som kontrollsamarbeidet har medført frå september 2011.

Frå 01.01.2016 vil og Ørsta kommune kome inn som deltakar i samarbeidet. Det er frå 01.02.2016 tilsett 2 nye kontrollørar, og ein tek i tillegg sikte på å utvide kontrollordninga med ytterlegare ei ekstra stilling i 2016.

For meir detaljerte opplysningar om arbeidsgjevarkontrollen, og deira aktivitet i 2015, vert det synt til eiga årsmelding frå den Interkommunale arbeidsgjevarkontrollen.

4.5. SAMARBEID MED ANDRE KONTROLLAKTØRAR

Skatteoppkrevjaren har ikkje delteke i aksjonar saman med andre kontrollinstansar i 2015.

4.6. GJENNOMFØRTE INFORMASJONSTILTAK

Det har blitt halde ein kursdag i desember 2015 for bedrifter, rekneskapsførar og revisorar. Tema for kursdagen var lønsområdet. Kurset vart halde av tilsette i interkommunal kontrollordning i kommune-styresalen i Herøy rådhus.

Det er utarbeida eit orienteringsskriv til nye arbeidsgjevarar. Dette inneheld informasjon om kva pliktar dei har som arbeidsgjevarar vedkomande skatt og avgift, m.m. Dette er blitt sendt til 45 nye arbeidsgjevarar i 2015. Alle arbeidsgjevarar som har vore i kontakt med skatteoppkrevjar, har motteke informasjon om levering av oppgåver, ansvar, m.m.

Stad: Fosnavåg

Dato: 20 januar 2016




Skatteoppkrevjar sin signatur

Vedlegg: Årsrekneskapen for 2015. Signert av skatteoppkrevjar.
Forklaring til årsrekneskapen



SKATTEOPPKREVJAREN I HERØY



ÅRSREKNESKAP 2015

		Valt år	Førre år
	Likvidar	100 698 983	86 880 944
	Skyldig skattekreditorane	- 10 286 472	- 3 168 346
	Skyldig andre	- 34 750	9 426
	Innestående margin	- 90 377 757	- 83 722 020
	Udisponert resultat	- 4	- 3
Sum		0	0
	Arbeidsgjevaravgift	- 371 614 446	- 363 424 745
	Kildeskatt	- 657 214	- 1 418 244
	Personlege skattytarar	- 838 143 689	- 770 162 078
	Upersonleg skattytarar	- 98 323 524	- 108 296 700
	Renter	- 288 928	750 427
	Innkrevjing	62 701	1 055 477
Sum		- 1 308 965 100	- 1 241 495 863
	Fordelt til Folketrygda – arbeidsgjevaravgift	371 614 445	363 424 742
	Fordelt til Folketrygda – medlemsavgift	233 228 526	207 707 017
	Fordelt til Fylkeskommunen	50 770 166	47 165 242
	Fordelt til kommunen	248 459 791	231 215 893
	Fordelt til Staten	404 765 523	391 951 685
	Krav som er ufordelt	1	3
	Overføring mellom kommunar	126 648	31 281
Sum		1 308 965 100	1 241 495 863
Sum		0	0

Fosnavåg 20.01.2016

Jan Driveklepp
-skatteoppkrevjar-

ei båt lengd bane



Forklaring til årsrekneskapen

Skatterekneskapen er avlagt etter kontantprinsippet. Skatterekneskapen syner skattar og avgifter m.m. som er innbetalt innan rekneskapsåret.

Innbetalte skattar og avgifter m.m. er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygda og staten (skattekreditorane), etter gjeldande fordelingstal.

Sumlinjene i årsrekneskapen

- **Likvidar**
Likvidar i skatterekneskapen består av bankbehaldning for skatt og eventuel kontantbehaldning.
- **Skuldig skattekreditorane**
Fordelingsoppgjeret til skattekreditorane for desember, står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkrevjaren skal utbetale fordelingsoppgjeret til skattekreditorane seinast 10.januar.

Dersom dette er eit positivt beløp, har skatteoppkrevjaren ein fordring på skattekreditorane. Skattekreditorane skal innbetale dette beløpet til skatteoppkrevjaren seinast 20.januar.
- **Skuldig andre**
Dette beløpet består av uidentifiserte og uplasserte innbetalningar som ikkje er fordelt til skattekreditorane.
- **Udisponert resultat**
Dette skal vere eit lite beløp som skuldast øreavrunding i skatterekneskapssystemet.
- **Innbetalte skattar og avgifter, renter, innkrevjing**
Dette beløpet er innbetalt arbeidsgjevaravgift, forskotstrekk fråtrekt marginavsetnad, forskotsskatt for personlege og upersonlege skattytarar, restskatt og overskytande forskot frå personlege og upersonlege skattytarar, kjeldeskatt, samt renter og gebyr.
- **Fordelt til skattekreditorane**
Dette er innbetalte skattar og avgifter, renter og gebyr som er fordelt til skattekreditorane.
- **Krav som er ufordelt**
Dette skal vere eit lite beløp som skuldast øreavrunding i skatterekneskapssystemet.

Fra: Stig Remøy [mailto:stig.remoy@olympic.no]
Sendt: 11. februar 2016 19:48
Til: postmottak
Emne: VS: Utøvelse av eierskap Herøy Kommune

Til Herøy Kommunestyre 11.2.2016

Som aksjonær i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS deltok Olympic v/Stig Remøy i januar 2016 på eiermøte i selskapet. Olympic ønsket å få en forklaring på hvilket mandat eiermøtet rent faktisk hadde uten at dette ble gitt. Videre ble det stilt spørsmål ved deler av agendaen idet Olympic oppfattet denne som en ny diskusjon knyttet til selskapets sponsorprinsipp. Det nevnes her at Olympic fikk kommunisert styrets vedtatte sponsorprinsipp - og forpliktet seg i samsvar med disse allerede i juni 2015. De nevnte spørsmål fra Stig Remøy resulterte i at ordføreren omtalte Stig Remøy på en svært kritikkverdig måte, for deretter å forlate møtet før det ble avsluttet. Fra Olympic sin side kan dette ikke oppfattes på annen måte enn at kommunen v / ordfører motarbeider Olympic i tilknytning til felles eierskap i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS.

Vi er kjent med at det foreligger sentrale anbefalinger om at den enkelte kommune bør utarbeide »Eiermelding» for kommunalt eierskap og at denne bør revideres årlig. Ut fra det vi har erfart følger svært mange kommuner den sentrale anbefalingen. I flere av disse fremgår det også en klar presisering av at kommunene ved innkalling til eiermøte, plikter å klargjøre at eiermøte ikke er et formelt beslutningsorgan men kun en møteplass for aksjonærene. Det skal dermed understrekes at selskapets beslutninger tilligger styret og generalforsamlingen. Vider har vi erfart at flere kommuner enten gjennom nevnte eiermelding eller i praksis sørger for å klargjøre hvem som skal representere kommunen i de aktuelle styrene. Videre klargjøres også representantens mandat gjennom behandling i kommunestyret.

Tatt i betraktning det ovennevnte, og at det ved flere anledninger har vært fokus på ordførerens representasjon i selskap der kommunen er aksjonær, finner Olympic det underlig at Herøy kommune tilsynelatende ikke har tilstrekkelige avklaringer vedrørende kommunens eierutøvelse. En presisering av eierutøvelsen vil etter vår oppfatning være svært viktig for at innbyggerne i Herøy generelt, og bidragsytere i private / kommunale samarbeidsprosjekt konkret kan ha tillit til at kommunens håndtering er forsvarlig og med den nødvendige likebehandling av bidragsytere.

Vi håper med dette at kommunen vil følge opp vår henvendelse, og etterkomme vår anmodning om avklaringer, herunder mandatet til kommunens representant. I denne sammenheng vises også til vårt brev av 16. juni 2015 - som fortsatt ikke er besvart.



Beste helsing / Best regards

Stig Remøy

CEO & President

Olympic Shipping AS

Box 234

6099 Fosnavaag – Norway

Direct phone: +47 700 81 202

Cellular phone: +47 91 61 91 24

Frontdesk: +47 70 08 12 00

<http://www.olympic.no>

Please consider the environment before printing this e-mail.

The data contained in, or attached to this e-mail, may contain confidential information. Please do not copy it for any purpose, or disclose its contents to others than to whom this e-mail is addressed

Fra: Olaus-Jon Kopperstad
Sendt: 12. februar 2016 10:35
Til: Stig Remøy (stig.remoy@olympic.no)
Kopi: Jan Driveklepp; Arnulf Goksøyr; Arkiv Herøy
Emne: VS: Utøvelse av eierskap Herøy Kommune

Hei,

Herøy kommune sine rutiner for kontroll av eigarskap og økonomisk engasjement vart vedtekne i K-sak 183/07, jfr vedlegg.

I F-sak 177/15 vart det vedteke at rutinene skal reviderast, jfr vedlegg.

Det er nedsett ei arbeidsgruppe med representantar frå Herøy, Ulstein, Vanylven og Ørsta som skal utarbeide eit framlegg til reviderte rutiner. Eg reknar med at dei reviderte rutinene skal vere på plass i løpet av 1. halvår 2016.

Helsing

OLAUS-JON KOPPERSTAD
 Konstituert rådmann

7008 1300/ 7008 1304

www.heroy.kommune.no

Fra: Stig Remøy [<mailto:stig.remoy@olympic.no>]
Sendt: 11. februar 2016 19:35
Til: Olaus-Jon Kopperstad
Kopi: postmottak@heroy.kommune
Emne: Utøvelse av eierskap Herøy Kommune

Til Herøy Kommunestyre 11.2.2016

Som aksjonær i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS deltok Olympic v/Stig Remøy i januar 2016 på eiermøte i selskapet. Olympic ønsket å få en forklaring på hvilket mandat eiermøtet rent faktisk hadde uten at dette ble gitt. Videre ble det stilt spørsmål ved deler av agendaen idet Olympic oppfattet denne som en ny diskusjon knyttet til selskapets sponsorprinsipp. Det nevnes her at Olympic fikk kommunisert styrets vedtatte sponsorprinsipp - og forpliktet seg i samsvar med disse allerede i juni 2015. De nevnte spørsmål fra Stig Remøy resulterte i at ordføreren omtalte Stig Remøy på en svært kritikkverdig måte, for deretter å forlate møtet før det ble avsluttet. Fra Olympic sin side kan dette ikke oppfattes på annen måte enn at kommunen v / ordfører motarbeider Olympic i tilknytning til felles eierskap i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS.

Vi er kjent med at det foreligger sentrale anbefalinger om at den enkelte kommune bør utarbeide »Eiermelding» for kommunalt eierskap og at denne bør revideres årlig. Ut fra det vi har erfart følger svært mange kommuner den sentrale anbefalingen. I flere av disse fremgår det også en klar presisering av at kommunene ved innkalling til eiermøte, plikter å klargjøre at eiermøte ikke er et formelt beslutningsorgan men kun en møteplass for aksjonærene. Det skal dermed understrekes at selskapets beslutninger tilligger styret og generalforsamlingen. Vider har vi erfart at flere kommuner enten gjennom nevnte eiermelding eller i praksis sørger for å klargjøre hvem som skal representere kommunen i de aktuelle styrene. Videre klargjøres også representantens mandat gjennom behandling i kommunestyret.

Tatt i betraktning det ovennevnte, og at det ved flere anledninger har vært fokus på ordførerens representasjon i selskap der kommunen er aksjonær, finner Olympic det underlig at Herøy kommune tilsynelatende ikke har tilstrekkelige avklaringer vedrørende kommunens eierutøvelse. En presisering av eierutøvelsen vil etter vår oppfatning være svært viktig for at innbyggerne i Herøy generelt, og bidragsytere i private / kommunale samarbeidsprosjekt konkret kan ha tillit til at kommunens håndtering er forsvarlig og med den nødvendige likebehandling av bidragsytere.

Vi håper med dette at kommunen vil følge opp vår henvendelse, og etterkomme vår anmodning om avklaringer, herunder mandatet til kommunens representant. I denne sammenheng vises også til vårt brev av 16. juni 2015 - som fortsatt ikke er besvart.



Beste helsing / Best regards

Stig Remøy
CEO & President

Olympic Shipping AS
Box 234
6099 Fosnavaag – Norway

Direct phone: +47 700 81 202
Cellular phone: +47 91 61 91 24
Frontdesk: +47 70 08 12 00

<http://www.olympic.no>

Please consider the environment before printing this e-mail.

The data contained in, or attached to this e-mail, may contain confidential information. Please do not copy it for any purpose, or disclose its contents to others than to whom this e-mail is addressed



Kontrollutvalet

Saksnr
2012/1851

Arkiv
037

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
DOK / LME

Dato
02.10.2015

F-SAK 177/15: SELSKAPSKONTROLL.

Vedlagt følger:

- F-sak 177/15.

Herøy formannskapet har gjort slikt vedtak i saka:

«Saka vert utsett.

Formannskapet ber kontrollutvalet kome med eit forslag til revisjon av retningslinene for selskapskontroll og rutiner for kontroll av eigarskap og økonomisk engasjement med særleg vekt på:

- Opplæring
- Innsynsrett
- Styreforsikring
- Val/mandat
- Vedtektsendring/kapitalendring»

Med helsing

Lisbeth Moltu Espeseth
e.f.

Kopi:
Rådmannen
Økonomiavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2012/1851
		Arkiv:	037

Utvalsaksnr Utval

Møtedato

SELSKAPSKONTROLL.

Tilråding:

Det vert gjort slike endringar i retningslinene for selskapskontroll og rutiner for kontroll av eigarskap og økonomisk engasjement:

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 29.09.2015

Saka vert utsett.

Formannskapet ber kontrollutvalet kome med eit forslag til revisjon av retningslinene for selskapskontroll og rutiner for kontroll av eigarskap og økonomisk engasjement med særleg vekt på:

- Opplæring
- Innsynsrett
- Styreforsikring
- Val/mandat
- Vedtektsendring/kapitalendring

Særutskrift:

- Kontrollutvalet
 - Økonomiavdelinga
-

Vedlegg:

- K-sak 219/12 med vedlegg.

Saksopplysninger:

I kommunestyremøtet 25.06.2015 vart det gjort slik protokollering:


«Til slutt i møtet vart eigarutøvinga drøfta. Ordførar Arnulf Goksøyr konkluderte med at sak om selskapskontroll og oppfølging av økonomisk engasjement bør reviderast. Ingen hadde merknader til dette.»

Vurdering og konklusjon:

Eg legg saka fram for drøfting.

Fosnavåg, 11.09.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Olaus-Jon
Kopperstad
Rådmann



HERØY KOMMUNE
Rådmannen

SAKS PROTOKOLL

Sakshandsamer:	RS	Arkivsaknr:	2007/1683
		Arkiv:	026

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
224/07	Formannskapet	13.11.2007
183/07	Kommunestyret	22.11.2007

SELSKAPSKONTROLL OG OPPFØLGING AV ØKONOMISK ENGASJEMENT.

Tilråding:

1. Kommunestyret syner til vedlagde rutiner for kontroll av eigarskap og økonomisk engasjement og vedtek å godkjenne rutinene.
2. Ordføraren får delegert fast fullmakt til å møte på vegne av Herøy kommune som eigarrepresentant på generalforsamlingar, representantskap og årsmøte m.v. der kommunen vert innkalla. Varaordføraren kan møte i ordføraren sin stad. Formannskapet får fullmakt til å oppnemne andre dersom ordføraren eller varaordføraren er forhindra til å møte.

Møtebehandling:

Det kom framlegg om slikt tillegg til rådmannen sitt framlegg:

- "3. Ordføraren kan oppnemne representantar i ordførar eller varaordførar sin stad dersom det ikkje er mogleg å leggje dette fram for formannskapet.
4. Punkt 2 og 3 gjeld i dei høve kommunestyret ikkje har oppnemnt faste eigarrepresentantar til generalforsamling, representantskap og årsmøte m.v.
5. Styremedlem i aksjeselskap bør ikkje møte som eigarrepresentant i generalforsamling."

Rådmannen sitt framlegg med tilleggframlegget ovanfor vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 13.11.2007

1. Kommunestyret syner til vedlagde rutiner for kontroll av eigarskap og økonomisk engasjement og vedtek å godkjenne rutinene.
2. Ordføraren får delegert fast fullmakt til å møte på vegne av Herøy kommune som eigarrepresentant på generalforsamlingar, representantskap og årsmøte m.v. der kommunen vert innkalla. Varaordføraren kan møte i ordføraren sin stad. Formannskapet får fullmakt til å oppnemne andre dersom ordføraren eller varaordføraren er forhindra til å møte.
3. Ordføraren kan oppnemne representantar i ordførar eller varaordførar sin stad dersom det ikkje er mogleg å leggje dette fram for formannskapet.
4. Punkt 2 og 3 gjeld i dei høve kommunestyret ikkje har oppnemnt faste eigarrepresentantar til generalforsamling, representantskap og årsmøte m.v.
5. Styremedlem i aksjeselskap bør ikkje møte som eigarrepresentant i generalforsamling

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 22.11.2007

1. Kommunestyret syner til vedlagde rutiner for kontroll av eigarskap og økonomisk engasjement og vedtek å godkjenne rutinene.
2. Ordføraren får delegert fast fullmakt til å møte på vegne av Herøy kommune som eigarrepresentant på generalforsamlingar, representantskap og årsmøte m.v. der kommunen vert innkalla. Varaordføraren kan møte i ordføraren sin stad. Formannskapet får fullmakt til å oppnemne andre dersom ordføraren eller varaordføraren er forhindra til å møte.
3. Ordføraren kan oppnemne representantar i ordførar eller varaordførar sin stad dersom det ikkje er mogleg å leggje dette fram for formannskapet.
4. Punkt 2 og 3 gjeld i dei høve kommunestyret ikkje har oppnemnt faste eigarrepresentantar til generalforsamling, representantskap og årsmøte m.v.
5. Styremedlem i aksjeselskap bør ikkje møte som eigarrepresentant i generalforsamling

Særutskrift:

Økonomileiar for oppfølging
Rådmann
Ass. rådmann
Ordførar
Kontrollutvalet

RUTINAR FOR KONTROLL AV EIGARSKAP OG ØKONOMISKE ENGASJEMENT

1. Etablering av og engasjement i nye selskap som er omfatta av kontrollen Føresetnaden for at kommunen engasjerer seg som eigar i eit selskap skal gå fram av etableringsvedtaket.

1.1. Strategi for kva ein vil oppnå med eigarskape/engasjementet Det skal gå klart fram kva formålet for oppretting av selskapet er og om formålet kan oppfyllest innanfor eksisterande organisasjonsstruktur.

1.2. Val av selskapsform

Ved val av selskapsform må det vurderast om kva selskapsform som er best egna til å oppnå dei målsøjingane ein vil oppnå med eigarskapet. Kva ansvar/risiko tek kommunen ved val av nemnte selskapsform, og om valet av denne selskapsforma gir tilstrekkeleg innsynsrett og representasjon i styrande organ for kommunen. Kva politiske vedtak ligg til grunn for oppretting og drift av selskapet.

1.3. Finansiering / eigenkapital til oppretting av selskapet

Kommunen skal budsjettere med midlar til eigenkapital / tilskot til opprettinga. Om behov skal det også budsjetterast med ytingarane tilskot til økonomiplanperioden. Kostnads- og ansvarfordeling mellom eigarane skal delmerast.

1.4. Kommunen si oppfølging / kontroll med selskapet

I IKS og i helleigde kommunale aksjeselskap har kommunen sitt kontrollutval og revisor rett til innsyn i selskapet, jf. koml. § 80.

Ved oppretting av andre selskapsformer skal kommunestyret vurdere om kommunen skal krevje rett til innsyn i selskapet, jf. koml. § 77. Slik innsynsrett skal normalt krevjast.

Ret til innsyn må takast inn i selskapsavtalen eller i vedtektene.

1.5. Kommunen si oppfølging / kontroll ved garantiar og tilskot.

Ved tilsegn om kommunale garantiar, næringsstøtte og andre tilskot skal kommunestyret vurdere om det skal krevjast rett til innsyn i selskapet / organisasjonen, jf. koml. § 77. Slik innsynsrett skal normalt krevjast.

2. Endringar av kommunen sin eigarandel i selskap og endringar av vedtekter

Når det skjer endringar i vedtekter eller i eigarstruktur i eit selskap der vi er inne som eigarar, skal kommunen spesielt vurdere dei forholda som går fram av punkta under:

2.1. Strategi for vidare eigarskap

Det skal vurderast om selskapet framleis oppfyller formålet som ligg til grunn for eigarskape/engasjementet.

2.2. Økonomisk utvikling

Er innskoten kapital i berol? Er dei naudsynl med utviding av eigenkapitalen og eventuelt innskot av ny eigenkapital?

Er drifta økonomisk forsvarleg, og i samsvar med regelverket?

Representerer dagens drift ein økonomisk risiko for eigarane?

Gjev den økonomiske analysen etter analysemodellen grunn til særskilt oppfølging, og er tendens i utviklinga positiv / negativ?

Er tidlegare merknader vedkomande drifta følgd opp?

2.3. Kommunen sin representasjon i selskapsorgan

Er kommunen representert i forhold til eiga del eller selskapsavtale? Har kommunen vore representert på generalforsamling og i andre styrande organ?

2.4. Generalforsamling og representantskap

Gjev årsrekneskap, årsmelding eller andre saker på generalforsamlinga/representantskapet grunnlag for å skille ut eller gjere endringar i styret?

Er forslag til vedtektsendringar i samsvar med lov og kommunen sine politiske vedtak?

Vart det gitt tilbakemelding til kommunesyre frå generalforsamlinga?

2.5. Kommunen sin kontroll av eigarskap og økonomiske engasjement

Er kommunen sikra rett til innsyn i selskapet i medhald av koml. § 77? Er dei ønskeleg med eit utvida rett til innsyn?

Er dei kravd og gjennomført innsyn i selskapet, og er eventuelle avvik i rapportar følgd opp?

Gjev utført eigarskapskontroll grunn til å vurdere kommunen sitt eigarskap i selskapet?

3. Administrativ oppfølging av selskapa sin økonomi

Kommunen skal til ei kvar tid ha oversikt over dei selskap som kommunen er engasjert i, kven som til ei kvar tid representerer kommunen i selskapet og kva formålet med engasjementet er. Det skal gjennomførast ein årlig administrativ kontroll i kommunen opp mot desse selskapa. Utgangspunkt for kontrollen er å følgje opp økonomien i og formålet med engasjementet.

OVERSEENDINGSBREV TIL RÅDMANNSGRUPPA

a) Bakgrunn

Det vert vist til kommunestyresaker om selskapskontroll handsama i alle 7 kommunane på Sørre Sunnmøre der det vert gjort følgjande vedtak:

1. *Kommunestyret vedtok plan for selskapskontroll i samsvar med utgreiinga og kontrollhandlet sitt forslag til retningslinjer for selskapskontroll.*
2. *Kommunestyret ber formannskapet/rådmannen å utarbeide rutinar for kommunen sin kontroll med førvallinga av kommunen si interesse i selskap. Saka skal leggast fram for kommunestyret innan 30.06.2006.*

Alle kommunane i regionen gjorde tilsvarende vedtak eller at kontrollrutine hadde fremja sak om selskapskontroll i alle desse sju kommunane.

Fremlegget til rutinar for eigarskapskontroll er utarbeidd av økonomisjefene i kommunane Ulsåen, Herøy og Vanylven. Sekretæren for Sørre Sunnmøre kontrollutvalsssekretariat har og delatt i arbeidet med å utarbeide rutinane.

b) Eigarskapskontroll

Tradsisjonell har dei politiske rollene til folkevalde vore:

- ombodsråla
- myndetlevninsråla
- samfunnsutviklingsråla

I tillegg kjem det to roller som ofte vert utelatte, når folkevalderoller er tena. Desse to er eigarrolla og arbeidsstyrerrolla. I denne saka vert eigarrolla vurdert nærtare.

Kommunestyret som kollegialt organ har ei eigarrolle med omsyn til kommunen sine selskap og selskap der kommunen er delteigar. Aktivt eigarskap betyr at dei folkevalde brukar moglegheita til aktivt å utøve eigarskap. For å kunne utøve eigarskap er det naudsynt med ei tverrpolitisk forståing for kvifor kommunen eig selskapet, kvifor kommunen har aksjar i selskapet eller kvifor kommunen deltar i eit interkommunalt selskap.

Ein strategisk eigar deltar aktivt i representantskap og generalforsamling i dei aktuelle selskapa. Vedkomande som representantar eigeren, trøyser i samsvar med det som folkevalde organ på førebod har vorte samde om. Delaktarane i representantskap og generalforsamling representantar kommunen som eigar og sjette seg sjølv eller som representant for eige part. Ståden eigerepresentantar i generalforsamling og representantskap skal formidle kommunestyret sitt høilal i dei enkelte sak, vil også utføraen midte undersøke fulmakene sine og kommunestyret sine førtugar der vedkomande møter på vegne av kommunen i desse organa.

Det viktigaste motivet ein kommune har ved å etablere eller engasjere seg i ei sjølvstendig selskap, må vere at selskapet gir ei ekstra bidrag til kommunen sin samla inntektsproduksjon. Så lenge selskapet er med på å realisere kommunen sine målsetjingar, er eigarskapet nyttig og interessant. Deresom selskapet ikkje lenger er naudsynt for å nå kommunale mål, eller kanskje til og med er ein trussel mot kommunal måloppnåing, må engasjementet i selskapet vurderast på nytt.

Mange kommunale selskap er oppretta for å tilby tenester til innbyggjarane i kommunen. I slike selskap vil det vere spesielt krevjande å utøve eigarrolla, då dei folkevalde både skal representant brukarane og dei som er kundar i selskapet.

Ein kommunestyrerepresentant har ulike roller og dei kan til tider vere vanskelde å skilje dei. Fleire kommunar har innført reglar eller vurdert å innføre reglar der kommunestyre- eller formannskapet/leimene ikkje skal ha styrerett i selskap der kommunen har eigarinteressert. Slike reglar blir ikkje foreslått her.

c) Livsruddpunkt i rutinane

Det punkt som vert mest vekslagt i rutinane, er at dei løpande vert vurdert om selskap som kommunen har eigarinteressert i, vert drøyne i samsvar med formålet som ligg bak kommunen sitt engasjement i selskapa. Når kommunen går inn på eigarsida i ei selskap, må formålet med engasjementet klargjerast, slik at kommunen i ettertid kan vurdere om selskapet driv i samsvar med kommunen sin intensjon om å vere med.

Det vert vidare påpekt at representantane som møter på vegne av kommunen i generalforsamling og representantskap ikkje representantar seg sjølv eller partiet sitt. Ein lærnest at desse representantane vert kva høilal i kommunestyret meier når dei møter i desse eigarrolla og uttaler seg og trøyser på vegne av kommunen. Det vert og vurdert kva kriterier som skal ligge til grunn når kommunen utpekar representantar til styrande organ i dei selskapa dei er engasjerte i. Vidare vert det slått fast at kommunen har eit ansvar for å lære opp og løpande følge opp desse representantane.

Det vert og slåssert ein modell som skal brukast til å følge opp økonomien i dei selskapa som kommunen er økonomisk engasjert i. Denne modellen ligg som vedlegg. Saman med rutineetle har kvar kommune også utarbeidd ei oversikt over dei selskap som vert omfatta av kontroll / oppfølging.

Ulsåen 07.06.07

Kari Melte Sandgot	Jan Drivdepp	Halvard Takset
Ulsåen kommune	Herøy kommune	Vanylven kommune
(sign.)	(sign.)	(sign.)

3.1. Økonomisk oppfølgingsmodell

Det er utarbeidd eigen analysemodell for kartlegging av økonomiske nøkkeltal, jf. vedlegg. Grunnlaget for analysen er den økonomiske situasjonen til selskapet basert på siste års årsmelding. Dersom det gjennom analysen kjem fram unormale avvik, kan det vere naturleg å ta kontakt med selskapet for nærare avklaring av situasjonen. Resultat av den administrative kontrollen vil vere grunnlaget for vidare rapportering i kommunen.

Som ein føresetnad for å få til denne analysen må kommunane hente inn informasjon som:

- Årsrekneskap med revisjonsmelding
- Årsmelding frå styret.

3.2. Rapportering frå administrasjon

Det kan skiljast mellom generell rapportering og enkeltrapportering. Alle rapportar skal som utgangspunkt til kommunestyret. Det er kommunestyret som vil gi vidare fullmakt til kontrollutvalet for ytterlegare oppfølging.

3.2.1. Generell rapportering

Generell rapportering skal som hovudregel leggjast fram for kommunestyret kvart år. Den administrative kontrollen med økonomiske nøkkeltal og kommentarar skal vere grunnlaget i rapporten. Dette er ein generell rapport som viser status. Kommunestyret kan med bakgrunn i rapporten be administrasjonen eller kontrollutvalet utføre vidare kontrollar.

3.2.2 Enkeltrapportering

Dersom det vert avdekt avvik som sitir mot føresehaden for engasjementet, skal det takast kontakt med selskapet for nærare avklaring. Ved manglande avklaring skal eigen rapport leggjast fram for kommunestyret slik at dei kan ta stilling til vidare handlingar.

4. Representasjon i styre og generalforsamling/representantskap

Utnevnning av representantar skjer gjennom politiske vedtak. Ved slik utnemning bør mellom anna følgjande moment vurderast:

- er det eit kommersielt selskap eller eit selskap med eit ideelt eller politisk formål
- bør kommunen nylte iagfolk, eit mindra utval politikkarar eller ei meir generell fordeling av verv
- inhabilitet
- skal ordførar gjennomgåande vere kommunen sin representant på generalforsamling/representantskap

- generell gjennomgåande representasjon, og/eller gjennomgåande representasjon i ulike seikapsypar
 - skal kommunen vere representert med same representant både i generalforsamling og i styre
5. Oppfølging, oppfølging og løpande dialog med representantane
- 5.1 Oppfølging
- Representantar i styre, representantskap og generalforsamlingar, skal som hovudregel få tilbod om opplæring i starten av *ny kommunestyreperiode*. I opplæringa skal ein spesielt legge vekt på:
- informere om rettar og plikter representanten tek på seg ved å la seg velje til vervet
 - la representanten få innsikt i kva ansvar han/hø kan pådra seg
 - orientere om kven ein skal vere lojal overfor som vald representant. I dette ligg å skilje mellom verv der ein skal representere kommunen som eigar og verv der ein har ansvar overfor generalforsamlinga/representantskapet og selskapet
 - informere om korleis eit selskap er organisert, forskjellen mellom generalforsamling og styre
 - få generell opplæring i styreatleid

Denne opplæringa kan med fordel gjennomførast felles for fleire kommunar.

5.2. Oppfølging og løpande dialog

Representantane skal som hovudregel få utlevert offentleg dokumentasjon som kommunen har om

- formålet med kommunen sitt engasjement i selskapet
- eventuelle strategiar for eigarskapet
- vedtak i kommunen om forhold som gjeld selskapet
- økonomiske vurderingar som administrasjonen har gjort mot selskapet
- anna relevant informasjon som kan vere viktig for representanten for å kunne utøve vervet

Del valde representantane skal gjerast kjende med at dei kan nylte den kommunale administrasjonen som støttespelar i utøvinga av vervet dei er valde til å ivareta.

Representantane som møter på representantskap og generalforsamling skal representere kommunen og dei vedtak som kommunen har gjort enten dette gjeld:

- eit konkret politisk vedtak som gjeld ei spesielt sak som skal til behandling i selskapet
- generelle føringer som gjeld selskapet eller som framgår av grunngevinga for at kommunen oppretta eller engasjerte seg i selskapet
- generelle retningslinjer i kommunen sin eigarskapspolitikk

Representantane må på eige sjølvstendig initiativ løpande vurdere om

- saker som skal handsamast skal leggjast fram for administrasjonen eller politiske utval på førehånd
- offentlege opplysningar som dei blir kjende med ved utøving av vervet, skal tilbakerapporterast eller vurderast av kommunen
- ein ynskjer å ha med seg representantar frå administrasjonen til generalforsamling/representantskap

Vedlegg:

Oversikt over selskap som er omfatta av kontroll / innsyn

1. Analysemodell for utreking av nøkkeltal frå rekneskapen
2. Kommuneleova §§ 77 og 80, samt forskrift om kontrollutval §§ 13 – 15

16.10.07

281

Vedlegg 1. Selskap som gir grunnlag for kontroll / oppfølging Herøy kommune har økonomiske interesser i følgende selskap som gir grunnlag for kontroll / oppfølging:

I) Herøy kommune er med i følgende interkommunale selskap (IKS) og helleigde/feilesegigde aksjeselskap med andre kommunar (selskapskontroll eller koml. §80):

- Dragsundbygg IKS
- Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS
- Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS
- Dragsund Asvo as

II) Vidare har kommunen eigarinteresser i følgende selskap (grunnlag for eventuelt innsyn er koml. §77):

- Dragsund Asvo as
- Leikanger Vassverk AL
- Moltustranda Vassverk AL
- Stemmedalen Vassverk AL
- Bergsøy Vasslag
- AS Eiksundbrua
- Leikanger Grendahus PL
- Moltustranda Grendahus
- Alesund og Giske Brusekskap
- Sunnmørshallen as
- Nordøyvegen as
- Hareid Fastlandssamband as
- Sande Fastlandssamband as
- Murtunet as
- Herøy Varmtvarssasseng as
- Andel Stiftinga Maritime Nordvest
- Stiftinga Herøy Næringsforum
- Andel sameietet Holmsild Brygge
- Tusse Kraft as
- Volda Industri as
- Knivsvegen as
- Sunnmøre Veginvest as
- Runde Miljøbygg as
- Kystvegutvikling AS
- Søre Sunnmøre kontrollutvalssekretariat

III) Følgjande organisasjonar og selskap har kommunen gitt økonomiske garantiar for:

- Herøy varmtvarssasseng
- Dragsundbygg IKS

Fra: May-Ann Bruun [mailto:May-Ann.Bruun@ks.no]
Sendt: 3. mars 2016 16:26
Til: May-Ann Bruun
Emne: Protokoll frå Fylkesmøte i KS Møre og Romsdal

Til
Kommunane i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune

v/ utsending og varautsending til Fylkesmøte i KS Møre og Romsdal

Protokoll frå Fylkesmøte i KS Møre og Romsdal torsdag 3. mars 2016 er vedlagt eposten.

Med venleg helsing
May-Ann Bruun
Rådgjevar KS Møre og Romsdal
Adviser

Epost Email: may-ann.bruun@ks.no
Telefon Phone: (+47) 24 13 26 00
Mobil Cellular: (+47) 907 39 870
<http://www.ks.no>



KOMMUNESEKTORENS ORGANISASJON
The Norwegian Association of Local and Regional Authorities





PROTOKOLL

FYLKESMØTE I KS MØRE OG ROMSDAL

Dato: 03.03.2016 kl. 13:00 – 14:00

Sted: Quality Hotel Alexandra, Molde

Til stades:

42 utsendingar frå kommunane

7 utsendingar frå Møre og Romsdal fylkeskommune

Frå administrasjonen:

Gunnar Bendixen

May-Ann Bruun

Turid Haugen

SAKLISTE Fylkesmøte i KS Møre og Romsdal 03.03.2016 kl. 13:00 – 14:00**Side****Saksfremlegg**

<u>16/1</u>	15/00053-2	Årsmelding 2015 for KS Møre og Romsdal	3
<u>16/2</u>	14/01488-15	Retning for fylkesstyret sitt arbeid i 2016	3
<u>16/3</u>	13/01568-2	Uttalar i Fylkesmøte 3. mars 2016	3
<u>16/4</u>	16/00248-3	Tariff 2016 - Uttale til debattheftet frå KS Møre og Romsdal	4

Orienteringssaker

<u>16/1</u>	10/01078-26	Oppreisingsordning for tidlegare barnevernsbarn	4
<u>16/2</u>	15/01841-20	Forslag til nytt inntektssystem i kommunane	4

Innkalling og sakliste er godkjent.

Saksfremlegg

16/1 Årsmelding 2015 for KS Møre og Romsdal

Vedtak

Fylkesmøtet godkjenner framlagte årsmelding for KS Møre og Romsdal for 2015.

Samrøystes vedteke.

[Lagre]

16/2 Retning for fylkesstyrets arbeid i 2016

Vedtak

Fylkesmøte tek plana til Hovudstyret til orientering og ber Fylkesstyret følgje opp etter dei retningsframstillingane som er gitt i saka.

Samrøystes vedteke.

[Lagre]

16/3 Uttalar i Fylkesmøte 3. mars 2016

Vedtak

KS Møre og Romsdal gjorde følgjande vedtak om uttalar i Fylkesmøtet den 3. mars 2016:

Finansiering einslege mindreårige flyktningar

Einslege mindreårige flyktningar har opplevd flukt og dei har hatt det utrygt i liva sine. Dei treng difor stabilitet i omsorgssituasjonen.

- Dei einslege mindreårige vi buset har eit stort behov for hjelp og støtte. Det tyder at det økonomiske gapet vert svært krevjande å handsame for kommunane

Fleire kommunar vegrar seg for å ta imot borna pga. økonomi. Regjeringa må difor sikre at staten dekker utgifter til kommunane til busetting av einslege mindreårige flyktningar. Kommunane ventar seg føreseielege økonomiske rammevilkår.

Staten dekker rundt 90 % av utgifter kommunar har til denne gruppa. KS Møre og Romsdal krev at staten dekker kostnadane fullt ut.

Omstilling i arbeidslivet

KS Møre og Romsdal meiner at tida er inne for rask iverksetjing av tiltak i ei krevjande tid for delar av næringslivet på Vestlandet. Petroleumsorientert og maritim sektor vil framleis vere dominerande i framtida i denne regionen. Det er viktig å gjere tiltak på kort og lang sikt for å halda oppe og utvikle kompetansen knytt til desse næringane.

- Større fleksibilitet i permitteringsreglementet i ein overgangsperiode på t.d. 2 år, mellom anna for å opne for kompetansehevande tiltak i permitteringstida
- Forsering av «det grønne skiftet» gjennom t.d. fornying av fergeflåten
- Statlege tingingar med auka rammer til samferdselstiltak og offentlege bygg må kome raskt
- Gjennom NTP bør det satsast på infrastruktur som gjer det mogleg å knytte saman bu- og arbeidsmarkedsregionar, under dette forsere framdrifta i fjordkryssingsprosjekta langs E39
- Auka satsing på forskning og innovasjon

Samrøystes vedteke.

[Lagre]

16/4 Tariff 2016 - Uttale til debattheftet frå KS Møre og Romsdal

Vedtak

Fylkesmøtet i KS Møre og Romsdal vedtek oppsummering av uttalar til Debattheftet 2016 frå kommunane i Møre og Romsdal.

Samrøystes vedteke.

[Lagre]

Orienteringssaker

16/1 Oppreisingsordning for tidlegare barnevernsbarn

Vedtak

Fylkesmøtet tek saka til orientering.

[Lagre]

16/2 Forslag til nytt inntektssystem i kommunane

Vedtak

Fylkesmøtet tek saka til orientering.

[Lagre]